

Årsrapport 2023

Volda Kommune

Kommunedirektøren si innleiing

Volda kommune har folketalsvekst og er inne i ei god utvikling. Administrasjonen og politikarane samarbeider om dei langsiktige linene som er trekt opp i Samfunnsdelen i kommuneplanen. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har sagt at det er ein føresetnad for god utvikling i ei kommune at ein driv planmessig utviklingsarbeid gjennom kommuneplanen. Målsettingane i kommuneplanen vert følgt opp i budsjett- og økonomiplan og verksemdstyring i årshjulet. I fjor vart Volda kommune saman med Moss og Sandefjord kåra blant dei tre beste på verksemdstyring i landet.

God verksemdstyring gjenspeglar at vi har gode rutinar for økonomistyring. Rekneskapen vart gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på 2,9 %. Dette gjer at vi kan styrke disposisjonsfondet med 17,5 mill meir enn budsjettet til 143,6 mill. Det er viktig å ha buffer for å forrente høg lånegjeld og møte aukande behov i dei lovfesta tenestene. Mindreforbruket i sektorane var på 6 mill.

Det er fokus på endring i arbeidsprosessane for å omstille oss på dei utfordringane vi møter med fleire eldre i forhold til yrkesaktive, og fleire som vil ha behov for tenester. Arbeidet med heltidskultur er høgt prioritert med målsetting om effekt i kvalitet på tenestene, arbeidsmiljø og økonomi. Vi er nødt til å auke heiltidsdelen, redusere vikarbruk og overtid for å kunne ha nok tilgjengeleg arbeidskraft i turnestenesene. Utvikling av leiarane og kulturen i organisasjonen vår har stått på agendaen i fjor også. Eit ledd i dette er å revidere leiarprinsippa i tråd med dei utfordringane vi skal løyse framover. Vi greier stort sett å skaffe oss den kompetansen vi treng, men vi opplever no at det har vorte vanskelegare å rekruttere innanfor helse- og omsorg, men også til barnehagane og grunnskulen når det oppstår behov gjennom året. Rekrutteringsutfordringane er noko av årsaka til mindreforbruk i sektorane, slik at det på enkelte tenestemråde vert noko lågare produksjon enn planlagt. Det er positivt at sjukefråværet har gått ned frå 11,4 % i 2022 til 9 % i 2023. Det er nedgang i langtidsfråvær som gjer utslaget.

Volda kommune har busett opp mot 190 flyktningar dei to siste åra. Derav 140 flyktningar i fjor. Det er på nivå med det vi vart spurt om å busetje. Dette er i all hovudsak ukrainarar som har måtta flykta på grunn av krigen i landet. Det har vore ei stor mobilisering i organisasjonen vår for å busetje og rigge tenester til alle flyktningane. Dette er krevjande, og eg er imponert over den innsatsen som vert gjort frå læringssenteret, Nav-kontoret og alle sektorane som yter tenestene til flyktningane. Ei viktig utfordring som det også vart jobba mykje med i fjor er å få mange av flyktningane ut i jobb.

Generelt sett aukar presset på tenestene med dei sosioøkonomiske endringane og endringane i demografien. I helse- og omsorgstenestene merkast også effekten av samhandlingsreforma der omløpshastigheita i sjukehusa aukar, og pasientane kjem raskare ut i kommunane og med større hjelpebehov. Volda kommune har dreia ressursar inn mot førebygging. Dette gjeld både tenesteprofilen i helse- og omsorg og utbygging av velferdsteknologi og tilbod for barn og unge.

Staten forventar at kommunane medverkar til å nå landet sine målsettingar knytt til klima og miljø. Volda kommune er vertskap for regional prosjektleiar knytt til fylkessatsinga Møre og Romsdal 2025 som er retta inn mot ei satsing på klima og miljø. Fokusområda er mobilitet og verknad dette har for folkehelse i ulike aldrar, lokalmat, fattigdom og jordvern.

Dei siste store investeringsprosjekta til Volda kommune har teke form i løpet av fjoråret. Volda ungdomsskule vart ferdigstilt og teke i bruk i fjor haust. Bygging av svømmeanlegget pågjeikk heile fjoråret og pågår enda. Ombygginga av Volda samfunnshus har starta opp. Volda Utvikling AS selde selskapet Aasen Eigedom 1 til Sisa AS som skal utvikle næringsbygg for meir lokale til Høgskulen i Volda, Norsk innovasjonssenter og andre bedrifter. Volda kommune er involvert i innovasjonssenteret og er

sterk pådrivar for at dette prosjektet lykkast. Godkjenning av reguleringsplanen for Voldatunellen var ein milepel. Grunnlaget er lagt for at prosjektet kan gjevast prioritet i Nasjonal transportplan.


Volda kommune vert opplevd som attraktiv. Folk vil busetje seg og investere i Volda. Det er store private satsingar både på Grodås og på næringsområda på Rotset og Furene. Ei av dei større utfordringane no er at vi ikkje har meir ledig næringsreal, og at vi bør prioritere planprosessar for å tilretteleggje for nye areal.

Vi er heldige som har ein samarbeidskultur og ein tillitskapital i relasjon mellom politikarane, administrasjonen og tillitsvalte. Dette er avgjerande viktig for å forstå kvarandre og ha positiv utvikling. Denne samarbeidskulturen gjer det også lettare å få til gode samarbeid med andre partar i samfunnet. Samla sett resulterte 2023 til god utvikling i kommunen som organisasjon og samfunn.

Rune Sjurgard

kommunedirektør

Organisasjonskart



Visjon

Der teknologi og tradisjon møtest.

Visjonen uttrykkjer nytenking bygt på eigen identitet. Ein skal følgje utviklinga og utnytte potencialet i lokale fortrinn. Volda sjukehus, Høgskulen i Volda, Brunvoll sitt høgteknologiske miljø i den maritime klynga, høgteknologisk produksjon av børsekolbar og møbelindustri/Ekornes på Grodås og kompetansebedriftene i kommunen, kraftindustrien er døme på lokale fortrinn for å utløyse auka verdiskaping.

For å stimulere til skaparkraft og kreativitet skal kommunen vere ein god tilretteleggjar både som samfunnsaktør og arbeidsgjevar. Kommunen skal ha få mål som avspeglar utfordringane og behova. Prioriteringane bør vere spissa innanfor kommunen sin kapasitet for å gjennomføre tiltaka. Det er viktig å vakte seg mot at planlegging, rapportering og dokumentasjon går utover motivasjonen for nyskaping og handlekraft.

Volda kommune sine grunnleggande verdiar er **RAUS, MODIG, KOMPETENT** og **LÆRANDE**.

Våre felles verdiar skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vårt arbeid.
Våre felles verdiar skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta avgjerder i kvardagen.

Verdiane våre er også eit framtidsbilde på korleis vi ønskjer å vere. Noko å strekke seg etter.

RAUS

I Volda kommune skal vi vere rausa mot kvarandre.

Å vere raus betyr å gje av seg sjølv og ville kvarandre vel. Det handlar om å spele kvarandre gode. Rause menneske er inkluderande i si åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljø. Rause menneske leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer dei eller oppdagar dei feil, ser dei på det som ei moglegheit til å lære. Eit fellesskap prega av rausheit er godt å vere i, og det kjem brukarane til gode.

MODIG

I Volda kommune skal vi vere modige.

Å vere modig betyr å utfordre seg sjølv og gå utafor komfortsona si. Det betyr å tørre å seie frå når ein ikkje meistarar eller ikkje forstår. Det handlar om å ha relasjonelt mot, å tørre å møte andre med eit ope sinn og sleppe andre inn. Det handlar om å vere dyktig på å gje positive tilbakemeldingar og å ta opp det som er vanskeleg – til leiarar, kollegaer og brukarar. Menneske med mot tør å utfordre det etablerte og møter det ukjente på ein trygg og open måte. Dei tør å spørje kvifor og korleis, og tør å satse sjølv om dei ikkje alltid kjenner framtida.

KOMPETENT

I Volda kommune skal vi vere kompetente.

Å vere kompetent betyr å ha kunnskap, men og å vite at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei som motteke tenesta. Kompetente menneske har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Kompetente menneske har personlege eigenskapar som gjer at dei står fram med truverd og naturleg autoritet. Kompetente menneske synleggjer det dei trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane deira.

LÆRANDE

Volda kommune skal vere ein lærande organisasjon.

Ein lærande organisasjon er opptatt av kontinuerleg forbetring, der læring skjer i kvardagen. I ein lærande organisasjon kjem kvalitet i tenesta der det er eit samspel mellom alle involverte partar. I ein lærande organisasjon blir ein oppmuntra til nytenking og ein applauderar dei som får til ting i lag. Ein

lærande organisasjon har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon, og ny lærdom fører til endring av åtferd og praksis.

Personal og organisasjon

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Administrasjonsstab	10,15	0	0	10,15
Oppvekst	381,88	5,79	0	387,67
Samfunnsutvikling	100,85	0	0	100,85
Helse og Omsorg	315,14	0	0	315,14
Personal	21,05	0	0	21,05
Økonomi	5,50	0	0	5,50
Total	834,57	5,79	0	840,36

Årsverk (tekst)

Volda kommune har 840,4 årsverk i 2023. Oppvekst er den største sektoren med 388 årsverk, og er større enn helse og omsorg med 315 årsverk. Volda kommune har dei siste åra jobba for å dreie ressursbruken ut frå vekst i tenestebehov, frå oppvekst til helse og omsorg. Dei aller fleste stillingane i oppvekstsektoren er styrt av bemanningsnorm, som sei noko om kor mange tilsette som skal vere i skule og barnehage.

Avdelingsleiarane i helse og omsorg har kvar haust, i samarbeid med økonomiavdelinga, ein grundig gjennomgang av ressursbehovet i tenesta. Det er viktig å sikre rett kompetanse og rett bemanning. Det har dei siste åra vore store utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til sektoren, og fleire mindre helgestillingar har vore vakante over lengre tid.

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
852	284	12	-	463	137

Med grunnlag i likestillings- og diskrimineringslova § 1 har arbeidsgjevar ei plikt til å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å skape meir likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen.

Arbeidsreglementet sei at alle tilsette i Volda kommune pliktar å følgje *vanlege normer for høfleg, korrekt og imøtekommande veremåte*.

I dokumentet "Forventning til leiarar i Volda kommune" er det skildra ønska veremåte i Volda kommune

Permisjonsreglementet og lønspolitikken vår sikrar at tilsette som har vore i foreldrepermisjon eller i permisjon etter arbeidsmiljølova §12-5 har rett til å vende tilbake til same stilling, vere med på forbetring av arbeidsvilkår, og får fremja lønsskrav på lik line som øvrige tilsette i same gruppe.

Årsmelding 2023

Tilsettingsrutinane våre skal sikre at vi ikkje diskriminerar ved utlysing av stilling, ved tilsetjing, omplassering eller forfremming, ved opplæring og kompetanseutvikling, i løns- og arbeidsvilkår og ved opphøyr av arbeidsforhold

Lønspolitikken vår, saman med Hovudtariffavtalen, skal sikre lik løn for likt arbeid.

Heiltidserklæringa skal vere med å redusere ufrivillig deltid.

Likestilling - Del 2

	Antall ansatte		Årsverk		Kjønnsfordeling i %		Gj.snitt årslønn		Kvinner si gjennomsnittlige løn i prosent av menn si løn	Gj.snitt stillingsprosent		Gj.snitt ansiennitet	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
KS stillingsgruppe													
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.1	2	4	-	-	33,3 %	66,7 %	-	-	-	-	-	-	-
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.2	23	10	22	10	69,7 %	30,3 %	736 478	832 464	88,5 %	100,0 %	90,9 %	30	26
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.3	29	12	26	11	70,7 %	29,3 %	641 820	638 346	100,5 %	91,2 %	92,3 %	27	24
Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder	15	4	14	-	78,9 %	21,1 %	578 647	-	-	94,0 %	-	25	-
Kap 4 - Stillingar uten særskilt krav til utdanning	153	45	84	22	77,3 %	22,7 %	400 998	408 487	98,2 %	56,7 %	57,1 %	19	15
Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	110	67	76	21	62,1 %	37,9 %	466 795	463 820	100,6 %	67,7 %	28,6 %	29	24
Kap 4 - Stillingar med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	1	0	-	0	100,0 %	0,0 %	-	0	-	-	0,0 %	-	0
Kap 4 - Lærer og Stillingar med krav om 3-årig U/H-utdanning	267	52	201	35	83,7 %	16,3 %	528 600	532 820	99,2 %	76,1 %	70,4 %	17	17
Kap 4 - Adjunkt og Stillingar med krav om 4-årig U/H-utdanning	65	9	54	7	87,8 %	12,2 %	570 512	549 100	103,9 %	82,9 %	95,0 %	21	18
Kap 4 - Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillingar med krav om 5-årig U/H-utdanning	74	26	64	24	74,0 %	26,0 %	597 916	597 822	100,0 %	87,6 %	91,2 %	18	18
Kap 4 - Lektor og Stillingar med krav om mastergrad	2	2	-	-	50,0 %	50,0 %	-	-	-	-	-	-	-
Kap 4 - Lektor med tilleggsutdanning	11	6	10	5	64,7 %	35,3 %	648 118	661 433	98,0 %	93,6 %	90,0 %	17	17
Kap 5	20	16	13	11	55,6 %	44,4 %	693 868	766 876	90,5 %	65,7 %	71,1 %	25	15
Kap 5 - Stillingskoder for ledere	0	2	0	-	0,0 %	100,0 %	0	-	-	0,0 %	-	0	-
Andre stillinger	5	4	-	-	55,6 %	44,4 %	-	-	-	-	-	-	-

Årsmelding 2023

Andre stillinger - Utdanningsstillinger	7	4	6	-	63,6 %	36,4 %	379 8 43	-	-	100,0 %	-	0	-
Total	784	263	576	161	74,9 %	25,1 %	519 9 78	540 8 31	96,1 %	74,1 %	62,5 %	21	20

Løn

Tabellen viser at kvinner si gjennomsnittlige løn er 96,1 % av menn si løn.

Samla i kapittel 4 er den gjennomsnittlige løna for kvinner 99,98 % av menn si løn.

Blant seksjonsleiarane i kapittel 3.4.3 er kvinner si gjennomsnittlige løn 100,5 % av menn si løn.

I kapittel 3.4.2 (avdelingsleiarar) og i kapittel 5 (ingeniør, psykolog, jordmor, rådgjevarar) er lønsforskjellen størst, der kvinner i snitt tener hhv 88,5 % og 90,5 % av menn si løn. Dette utjamnast om ein tek høgde for legane. Legane ligg vesentleg høgare i løn enn andre tilsette, og det er flest menn i desse stillingane.

Likevel er det viktig å vere merksam på kva faktorar som gjer at menn tener betre enn kvinner i like stillingar. Dette gjeld særleg i rekrutteringsarbeidet, der menn oftare enn kvinner sett krav til løn. Det er viktig å ha god oversikt og vere prinsipiell i slike saker, samtidig som ein må vere fleksibel nok til å greie å rekruttere riktig og viktig kompetanse.

Heiltidskultur

Etter budsjettvedtak i kommunestyret 16. desember 2022 starta Volda kommune sitt heiltidskulturprosjekt i 2023. Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Personalsjef er prosjekteigar, og er sterkt involvert i arbeidet, som i 2023 har omfatta:

Kick off: torsdag 9. februar gjekk startskotet for prosjektet, med ei stor samling for alle leiarar, tillitsvalde og verneombod i helse og omsorg, skule, barnehage og reinhald.

Det er mykje forskning og kunnskap som syner at heiltidskultur og store stillingar vil gje stor positiv verdi, både for arbeidsgjevar, arbeidstakarar og framfor alt for innbyggjarar og brukarar. Mykje deltid påverkar kvaliteten for brukarane. Heiltid vil gjere det lettare å utvikle gode fagmiljø og tilby tenester av god kvalitet. Heiltid er viktig for å rekruttere og behalde kvalifisert fagpersonell, og løyse rekrutteringsutfordringar for berekraftig tenesteutvikling. Vi hadde inviterte professor Kari Ingstad og forskar Leif Moland til å dele sin kunnskap om tema med oss, for slik å byggje felles forståing og kunnskap.

Oppgåvekartlegging: I mai starta vi med opplæring i oppgåvekartlegging for tilsette i helse og omsorg, med mål om betre og meir berekraftig oppgåvedeling i helse- og omsorgstenesta. Opplæringa gjekk over 4 dagar fordelt på 2 samlingar i mai og juni, og vart leia av KS Konsulent. Gjennom fire kursdagar med KS Konsulent vart metodikken rundt oppgåvekartlegging formidla til leiarar, tillitsvalde og verneombod i helse og omsorg. Vere

Trivselsmedarbeidarar:

I lys av opplæringa i oppgåvekartlegging i mai/juni 2023, har institusjonstenesta starta ei prøveordning i sommarferien med *servicevakter* for ungdom.

18 jenter og gutar i alderen 16-17 år var servicevakter i perioden 26. juni-20. august 2023. Tiltaket vert vidareført også i 2024, da med namnet *trivselsmedarbeidar*.

Det ligg meir og utfyllande informasjon om prosjektet på <https://www.volda.kommune.no/heiltidskultur/>

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2023		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Administrasjonsstab	2,36 %	2,40 %	4,75 %
Oppvekst	3,26 %	4,95 %	8,21 %
Samfunnsutvikling	2,84 %	5,85 %	8,70 %
Helse og Omsorg	3,94 %	6,51 %	10,45 %
Personal	2,83 %	2,86 %	5,69 %
Økonomi	3,33 %	3,88 %	7,21 %
Sum tenesteområde	3,45 %	5,55 %	9,00 %

Status sjukefråvær og HMS

Åra 2020, 2021 og delvis 2022 var sterkt prega av koronapandemien. Eit svært høgt sjukefråvær gav store utfordringar for tenesteproduksjonen, og kravde særskilte avtalar for å kompensere for meirarbeid og overtid. I 2022 var det stort fråvær i første kvartal, og fleire avdelingar rapporterte at mange var heime med influensa/korona. I 2022 var det samla sjukefråværet på 11,37 %, mens det i 2023 har gått ned til 9 %. Det er svært positivt at fråværet har stabilisert seg etter desse krevjande åra, og samla er vi no på nivå med då vi gjekk inn i ny kommune.

Volda kommune jobbar systematisk for å førebygge sjukefråvær:

- jamlege møter mellom vernetenesta, tillitsvald og leiing på alle arbeidsplassar (STIM-grupper)
- tett samarbeid med hovudverneombodet
- (førebygging av) sjukefråvær er tema på IA-møter, AMU-møter og i samarbeid med bedriftshelseteneste

Det er næraste leiar med personalansvar som følgjer opp den sjukmelde, etter våre interne rutinar.

Det er og forhåpningar til at arbeidet med heltidskultur skal ha effekt på fråvær.

Oppfølging handlingsregler

KOSTRA hovudtall

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	7,1 %	8,4 %	10,4 %	10,1 %	12,8 %

Økonomi

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,7 %	1,8 %	1,5 %	1,9 %	2,1 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	131,8 %	136,0 %	127,4 %	112,4 %	101,8 %

Finansielle måltall

Finansielle måltall

Volda kommune har definert og vedteke finansielle måltal i budsjettvedtaket. Tabellane "Kostra hovudtall" og "Samla oversikt" viser måltala slik dei ligg i 2021 og 2022, samt budsjettal for åra 2024 - 2026 basert på budsjettvedtaket.

Dei reelle tala for rekneskapen 2023 ligg ikkje i dei automatiske tabellane i Framsikt men følgjer i tabellen under:

Resultat finansielle måltal Volda kommune:

	Mål	Rekneskap 2023
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	2,9 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	< 120 %	144,9 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	> 5 %	10,6 %

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at utgifter er trekt i frå. Finansinntekter og –utgifter er ein del av netto driftsresultat. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi anbefalar ei netto resultatgrad på 1,75 %.

Lånegjeld utover 100 % av kommunen sine samla inntekter gir lågt handlingsrom. For å arbeide mot målalet betyr det at nye investeringar må vere mindre enn det kommunen kvart år betalar i avdrag.

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som kommunen fritt kan nytte til finansiering av både drift- og investeringsutgifter. Frå og med rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk setjast av til disposisjonsfond, og tilsvarende skal eit meirforbruk finansierast frå disposisjonsfondet.

Dei finansielle måltala skal vere eit styringskompass for kommunestyret for å ivareta sitt overordna økonomiske ansvar og den økonomiske handleevnen over tid. I FN sin berekrafttrapport frå 1987 er berekraftig utvikling uttrykt som «utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstille sine behov.»

Dersom ein har høg gjeld må ein kompensere med høgare netto driftsresultat. Det inneber i praksis at ein må effektivisere og kutte i drifta for å tole høge kapitalkostnader. Har ein eit stort disposisjonsfond kan ein tære på dette og ev utsetje å effektivisere og kutte i drifta. Dersom ein brukar denne utsettinga til å førebu omstilling og effektivisering i drifta, vil ein kunne ha ei planlagt god økonomistyring. Dersom ein berre utset å omstille og redusere drifta vil ein styre mot ein opplevd krisetilstand.

Volda kommune har høg lånegjeld og vi har eit stykke igjen før vi nærmar oss det finansielle målalet. I vedteken økonomiplan for år 2024-2027 er det gjort vedtak om at vi dei neste åra skal investere mindre enn det kommunen betalar i avdrag slik at vi på sikt vil nærme oss målalet. Det å ha ei høg lånegjeld inneber ein risiko når rentene stig og ein må finne dekning for dette i ordinær drift. Difor er det positivt at rekneskapen for år 2023 viser til eit betre netto driftsresultat enn forventa og dermed styrkar disposisjonsfondet. Dette aukar handlingsrommet til kommunen inn i neste økonomiplanperiode.

Samlet oversikt

Indikator	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Regnska
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,1	-1,3	
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,1	1,9	
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	5,3	6,6	
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	132,2	129,6	
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	127 613	134 623	1
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	5,7	5,0	

Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

Årsmelding 2023



Title -NO

KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnska

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	0,1	-1,3
Handlingsregel	0,0	0,0

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Title -NO

KOSTRA 2020


KOSTRA 2021

Regnska

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	2,1	1,9
Handlingsregel	1,8	1,8

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Årsmelding 2023



Title -NO


KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnska

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	5,3	6,6
Handlingsregel	5,0	5,0

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Title -NO

KOSTRA 2020


KOSTRA 2021

Regnska

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	132,2	129,6
Handlingsregel	120,0	120,0

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar

Årsmelding 2023



Title -NO

KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnska

Prognose

0

0

Resultat/Budsjett

127 613


134 623

Handlingsregel

120 000

120 000

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Title -NO

KOSTRA 2020

KOSTRA 2021

Regnska

Prognose

0,0

0,0

Resultat/Budsjett

5,7

5,0

Handlingsregel

7,3

7,3

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-818 603	-918 474	-920 119	1 644	0,2 %
Netto finansutgifter	95 359	91 613	88 178	3 434	3,7 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	12 012	20 919	38 278	-17 359	-83,0 %
Til disposisjon	-711 232	-805 943	-793 662	-12 281	-1,5 %
Administrasjonsstab	30 230	37 095	34 498	2 597	7,0 %
Oppvekst	301 844	350 795	354 441	-3 646	-1,0 %
Samfunnsutvikling	84 251	83 832	78 269	5 563	6,6 %
Helse og Omsorg	311 593	354 918	355 250	-332	-0,1 %
Personal	14 228	16 034	13 970	2 063	12,9 %
Økonomi	-30 914	-36 730	-42 767	6 037	16,4 %
Kommunestyret	0	0	0	0	0,0 %
Sum disponering	711 232	805 943	793 662	12 281	1,5 %
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0	0,0 %

Totaloversikt på økonomi viser at Volda kommune i år 2023 hadde eit mindreforbruk i sektorane på 12,3 mill kroner inkludert premieavviket som i tabellen over ligg i rammene til økonomi. I tabellane under vil vi gå nærare inn på avvika både i frie inntekter og finans. Når det gjeld avvik i sektorane og avdelingane viser vi til eigne kapittel under "Kommunen sine tenesteområde".

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Justert årsbudsjett 2023			Rekneskap 2023		
			Utgift	Inntekt	Budsjett 2023	Utgift	Inntekt	Re
Administrasjonsstab	43 044	30 230	48 628	-11 533	37 095	46 345	-11 847	
Oppvekst	309 161	301 844	511 494	-160 699	350 795	514 998	-	160 557
Samfunnsutvikling	78 992	84 251	165 808	-81 976	83 832	163 138	-84 869	
Helse og Omsorg	330 042	311 593	475 668	-120 750	354 918	489 549	-	134 299
Personal	12 381	14 228	17 629	-1 596	16 034	16 113	-2 143	
Økonomi	-30 183	-30 914	63 571	-100 301	-36 730	57 576	-	100 343
Kommunestyret	130	0	0	0	0	0	0	0
Totalsum	743 567	711 232	1 282 798	-476 855	805 943	1 287 720	-	494 059

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-430 616	-433 607	-453 952	-449 536	-4 417	-1,0 %
Inntekt- og formuesskatt	-309 852	-307 482	-310 099	-310 330	231	0,1 %
Eigedomsskatt	-27 424	-34 044	-36 044	-35 303	-741	-2,1 %
Andre generelle driftsinntekter	-71 866	-43 471	-118 379	-124 950	6 571	5,6 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Frie disponible inntekter	-839 758	-818 603	-918 474	-920 119	1 644	-0,2 %

Volda kommune fekk i år 2023 1,6 mill kroner meir i frie disponible inntekter enn budsjettert. Ser vi på skatt og rammetilskot ser vi at vi i år 2023 har eit negativt avvik på 4,2 mill kr. Dette kjem av at vi på slutten av året i siste økonomirapport var litt for optimistisk inn mot inntektsutjamning knytt til skatteinntekter.

Under andre generelle driftsinntekter ligg:

- Flyktningstilskot 88 mill
- Spelemidler knytt til VCA og Volda Fotball 22,4 mill
- Naturressursskatt 4,2 mill
- Rentekompensasjon knytt til institusjon, skulebygg og kyrkjebygg 4 mill
- Havbruksfond 3,5 mill
- Konesjonsavgift 2,8 mill

Meirinntektene på 6,5 mill kjem av at både renteinntekter, havbruksfond, naturressursskatt og konsesjonsavgift vart meir enn budsjettert

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-7 706	-12 503	-16 056	-15 334	-722	-4,5 %
Utbytte	-6 963	-7 110	-7 910	-7 911	1	0,0 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	1 891	-7 300	-9 300	-12 699	3 399	36,5 %
Renteutgifter	29 574	59 974	59 076	58 318	758	1,3 %
Avdrag på lån	58 588	62 298	65 802	65 804	-2	0,0 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	75 385	95 359	91 613	88 178	3 434	3,7 %

Ser vi på finansområdet for år 2023 ser vi at det er på avkastning vi har avvik i forhold til budsjett. Porteføljen som er plassert hjå Odin forvaltning ga oss ei samla avkastning på 12,7 mill kroner. Dette er 3,4 mill meir enn budsjettert.

Porteføljen fordeler seg slik i forhold til aksje, rentepapir og obligasjonar :

	Verdi 01.01.2023	Verdi 31.12.23	Avkastning
Aksjefond	kr. 15 077 894	kr. 18 344 695	kr. 3 266 801
Obligasjonar	kr. 54 126 160	kr. 57 503 977	kr. 3 377 817
Rentepapir	kr. 125 057 573	kr. 131 064 983	kr. 6 007 410

Lånegjeld og renter

Låneporteføljen til Volda er fordelt mellom Husbanklån, ordinære lån med både fast og p.t rente, sertifikatlån og obligasjonslån:

Eksterne lån	Bokført verdi 01.01.23	Endring i året	Bokført verdi 31.12.23
Obligasjonslån	kr. 600 315 196	0	kr. 600 315 196
Sertifikatlån	kr. 223 691 380	kr. 411 419 000	kr. 635 110 380
Andre lån	kr. 888 600 138	kr. 280 254 918	kr. 608 345 220
Husbanklån	kr. 103 195 806	kr. 16 100 408	kr. 119 296 214
Lånegjeld Volda	kr. 1 815 802 520	kr. 147 264 490	kr. 1 963 067 010

Nøkkeltal i låneporteføljen pr 31.12.2023

Lån med forfall i 2024	kr. 635 170 095
Herav lån som må refinansierast	kr. 635 170 095
Langsiktig gjeld med fast rente over 1 år	kr. 573 907 887
Langsiktig gjeld med flytande rente	kr. 1 389 159 123
Rentebindingstid	1,26 år
Vekta gjennomsnittrente	4,35 %
Kapitalbinding	3,79 år

Rentebindingstid:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser tida renta på sertifikat, lån og obligasjonar er fast. Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege renteinnbetalingar har ei rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser tida det i gjennomsnitt tar før renter,

avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Til høgare tal, til mindre er Refinansieringsrisikoen i porteføljen.


Rentebinding

70,8 % av låneporteføljen låg ved årsskifte med flytande rente med forfall under 1 år. Ei av årsakene til at dette er at vi den 22. desember hadde to lån med fastrente i Kommunalbanken som gikk ut. Desse vart endra til lån med p.t og gjort klar for refinansiering tidleg i år 2024.


Porteføljens rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel
Under 1 år	1 389 159 123	0,24	70,76%	70,76%
1 til 2 år	137 181 220	1,18	6,99%	77,75%
2 til 3 år	0	0,00	0,00%	77,75%
3 til 5 år	216 726 667	3,36	11,04%	88,79%
> 5 år	220 000 000	5,68	11,21%	100,00%
SUM	1 963 067 010	1,26	100,00%	

Rentebindingsintervall i % av porteføljen



Rentebindingsintervall i NOK



Tabellen under viser oversikt over alle lån i låneporteføljen, fordelt på lånegjevar, endringer i året, hovudstol og forfall:

Lånegjevar	IB 01.01.20223	Endringer lån 2023	UB 31.12.2023	Forfall
DNB Bank ASA NO0010894439	158 588 529	-158 588 529	0	
DNB Bank ASA NO0013028845	0	158 588 529	158 588 529	30.03.2026
DNB Bank ASA NO0010928468	216 726 667	-216 726 667	0	
DNB Bank ASA NO0012508516	225 000 000		225 000 000	25.04.2025
DNB Bank ASA NO0012913922		216 726 667	216 726 667	10.05.2027

Årsmelding 2023

Sum obligasjonslån	600 315 196	0	600 315 196	
DNB Bank ASA NO0012552373	223 691 380	-223 691 380	0	
DNB Bank ASA NO0013010413		223 691 380	223 691 380	04.09.2024
DNB Bank ASA NO0012843046		211 419 000	211 419 000	16.02.2024
DNB Bank ASA NO0012934605		200 000 000	200 000 000	06.06.2024
Sum sertifikatlån	223 691 380	411 419 000	635 110 380	
9900.201.00854 Kommunalbanken (BULL.17.12.25)	170 000 000	-68 836 000	101 164 000	p.t
Kommunalbanken 9900.201.60297 (BULL.19.06.41)	150 000 000		150 000 000	p.t
KLP 8317 56 89 411	137 181 220		137 181 220	06.03.2025
Kommunalbanken 20190371	220 000 000		220 000 000	03.09.2029
Kommunalbanken p.t 20220270	211 418 918	-211 418 918	0	
Sum andre lån	888 600 138	-280 254 918	608 345 220	
Lånegjeld utan Husbanklån	1 712 606 714	131 164 082	1 843 770 796	
Husbanken	103 195 806	16 100 408	119 296 214	
LÅNEGJELD VOLDA KOMMUNE	1 815 802 520	147 264 490	1 963 067 010	

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr i %	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	662	0	0	0	0	0,0 %
Avsettingar til bundne driftsfond	6 656	0	9 489	10 829	-1 340	-14,1 %
Bruk av bundne driftsfond	-8 986	0	-18 527	-20 033	1 507	8,1 %
Avsettingar til disposisjonsfond	22 476	12 012	31 018	48 553	-17 535	-56,5 %
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-1 061	-1 070	9	0,8 %
Netto avsetnader	20 807	12 012	20 919	38 278	-17 359	-83,0 %

Disposisjonsfond, ubundne- og bundne fond

Pr. 31.12.2023 har Volda kommune over 295 mill kr på fond som kan nyttast inn mot drift/investering.

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Disposisjonsfond	143 626 715	96 143 717	73 668 091
Bundne driftsfond	45 733 118	54 599 532	56 140 555
Sum driftsfond	189 359 833	150 743 249	129 808 646
Ubundne investeringsfond	79 444 467	78 487 564	75 792 418
Bundne investeringsfond	26 534 398	26 394 820	22 828 999
Sum investeringsfond	105 978 865	104 882 384	98 621 417

Bundne fond er øyemerka til spesifikke formål, der fleire av dei har rapporteringsplikt og må tilbakebetalast om midlane ikkje vert nytta.

Bundne driftsfond fordelt på sektor:

Bundne driftsfond fordelt på sektor	31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021
Administrasjonsstab - bundne driftsfond	16 008 851	19 353 964	21 014 384
Økonomi - bundne driftsfond	1 325 218	1 712 664	3 589 962
Skule - bundne driftsfond	4 184 390	7 897 678	7 974 198
Barnehage - bundne driftsfond	1 277 075	2 058 125	2 859 056
Barnevern - bundne driftsfond	2 302 836	2 738 917	3 034 480
Helsetasjon - bundne driftsfond	2 648 014	894 841	209 968

Årsmelding 2023

Helse og omsorg - bundne driftsfond	4 790 271	5 128 507	4 824 610
Samfunnsutvikling - bundne driftsfond	12 076 567	14 814 836	12 633 895
Kultur* - bundne driftsfond	1 119 896		
Sum bundne driftsfond	54 599 532	54 599 532	56 140 555

*Kultur sine bundne driftsfond har tidlegare lagt under Administrasjon/Samfunnsutvikling. Skilt ut frå og med 2023.

Dei største bundne driftsfonda er:

- Tilskot frå kraftfond Volda 7,9 mill kr
- Kommunale vassverk 5,2 mill kr
- Kommunale avløp 4,85 mill kr

Bundne investeringsfond

I samband med rekneskapsavslutning er der gjort ei opprydding under bundne driftsfond. Fond som gjennom år (minst 3 år) har stått utan bevegelse er no avslutta og overført til ubundne investeringsfond:

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Fond Etablering barnefamiljar - Leige til eige	5 118 484	5 118 484	5 118 484
Gåver til Volda Omsorgsenter	0	22 693	22 693
Torvmyrvegen 7, forsikringsoppgjer brann	0	716 105	716 105
Myldreområde i rådhusparken	0	291 391	291 391
Fond ballbinge Volda U-skule	0	58 000	58 000
Fond frikjøp parkeringsplassar	0	315 825	315 825

Årsmelding 2023

Fond tilfluktsrom	0	346 242	346 242
Fond Øyraelvs-prosjektet	0	35 741	35 741
Fond Brannvern tunnelberedskap	0	37 845	37 845
Fond turveg Volda stadion - Rotsetstranda	0	5 607	5 607
Fond nedbetaling husbanklån	21 355 914	18 256 624	14 690 804
Fond krisepakke Volda U-skule (finanskrise)	0	57 280	57 280
Fond turveg Flommen 2014	0	161 565	161 565
Fond friluftstiltak	0	562 583	562 583
Utstyr innventar omsorgs. Hornindal	0	166 452	166 452
Prosjekt kaiområde - Dampen	0	14 615	14 615
Bronsefond svor museum (fond utbetalt i år 2023)	0	122 667	122 667
Andre tiltak svor museum	60 000	-60 000	-60 000
Brannbil gåve	0	20 100	20 100
Enovatilskot EL varebil VA	0	25 000	25 000
Bundne investeringsfond	26 534 398	26 394 819	22 828 999

Investeringer

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringer i varige driftsmidler	254 461	322 072	358 612	282 694	75 918	21,2 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Tilskot til andre sine investeringar	197	0	-197	747	-945	0,0 %
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 136	0	2 332	2 332	0	0,0 %
Utlån av egne midlar	0	0	0	809	-809	
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	
Sum investeringsutgifter	256 794	322 072	360 747	286 583	74 164	20,6 %
Kompensasjon for meirverdiavgift	-39 238	-52 423	-52 276	-39 941	-12 335	-23,6 %
Tilskot frå andre	-8 233	-482	-4 961	-2 098	-2 863	-57,7 %
Sal av varige driftmiddel	-5 699	0	0	-839	839	
Sal av finansielle anleggsmiddel	-190	0	0	0	0	
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-53	0	-1 261	-1 261	0	0,0 %
Bruk av lån	-214 234	-289 168	-321 177	-261 563	-59 614	-18,6 %
Sum investeringsinntekter	-267 646	-342 072	-379 675	-305 701	-73 974	-19,5 %
Vidareutlån	8 818	20 000	20 000	20 945	-945	-4,7 %
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0	0	
Avdrag på lån til vidareutlån	4 615	0	0	4 166	-4 166	
Mottatte avdrag på vidareutlån	-8 180	0	0	-7 089	7 089	
Netto utgifter vidareutlån	5 252	20 000	20 000	18 022	1 978	9,9 %
Overføring frå drift	-662	0	0	0	0	
Avsetningar til bundne investeringsfond	5 352	0	1 261	4 561	-3 300	-261,6 %
Bruk av bundne investeringsfond	-1 786	0	0	-1 584	1 584	
Avsetningar til ubunde investeringsfond	4 831	0	0	1 261	-1 261	
Bruk av ubunde investeringsfond	-2 136	0	-2 332	-3 141	809	34,7 %
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	5 599	0	-1 071	1 096	-2 168	-202,4 %
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjet for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Avløpsanlegg	16 875	16 081	95,3 %	794
Bronsefond	0	123	0,0 %	-123
Svormuseet				
Bustadfelt under utbygging	23 942	16 811	70,2 %	7 131
Eigenkapitaltilskot og aksjar	2 332	2 332	100,0 %	0
Forskotering til lag og organisasjonar	0	809	0,0 %	-809
Grunn og næringsutvikling	3 904	3 408	87,3 %	497
Hamna 20	57 966	47 951	82,7 %	10 015
Helseplattforma	6 287	899	14,3 %	5 389
IKT investeringar	5 581	5 123	91,8 %	458
Oppvekst				
IKT investeringar Volda kommune	3 918	3 424	87,4 %	494
Inventar, bilar og utstyr	126	0	0,0 %	126
Helse og omsorg				
Kommunale vegar	8 643	3 557	41,2 %	5 087
Ledningsprosjekt	6 400	6 452	100,8 %	-52
Ny ungdomsskule	51 325	36 836	71,8 %	14 489
Oppgradering	21 532	16 511	76,7 %	5 021
kommunale bygg				
Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak	13 551	10 452	77,1 %	3 099
Svømmehall	104 934	108 370	103,3 %	-3 436
Trafikktrygging	4 967	1 313	26,4 %	3 654
Utbygging kommunale vegar	8 496	715	8,4 %	7 781
Vassverk	1 369	988	72,1 %	381
Velferdsteknologi Helse og omsorg	1 575	181	11,5 %	1 394
Sum andre prosjekt	17 023	4 247	24,9 %	12 776
Sum	360 747	286 583		74 164

Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	10 473	10 781	10 809	10 960
Fødde	104	123	96	98
Døde	98	78	77	78
Fødselsoverskot	6	45	19	20
Innvandring	85	101	154	130
Utvandring	32	59	78	59
Innflytting, innanlands	838	699	729	794
Utflytting, innanlands	589	755	676	751

Netto innvandring og flytting	302	-14	129	114
Folkevekst	308	28	151	133
Folketalet ved utgangen av kvartalet	10 781	10 809	10 960	11 093

Busetting av flyktningar 2023

Busetting av flyktningar i 2023

Krigen i Ukraina utløyste i 2022 ein ekstraordinær krisesituasjon. Konflikten i Ukraina er ikkje løyst og framleis er mange på flukt og har behov for ein trygg plass å kome til.

Volda kommune blei oppmoda frå IMDi om å busette 140 flyktningar i 2023. Tala viser at kommunen har busett 143 og mellom desse er to familieinnvandrarar. To familiar har kome til Volda kommune som overføringsflyktningar (kvoteflyktninga), resten har kome frå Ukraina.

Administrasjonen fekk ei stor oppgåve med å rigge organisasjonen for å auke busettingsnivået frå 25 til 150 flyktningar i 2022. Oppgåva blei løyst på ein god måte av fleksible og motiverte leiarar og tilsette, og ved god hjelp og stort engasjement frå private huseigarar og frivillige organisasjonar og privatpersonar.

Etter ein svært uoversiktleg situasjon første halvår i 2022, skjer busettinga i dag så likt ordinært flyktningarbeid som mogleg. Volda læringssenter organiserer og informerer samarbeidspartar om busetting, og opprettar kontaktperson i tenesta. Dei skaffar bustader, primært på den private utleigemarknaden, innanfor eit prisnivå som flyktningane kan betene med introduksjonsstønad og bustøtte. Bustadene er stort sett ferdig møblerte, ev. blir dei supplert med brukte møblar. NAV sørgjer for livsopphald til vedtak om introduksjonsprogram og utbetaling av introduksjonsstønad kjem i gang. Barnehagebarn får tilbod om barnehageplass, og skulebarn får velkomsttilbod med innføringsgruppe. Busetting på bygdene har ført til at det no er ukrainske elevar på alle skulane i Volda kommune.

Helsestasjonen gjennomfører mottaks-samtalar og obligatorisk helsekartlegging. Akutt helsehjelp blir gitt av legesenteret. Barn og vaksne får tilbod om deltaking i organiserte fritidsaktivitetar i samarbeid med lag og organisasjonar og frivillige.

Fleire tenester fekk auka ressursar til arbeidet i 2022. Denne styrkinga vart vidareført for 2023. Det er midlertidig engasjerte programrådgjevarar, miljørettleiarar, lærarar og assistentar og helsesjukepleiarar. I tillegg har andre tenesteområde bidrege med verdifull kompetanse og arbeid som har ført til at oppgåver er løyst på ein god måte.

Det pågår veldig mykje godt arbeid i organisasjonen, men når krisesituasjonen har blitt meir ein normalsituasjon, ser ein at presset på dei ulike tenestene aukar. Dette ser ein spesielt innanfor barnehage- og skulesektoren. I tillegg er det ei utfordring å få flyktningane raskt ut i arbeid. Dette medfører auka utgifter til sosialhjelp.

Rekneskap 2023 - Kostnader knytt til flyktningar frå Ukraina

Samla rekneskap viser at Volda kommune har brukt 45,2 mill kroner i år 2023 fordelt slik på sektor og avdelingar:

Avdeling og sektor	Rekneskap 2023
Stab oppvekst	kr. 13 765
Barnevern Volda	kr. 373 885
Helsestasjon	kr. 810 992
Barnehage	kr. 1 172 033
Skule	kr. 3 807 017
Vaksenopplæring og integrering	kr. 27 447 167
Oppvekst	kr. 33 624 860
Eigedom	kr. 1 225 595
Veg/park	kr. 83 421
Kultur	kr. 344 344
Samfunnsutvikling	kr. 1 653 361
NAV	kr. 8 873 562
Legeteneste	kr. 431 221
Heimetenester	kr. 177 474
Rus og psykisk helse	kr. 383 584
Helse og omsorg	kr. 9 865 842

Næringsutvikling

Næringsfond/kraftfond –

Kraftfondet hadde i 2023 ein tilvekst på kr. 2 792 609,-. Av dette utgjorde konsesjonsavgifta frå Tussa

Årsmelding 2023

Energi AS kr. 2.631.141, og frå Steinsvik kraft AS kr, 161.268,-. Renterenteinntektene var kroner 299 916,-.

Utover dette er næringsfonda før kommunane vart slått saman og Næringsfond Covid lagt inn i same fond totalt kroner 1 326 862,-.

Det har vore gitt nye tilsegn i 2023 på kr. 2 384.210,- av kraftfondet. Tilsegn som er gjevne og som ikkje er utbetalte i 2023 er i storleik kr 684 151,-. Fondet sin storleik etter utbetale og disponerte tilsagn er 6 497 038 kroner.

Kjøp og sal av eigedom

Kommunen kjøpte 8 eigedomar i 2023 til ein samla kostnad på 38 145 000 kr og har solgt eigedomar for 402 668. 6 eigedomar vart solgt i 2023.

Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Kjøpesum	Tinglyst	Merknad	Volda Kommune		
29	43		1	kr 2 000 000	jan.23	Hamna 20	Kjøpt		
29	63			kr 3 000 000	feb.23	Coop	Kjøpt		
29	43		2 til 11	kr 27 000 000	feb.23	Coop	Kjøpt	Kjøpt eigedom for	kr 38 145 000
206	12		1	kr 100 000	mar.23	Huset Vårt	Kjøpt	Antal eigedomar kjøpt	8
30	415		13	kr 3 310 000	mar.23	Prestegata 17	Kjøpt		
30	350		3	kr 2 700 000	apr.23	Bømarka 6A	Kjøpt	Solgt eigedom for	kr 402 668
10	10			kr 10 000	jun.23	Vegareal	Kjøpt	Antal eigedomar Solgt	6
148	28			kr 25 000	sep.23	Vassverk	Kjøpt		
167	11,12			kr 0	feb.23	R.Welsvik	Solgt	Feste	
92	15			kr 0	jun.23	Gave Bjørkedalen skule	Solgt		
92	8			kr 0	jun.23	Gave Bjørkedalen skule	Solgt		
15	69			kr 26 115	jun.23	Tilleggsareal	Solgt		
21	180			kr 26 553	nov.23	Tilleggsareal	Solgt		
206	195			kr 350 000	nov.23	Huset Vårt	Solgt		

Internkontroll og statleg tilsyn

Volda kommune har eit overordna internkontrollsystem som skildrar korleis internkontrollen skal byggjast opp og haldast vedlike i heile organisasjonen.

I 2023 førte Statsforvaltaren tilsyn med Øyra skule. Tema for tilsynet var korleis skulen arbeider med saker som vedkjem opplæringslova kap. 9a, arbeidet med å sikre trygt og godt skulemiljø. Dei avvika Statsforvaltaren påpeika vart lukka.

Kontrollutvalet gjennomførte forvaltningsrevisjon i barneverntenesta knytt til oppfølging av tiltak. Det er utarbeidd plan for lukking av avvika.

Arbeidstilsynet gjennomførte HMT- tilsyn ved Hornindal omsorgssenter. Eit pålegg var å gjennomføre ROS- analyse ved drifta i samarbeid med Avonova. Dette er utført og avviket er nyleg lukka. Prosessen er no vidareført til dei andre seksjonane innanfor institusjonstenesta.

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2023, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Det har blitt gjennomført ROS-analyser knytt til personvern og informasjonssikkerheit på fleire fagsystem og i samarbeid med sektorane, Personvernrådsgjevar og sikkerheitsansvarleg har delteke i utarbeiding av sjekkliste for å ivareta krava til personvern og informasjonssikkerheit ved bruk av nye fagsystem/appar.

Beredskap og samfunnsikkerheit

Beredskapsarbeidet vert gjort i samsvar med årshjulet i kvalitetssystem for beredskap. Statsforvaltaren hadde tilsyn med kommunal beredskapsplikt for Volda kommune våren 2023. Kommunen har starta arbeidet med revisjon av heilskapleg ROS. Resultatet av ROS-analysen skal leggest fram for kommunestyret våren 2024. Volda kommune implementerte nytt beredskapssystem, Rayvn, i oktober. Det var ingen alvorlege hendingar knytt til beredskap i 2023.

I 2023 hadde Statsforvaltaren tilsyn på kommunen sitt beredskapsarbeid. Avvik knytt til kopling av handlingsplan frå ROS-analysen til økonomiplan og budsjett vert å lukke i samband med budsjett og økonomiplan for perioden 2025 - 2028.

Digitaliseringsprogram

Visjon for utvikling av våre kommunale tenester gjennom digitalisering

«Der teknologi og tradisjon møtest»

Digitaliseringsprogrammet i Volda kommune skal bidra til ein enklare kvardag for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor gjennom betre digitale tenester, meir effektiv ressursbruk og legge til rette for auke i produktivitet. Digitaliseringsprogrammet skal styre den digital transformasjon i kommunen, og følge opp realisering av gevinstar.

Mål

Programmet skal:

- Fornye, forenkle og forbetre Volda kommune sine tenester og arbeidsprosessar
- Måle og rapportere på gevinstar gjennom programmet si levetid

Overordna føringar

FN-sambandet sine berekraftsmål

I regjeringa sine «*Forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023*» er det forventa at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for regional og kommunal planlegging. Volda kommune har lagt FN sine berekraftsmål til grunn for arbeidet med den kommunale planstrategien, og nyttar dei 17 berekraftsmåla aktivt i prosessen.

Digitaliseringsprogrammet til Volda kommune nyttar berekraftsmåla i evalueringa når ein skal legge til nye tiltak og prosjekt i porteføljen. Til dømes er berekraftsmål *nr 6 - Reint vant og gode sanitærforhold* og berekraftsmål *nr 4 – God utdanning* avhengig av ein tilgjengeleg og robust infrastruktur. På same vis står digitalisering sentralt i å realisere berekraftsmål *nr 16 - Fred, rettferd og velfungerande institusjonar*.

Nasjonal digitaliseringsstrategi

Volda kommune samarbeider tett med kommunane på Søre Sunnmøre om digitalisering. Digitaliseringsstrategi for perioden 2018-2021. Rullering av strategien er starta, og prosessen ved etablering av ny strategi er den det regjeringa sin digitaliseringsstrategi «En digital offentlig sektor» som er gjeldande. Regjeringa starta i 2023 opp arbeidet med utarbeiding av ny nasjonal digitaliseringsstrategi. Det vart også etablert eit nytt nasjonalt selskap eigd av alle kommunane i Noreg via KS. Selskapet har namnet KS Felles digitale tjenester AS og ambisjonen er at selskapet skal bli ei sentral kraft i digitaliseringsarbeidet i kommunal sektor, og Fiks-plattformen skal være den sentrale felles utviklings- og samhandlingsplattformen for kommuner og fylkeskommuner.

For samarbeidet på Søre Sunnmøre er det planlagt å utarbeide ein ny digitaliseringsstrategi som stettar opp under både regjeringa sin startegi og KS Felles digitale tjenester AS.

Volda kommune har difor regjeringa sin digitaliseringsstrategi som rettesnor, saman med resten av søre Sunnmøresamarbeidet, og vi vil gjennom digitaliseringsprogrammet gjere vårt for å nå måla som regjeringa har satt. Volda kommune er også med i nasjonale finansieringsordninga «Digifin» for realisering av nasjonale digitaliseringsprosjekt i kommunesektoren.

Regjeringa har definert følgjande mål for offentlig sektor fram mot 2025:

- Offentleg sektor digitaliserast på ein open, inkluderande og tillitvekkande måte
- Fleire oppgåver løysast digitalt og som samanhengande tenester
- Alle innbyggjarar, næringsdrivande og frivillige organisasjonar som har evne til det, kommuniserer digitalt med offentlig sektor
- Offentleg sektor nyttar potencialet i deling og bruk av data til å lage brukarvenlege tenester, og til å bidra til verdiskapning for næringslivet
- Kommunale og statlige verksemder bygger sine tenester med utgangspunkt i eit felles digitalt økosystem for samhandling
- Kommunale og statlige verksemder hentar gevinstar frå digitalisering på ein systematisert måte

For å oppnå disse måla og understøtte digital transformasjon, fokusera strategien på følgjande innsatsområder:

- Brukerane skal settast i sentrum gjennom utvikling av meir samanhengande tenester basert på viktige livshendingar
- Offentleg sektor skal samhandle betre om digitale tenester og effektivisere ressursbruken gjennom styrka samordning på tvers av forvaltningsnivå og sektorar, og systematisk uthenting av gevinstar frå digitalisering
- Data skal i større grad delast og gjenbrukas i offentleg sektor, og opne data skal publiserast for innovasjon og verdiskaping i næringslivet
- Nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling, fellesløysningar og felles arkitekturar, skal etablerast i eit heilskapleg og overordna styrt og koordinert økosystem
- Samarbeid med privat sektor på digitaliseringsområdet skal styrkast for å oppnå betre og meir effektive tenester og for å legge til rette for innovasjon

Kva meiner Volda med digitalisering?

I Volda kommune er digitalisering eitt av tre viktige satsingsområde, og digitalisering er ein av dei viktige driverane i utviklinga av samfunnet. Utvikling av tilgjengeleg teknologi er ikkje-lineær og tempoet i utviklinga er høgt.

Med digitalisering meiner vi ikkje at det er nok å «setje straum på papir», men at vi skal nytte teknologi til å endre prosessar, arbeidsmåtar og grensesnitt mellom kommunen og innbyggjar/næringsliv. Digitalisering handlar i stor grad om å nytte teknologi til fornying, forenkling og forbetring av tenester.

Etablerte arbeidsmetodar, tradisjonell tenking og lovverket vil bli utfordra i tida framover. Leiarar og medarbeidarar må setjast i stand til leie og delta i den digital utviklinga av kommunen. Det er naturleg å tru at kommunen sine verdiar, visjonar, og kultur vil bli påverka i tida framover.

Digitaliseringsprogrammet i Volda kommune er eit stort løft for organisasjonen og eitt av måla er å få realisert gevinstar kontinuerleg gjennom smidige arbeidsprosessar. Det betyr at forbetringar innførast kontinuerleg inntil det definerte målet for tiltaket/prosjektet er nådd.

Tilsette, innbyggjarar og næringsliv i Volda kommune vil merke dette gjennom små og store forbetringar i den daglige arbeidsflyten der digitalisering forenkler arbeidsoppgåvene. For å lykkast kan vi ikkje berre fokusere på teknologi - vi må sjå samanhengen mellom menneske, organisasjon, og teknologi for å kunne skape nye arbeidsprosessar og betre kommunaletenester.



Illustrasjon som syner menneske, organisasjon og teknologi i samspel. Generert av Kunstig Intelligens

Det er heller ikkje nok å berre digitalisere dagens tenester, vi må tenkje nytt og løyse samfunnsoppdraga våre på nye måtar. Vi skal vere nysgjerrige og utfordre oss sjølve - automatisering og robotisering (Kunstig intelligens og RPA) vil kunne gje oss muligheiter vi ikkje ser i dag.

Å digitalisere tenester er ikkje ein snarveg til ei betre framtid, det er hardt arbeid.

Styring av portefølja til digitaliseringsprogrammet

Tiltak og prosjekt som skal leggst til i porteføljen vert vedteke av kommunedirektøren si leiargruppe (Porteføljestyret). Portefølja vert forvalta digitaliseringsrådet (porteføljerrådet), med digitaliseringsrådgevar som programleiar. Programleiar rapporterer til Porteføljestyret.

Pågåande tiltak og prosjekt

Digitaliseringsprogrammet består av fleire tiltak og prosjekt. Dei er komne inn i programmet etter ønskje frå avdelingane sjølve, SSIKT-samarbeidet, nasjonale/regionale initiativ og via kommune sitt digitaliseringsråd.

Felles tiltak og prosjekt i regi av SSIKT-samarbeidet er inkludert i digitaliseringsprogrammet til Volda kommune for å gje ei heilskapleg oversikt over det totale digitaliseringsarbeidet vi driv. Satsingar i samarbeidet gjev oss høve til å både gjennomføre og gevinstrealisere større tempo enn aleine.

Digitaliseringsprogrammet støtter avdelingane i utarbeiding av tiltak og prosjektforslag, ved å bidra med rådgeving og rettleiing når det gjeld utarbeiding av forslag og gjennomføring av tiltak og prosjekter. Etter kvart vil avdelingane verte meir sjølvgåande i dette arbeidet, noko som i seg sjølv er ein av gevinstane vi ønskjer å realisere.

Digitaliseringsprogrammet har særskilt fokus på gevinstplanlegging (før-prosjekt) og gevinstrealisering (i- og etter-prosjekt).

Nye prosjekt og tiltak, og endringsforslag

Digitaliseringsprogrammet følgjer økonomiplanprosessen. Avdelingane spelar i hovudsak inn behov og ønskjer i tidleg fase i samband med budsjettprosess. Digital utvikling går fort og kommunen ønskjer også at ein skal kunne spele inn endringsforslag når eit behov oppstår, og ikkje vente til neste budsjettprosess. Digitaliseringsrådet har eit særleg ansvar for å sjå moglegheiter og kome med råd til leiinga som går utover det avdelingane spelar inn.

Innkomne forslag og endringsforslag vert handsama regelmessig av Digitaliseringsrådet. Kvalitetssikra forslag vert sendt over til Kommunedirektøren si leiargruppe med forslag til prioritering. Leiargruppa avgjer kva som skal takast inn i programporteføljen.

Programmet si varigheit

Digitaliseringsprogrammet er ei strategisk satsing over fleire år utan definert slutt p.t.

Programporteføljen (tiltak og prosjekt) vert endra i takt med det som til ei kvar tid måtte være av behov og føringar. Dette fordi vi skal være i stand til å raskt tilpasse oss utviklinga i samfunnet elles (sjå visjon) og levere gode digitale tenester (sjå mål).

Styring av prosjekter i portefølja

Prosjekt som ligg til portefølja vert styrt ved bruk av Prosjektportalen³⁶⁵. Prosjektportalen er utarbeida på mal etter Digitaliseringsdirektoratet sin Prosjektveiviser. Kommunen har på denne måten oversikt over alle digitaliseringsprosjekt i ei portefølje.

Prosjektleiarar får opplæring i bruk av systemet, og det er etablert eit prosjektleiarforum for erfaring- og kompetansedeling. På den måten vert det etablert felles prosjekt-, språk, metode og standardar.

Organisering

- Programeigar, Rune Sjurgard - Kommunedirektør
 - Har vedtatt etablering av Digitaliseringsprogrammet
 - Leiår Porteføljestyret (Leiårgruppa i Volda kommune)
 - Har det overordna ansvar for å sikre økonomisk finansiering slik at programmet, inkludert prosjektporteføljen kan gjennomførast
 - Vedtek avslutning av programmet
- Programleiar, Paul Ottar Tørnes – Digitaliseringsrådgjevar
 - Etablere og vedlikehalde programmandat (dette dokumentet) i samsvar med Kommunedirektøren sitt vedtak
 - Utarbeide samla program og programbudsjett
 - Etablere prosesser og relaterte verktøy for
 - Endringshandtering
 - Kvalitetsstyring (gevinst)
 - prosjektstyring og rapportering
 - økonomistyring
 - risikostyring
 - koordinering mellom prosjekt og prosjektleiarar
 - Syte for heilskapleg plan for programmet (innhente oppdaterte planar og status frå prosjektleiarar, oppdatere samla plan for programmet)
 - Budsjettansvar og innkjøpsansvar for IKT-utstyr og tenester i kommunen
 - Følge opp at prosjektleiarane følg opp sine prosjektleiaroppgåver
 - Følge opp at leveransar frå prosjekt blir leverte til avtalt tid, kostnad og kvalitet
 - Følge opp måloppnåing i samsvar med programmets mål
 - Rapportere til Porteføljestyret:
 - Samla status og framdrift for programporteføljen
 - Avvik og risiko for programporteføljen
 - Sikre avslutning og erfaringsoppsummering frå prosjekter og programmet
- Programmedlemmer, Digitaliseringsrådet
 - Støtte Programleiar i styring av programmet
- Prosjektleiarar vert peika ut for kvart prosjekt

Kommunikasjon

- Saker på Intranettet vert merka med #digitaliseringsprogram
- Nyheitsbrev ein gong i kvartalet vert sendt ut av programleiar
- Årsberetning

Gevinstar

For alle tiltak og prosjekt som blir tatt inn i porteføljen er det gjennomført gevinstplanlegging, og alle gevinstar er systematisert i prosjektportalen. Prosjektportalen vert nytta til gevinstmåling for å dokumentere gevinstrealisering.

Eigarskap til gevinstar ligg til prosjektleiar i prosjektet si levetid, og når prosjektet er avslutta ligg det til ansvarleg leiar i linjeorganisasjon.

Måling av gevinstar vert koordinert gjennom Digitaliseringsprogrammet.

Tiltak digitaliseringsplan

Tiltak	Overordna informasjon
Felleskomponentar frå KS FIKS Plattformen	

Orden i eige hus; KS DigiOrden	Vi skal ha eit aktivt eigarskap til informasjonsforvaltning, verksemdsarkitektur, informasjonsikkerheit og personvern. Kommunen tok i 2021 i bruk den nasjonale felleskomponenten FIKS DigiOrden frå KS som gjev oss eit godt digitalt verktøy for å dokumentering all handsaming av personopplysningar i kommunen sitt virke. Dette er ikkje eit nytt tiltak, men vi har framleis mykje arbeid med kartlegging og dokumentering igjen før vi er kome på eit dokumentasjonsnivå som gjer det tilstrekkeleg med kvartalsvise revisjonar. Tiltaket er difor framleis synleggjort i digitaliseringsprogrammet. Vi har også fått registrert omlag 210 system/applikasjonar som kommunen nytta, inkludert systemeigar, systemansvarlege og superbrukarar. Det gjenstår framleis ein del, og det er forventet at tal system/applikasjonar vil vere rundt 250 system/applikasjonar. Gevinstar Heilt eller delvis realiserte i perioden: - Digital oversikt over kommunen sin behandling av personopplysningar(GDPR) - Oversikt over system og data som ligg til systemet - Auka IKT-sikkerheit - Auka informasjonssikkerheit - Auka bevisstheit/sikkerheits-kultur i kommunen - Ha sanntidsoversikt over kommunen sin verksemdsarkitektur, som vil gjere kommunen i stand til å gjennomføre digital transformasjon meir effektivt og til høgare kvalitet, t.d. ved automatisering og robotisering.
---------------------------------------	--

“Mi side” på kommunen si nettside	MinSide er ei løysing som samler alle kommunale tenester under ein paraply og der det er mogelegjere dei tilgjenglege døgnet rundt. På Mi side kan innbyggjar løyse oppgåver når det passar, uavhengig av opningstidene til kommunen. Ein kan lese digital post sendt til og frå kommunen, sjå eigedomsinformasjon, byggesaker og gå vidare til ei rekkje nasjonale tenester frå for eksempel Skatteetaten, NAV og husbanken. Løysinga er ein felleskomponent frå KS og vert vidareutvikla av KS. For å logge inn på Mi side må ein ha elektronisk ID, til dømes BankID. Ein får tilgang til informasjon frå alle kommunane du har eit forhold til, til dømes fritidseigedom. Interne kommunale systemer kan koplast på etter kvart som funksjonaliten er på plass. DigiVestland er ein av pådriverane saman med KS for denne felleskomponenten, sjå https://www.digivestland.no/prosjekt/nasjonale-prosjekt/ks-min-side Gevinstar - Auka tilfredsheit hjå innbyggjarar - Redusert ventetid for innbyggjar ved sjølvbetjening - Auka tillit til kommunen - Redusert manuelt arbeid i kommunen
Tiltak og Prosjekt Lokale og samarbeidstiltak gjennom Søre Sunnmøre samarbeidet	

Volda kommune: Innføring og breidding av Prosjektportalen365 - Styringsverktøy for portefølje, program og prosjektstyring	Prosjektportalen gjev prosjektleiar eit standardisert styrings- og støtteverktøy, og med integrasjon til Microsoft Teams blir løysinga også eit kommunikasjonsverktøy for prosjektleiaren. Prosjektportalen gjev også kommunedirektøren ei oversikt over kommunen sin prosjektportefølje. Det er også mogeleg å publisere ei alltid oppdatert porteføljeoversikt på kommunen sin nettside. Sektor for samfunnsutvikling har tatt i bruk løysinga og prosjektleiarne i sektoren nyttar dette som sitt styringsverktøy. I 2024 vert det arbeidd vidare med breidding i resten av organisasjonen i tillegg til at vi vil nytte Samfunnsutvikling sitt prosjektleiarforum til å inkludere alle prosjektleiarar og prosjekteigarar i kommunen. PP365 nyttar appar i M365 og gjev ein meir saumlaus og meir intuitiv arbeidskvardag både for prosjektleiarar, prosjektdeltakarar og prosjekteigar. Gevinstar - Sanntids oversikt over alle pågåande prosjekt i kommunen(portefølje) - Redusert tidsbruk på prosjekt og porteføljerapportering - Muligheit for innsyn for allmenta i overordna prosjektstatus - Muligheit for å gje politikere sanntidsoversikt over prosjekt som er relevante for utvala - Felles rammeverk for styring av prosjekter dermed kvalitetssikring med standardoppsett for oppgåver, interessentar og fasesjekkliste.
Søre Sunnmøre samarbeidet: Kontorstøtteverktøy med meir: Microsoft 365	Microsoft 365 vart satt i drift i juni 2022. Løysinga gjev tilsette høve til ei meir digital samhandling med redusert mengd e-postar og dokumentversjonar. Vi har i 2023 hatt fokus på kompetanseheving og læring. Vi har henta ut nokre gevinstar, men er framles berre i startgropa. Oppsettet av Microsoft 365 og forvaltninga av løysinga vert å vurdere mot slutten av 2024. Gevinstar - Auka effektivitet (samskriving, chat, videomøter) - Digitalisering av oppgåvestyring for å gje større grad av sporbarheit og redusere risiko for feil. (Planner og Tasks) - Effektivitetsauke gjennom korte og konsise møter over video, utan tap av arbeidstid

Volda kommune: Saumlause Klasserom	Auka kvalitet på undervisninga i voldaskulen. Enkel, smidig, robust, tilgjengeleg samanheng i det digitale miljøet i klasseromet. I fyrste denne delen IKT strategien: saumlasue klasserom er vi hovudsak kome til Skjermar og lyd. Lyd og bilete som pedagogiske verkemiddel er svært vikitge for alle elevane. Det handlar også om inkludering og tilpassa opplæring. Anskaffelse er gjennomført ettermetodikk frå det nasjonale programmet for Innovative anskaffelser. Prosjektet er gjennomført og ferdig. Gevinstar - Alle tilsette vart inkludert, sett og hørt og hadde påverknad på resultatet, og har eigarskap til løysinga. - Alle tilsette får utstyret til å fungere etter intensjonen - Meir tid til eleven - Tilsette som meistrar
Volda kommune: Modernisering og oppgradering av skjermar, pcar, møterom osb.	Vi har dei siste par åra gjort større løft i kommunen, men diverre er det framles ein god del IKT-utstyr, som våre tilsette er avhengige av idag, utdatert og gammalt. Det stetter ikkje krav frå moderne system og fører til at arbeidsprosessar tek lenger tid enn naudsynt, og i nokre tilfeller v ikkje nye system fungere i det heile, til dømes videomøter. Krav til teknologi og arbeidsprosessar har endra seg radikalt dei siste åra, og kommunen har hatt ei god utvikling på fleire områder men her har vi ikkje heilt lykkast å halde tritt med utviklinga på dette området. Den tekniske gjelda til kommunen må reduserast. Utan dette vil vi ha utfordringar med gevinstrealisering ved bruk av nye teknologiar(t.d. system). Erfaringsmessig vert IKT-utstyr utdatert og krevjande å halde vedlike etter omlag 5 år og for å redusere kommunens tekniske gjeld, vert det kvar vinter kartlagt kva utstyr som ikkje settar dagens behov. Avdeling for Innovasjon og digitalisering går gjennom kartlegginga med tenestene og vurdere behovet som ligg til dei einskilde fagfelte. Vi skal ikkje investere i ny teknologi og erstatte utdatert utstyr etter eit fast intervall på 5 år, men skal ha oversikt over utstyret vi eig til ei kvar tid, og ved behov investere i nytt, etter eit definert behov. Teknologien endrar seg raskt , og nye einingar kan erstatte den tradisjonelle kontorplasser for mange av våre tilsette.

Volda kommune: Modernisering og oppgradering av IKT infrastruktur i kommunen	Behovet for robust og sikker infrastruktur i kommunen vert større for kvart år. Tal einingar som h behov for tilgong til kommunen sitt nettverk aukar raskt. I dei to største sektorane våre, Helse og omsorg, og Oppvekst så har det kome på plass eit par tusen nye einingar dei siste åra, og det er forventa at den utviklinga vil halde fram, til dømes ved innføring av velferdsteknologiske løysingar og fleire digitale læremiddel og verktøy. Også innannfor samfunnssektoren har det vore ei stor utvikling, og her har vi nok berre sett starten. Til dømes har Eigedom innført robotar innanfor reinhald, både støvsugarar og vaskarar. Det er forventa at sektoren vil ta i bruk fleire typar nye sensorteknologiar innanfor alle fagområder som ligg til sektoren. Kommunen må difor modernisere og utvide kapasiteten i sin eigen infrastruktur på jamnleg basis. SSIKT har ansvar for å drifte og vedlikehalde eksisterande IKT infrastruktur i kommunen, men det er kommunens eige ansvar å syte for utvida infrastruktur i kommunen, til dømes fornying av nettverk mellom bygg og inne i bygga.
Programvare bibliotek	Systemet som biblioteka nyttar idag vert avvikla, og kommunen må difor skifte ut Micromark. Dette er ei felles utfordring for alle kommunane i Møre og Romsdal. Anbod og innkjøp, samt drift vert koordinert for alle kommunane av Fylkeskommunen Møre og Romsdal. Møre og Romsdal ha vore med som opsjonskommune for ein anskaffelse i regi av Oslo kommune - Deichmans. Deichmans har anskaffa kjerneløysing, men det er ingen aktørar i marknaden som stetter Deichmans krav til formidlingsløysingar(sjølvbetjening). Møre og Romsdal fylkeskommune har no starta opp ein prosess for korleis ein skal gå framover. Volda kommune har signert på avtale gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune med valt leverandør. Systemet vert innført i 2024. Gevinstar: - Meir fornøgde brukarar av bibliotektenesta - Meir fornøgde tilsette - Redusert manuelt arbeid

Digi Møre og Romsdal: Anskaffing av DigiBarnevern løysing	Dagens situasjon Dei siste årene er det gjennomført fleire vurderingar av kvaliteten til IT-løysningane som nyttast i det kommunale barnevernet i Norge. Hovudkonklusjonen er at utilstrekkelig IT-støtte avgrensar barnevernet si evne til å gje god og effektiv hjelp til born og unge som treng det, og at manglande hjelp frå IT-løysningar hindrar barnevernet i å nå formålet med barnevernlova. Bufdir og KS har samarbeid om ny standard for Barnevernsløysinga - DigiBarnevern Volda kommune er prosjektleiar for innkjøp av nytt sytem for sju barnevernstenester gjennom Digi Møre og Romsdal. I 2023 har vi arbeidd med kravspesifikasjon og utlysing vart gjort før nyttår. Evaluering og tildeling vert gjort fyste halvår i 2024. Volda kommune vil gjennom den ovanfor nemnde prosessen avklare på kva tidspunkt ein skal innføre nytt sytem.
Volda kommune: Trygg løysing for video til bruk for opplæring og evaluering for avdeling Barnevern og Heimeteneste.	Heimetenesta har som mål å implementere ein trygg videoløysing der ein sjukepleiar kan reise til sjukehuset eller pasienten, til dømes Ålesund sjukehus, få ein grundig gjennomgang av kompleks medisinske prosedyrar og filme dei. Deretter kan tilgangen givast til andre sjukepleiarar som skal besøke pasienten, slik at dei kan sjå gjennom opptaka fleire gonger. Dette vil også vere nyttig for oppfriske prosedyrane før dei besøker pasienten, særleg etter lengre feriar. Ein slik ordning vil og redusere stress og bidra til å førebyggje sjukefråvær blant sjukepleiarane som ofte jobbar åleine og må handtere mange ulike tekniske og medisinske prosedyrar. Gevinstane av ein slik løysing vil vere betre service for både pasientar og pårørande, sidan sjukepleiaren som besøker dei vil vere godt førebudd etter å ha sett opplæringsvideoar. I barnevernet er det behov for å kunne ta opp videoar av familiar og rettleiingssesjonar for opplæring og sertifisering av rettleiarar. Det er naudsynt å finne ein trygg løysing for opptak, lagring og sletting av slike videoar for å overhalde personvernkrava i GDPR. Den noverande løysinga med utdaterte videokamera og bruk av ordinære PC-ar for visning av videoar er ikkje tilstrekkeleg og utgjer ein sikkerheitsrisiko. Gevinst for barnevernet Ei videoløysing vil effektivisere opplærings- og sertifiseringsprosessen for rettleiarar, og dermed auke kvaliteten på råd og rettleiing som blir tilbode til familiar. Status 2023 Løysinga er anskaffa og i bruk hjå Barnevernet. Heimetenesta har hatt nokre tekniske utfordringar med mobilapplikasjonen så der ligg vi bak skjema. Det er forventa at applikasjonen er feilretta innan april 2024.

Volda og Ørsta kommune: Programvare til avdeling for integrering; Flyktning og vaksenopplæring	Avdeling for integrering nytta eit eldre system, som også vart nytta av NAV Volda før ein inngjekk samarbeid om NAV med Ørsta kommune. NAV Ørsta/Volda har halde i drift dei gamle systema til Volda og Ørsta kommune, og Integreringsavdelinga har difor kunne halde fram å nytte denne. NAV Ørsta/Volda fekk endra behov måtte gå til anskaffing av nytt system, og vil vert sett i drift 01.01.2022. Det gamle systemet til NAV Ørsta/Volda vert drifta i ein periode utover 2022, men vil til slutt bli avvikla og sletta. Anskaffinga vart gjort i samarbeid med Ørsta kommune. Det førte til ein meir kostnadseffektiv prosess, samt vi oppnådde eit svært godt økonomisk resultat for prosjektet. Gevinstar - Effektivisering – Nytt systemet vil gjere at vi kan arbeide meir heilhetleg på VLS og slippe masse manuelle papirlister. - Auka tenestekvalitet – Alle har oversikt over tiltak kring den einskilde til ein kvar tid, noko vi ikkje har idag. - Reduserte kostnader – Ukjent, men vil lette arbeidskvardagen for dei tilsette - Redusert tid til administrasjon – vil kunne frigjere 5 % adm. arbeid
Søre Sunnmøre samarbeidet: Digital heimeoppfølging	Volda kommune er prosjektleiar for samarbeidet. Prosjektet er berre gjort synleg her, sjå under Helse og omsorg for meir utfyllande informasjon
Volda kommune: Velferdsteknologi på natt	Prosjektet er berre gjort synleg her, sjå under Helse og omsorg for meir utfyllande informasjon
Volda kommune: Digital satsing i barnehage	Prosjektet er berre gjort synleg her, sjå under Oppvekst/Barnehage for meir utfyllande informasjon

Oppfølging av mål og satsingsområder

Livskvalitet og meistring

Beskriving av satsingsområde

Generelt om satsingsområde

Dei tre satsingsområda "vekstkraft og attraktive lokalsamfunn", "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet "organisasjonsutvikling" handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

Kven er vi?

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.



Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova "ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon". Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er vi, voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

FN sine berekraftsmål

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

- 3 – God helse og livskvalitet
- 4 – God utdanning
- 17 – Samarbeid for å nå måla
- 16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Livskvalitet og meistring

For voldasamfunnet er det viktig at innbyggjarane og sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å medverke til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistarar tilværet, sjølve livet. Folkehelsearbeid handlar både om å fremme livskvalitet og trivsel, og om førebyggjande arbeid for å redusere risiko for sjukdom, funksjonsnedsetting, psykiske og sosiale problem. Det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar og frivillige er viktig for å sikre livskvalitet og meistring. Tiltak som fremjer mangfald og integrering er òg ein viktig del av dette arbeidet.

Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på egne evner, og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen. Volda kommune skal ha trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistarar og lærer.

Frivillige lag og organisasjonar er nokon av dei viktigaste samfunnsbyggjarane i eit lokalsamfunn, og har arenaer der både born, ungdom, vaksne og eldre kan lære, meistre, vere i aktivitet, skape og få til ting – saman. Frivilligheit skaper engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. «It take`s a village to raise a child» er eit gamalt afrikansk ordtak. Barn sin oppvekst krev ein felles innsats frå både familie, naboar, vener, barnehagen, skulen og samfunnet i vid forstand. Gjennom samarbeid og samskaping skal vi legge til rette for sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn der born får ein god oppvekst og vaksne trivst. Uformelle møteplassar og arenaer for lek, aktivitet og friluftsliv bidreg til auka fysisk aktivitet, kontakt mellom folk og meistringsopplevingar uavhengig av sosial tilhøyrse og alder.

Befolingsframskrivingane for Volda kommune viser at vi i tida framover får fleire eldre innbyggjarar og forsørgerbyrda vil auke. Aldersvenlege lokalsamfunn handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ein aldrande populasjon. Eit aldersvenleg samfunn er eit samfunn der eldre mellom anna har reell moglegheit til å ferdast i og nytte nærmiljøet, kan bu heime lengst mogleg, har aktivitetar dei har lyst til å delta på og moglegheit til å kome seg dit, unngår einsemd og sosial isolasjon og kan delta og bidra som den ressursen dei er. Satsing på universell utforming og tilgjenge i offentlege bygg, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar, er ein del av dette.

Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda og handlar om å gi adekvat hjelp så tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv før vanskaner vert komplekse og fastlåste. Tidleg inn kan vere tidleg i alder, men også tidleg i eit forløp. Med tidleg innsats kan vi unngå at utfordringane blir så store at det oppstår andre tilleggsutfordringar.

Tilgang til reint drikkevann er ein føresetnad for god helse. Reint drikkevann og god vasskvalitet er også ein viktig del av folkehelsearbeidet.

Korleis kan ditt nærmiljø bli ein enda betre stad å bu og vekse opp?

Kva meiner du er viktig for å utvikle eit aldersvenleg samfunn?

Målsettingar

- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Beskriving av satsingsområde

Generelt om satsingsområde

Dei tre satsingsområda "vekstkraft og attraktive lokalsamfunn", "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet "organisasjonsutvikling" handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

Kven er vi?

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.



Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova "ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon". Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og

andre. Det er vi, voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

FN sine berekraftsmål

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

9– Industri, innovasjon og infrastruktur

11- Berekraftige byar og lokalsamfunn

17 – Samarbeid for å nå måla

16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, og det er forventa at veksten skal halde fram. Volda og Ørsta er definert som ein økonomisk region. Det er korte avstandar og mykje pendling mellom dei to tettstadane, og fleire regionale funksjonar som sjukehus, høgskule, jordskifte, tingrett, Statens lånekasse, HELFO, vegstasjon og flyplass er lokalisert her. Samla sett utgjer Volda og Ørsta «den fjerde byen» i Møre og Romsdal fylke. For å styrke og vidareutvikle den regionale rolla må vi vere ein aktiv utviklar av lokalsamfunn som er attraktive for busetnad, næringsutvikling, handel og tenesteyting. Trygge og gode barnehagar og skular er ein viktig del av dette. Samarbeid på tvers av kommunegrenser er også avgjerande for å utvikle ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion.

Høgskulen i Volda er blant dei største utdanningsinstitusjonane mellom Bergen og Trondheim. Studentane, studentlivet og kompetansemiljøet på høgskulen har stor verdi både for lokalmiljøet og regionen, og gir Volda ein nasjonal posisjon. Sjukehuset er ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, og er samtidig ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen.

Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenteret. Volda sentrum har fortettings- og transformasjonspotensiale, og må vidareutviklast til eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. Det vil vere viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare, framheve og utvikle viktige blågrøne strukturar, område for lek og opphald og element som gir Volda sentrum særpreg og identitet. Viktige sentrumsfunksjonar bør vidareutviklast og styrkast.

Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentra. Levande bygder er viktig for å sikre busetting i alle delar av kommunen. Dei er også viktige for å sikre framtida sin matproduksjon, for å utvikle kommunen som ein reise- og opplevingsdestinasjon og for lokalisering og utvikling av anna økonomisk aktivitet. Tenestetilbodet i lokalsentra bør bygge på kunnskap om framtidige tenestebehov og ressursbruk for berekraftige tenester.

Både krig, energikrise og synlege klimaendringar som varmebølger og tørke i Europa er vekkjarar for at landet bør sikre større grad av sjølvforsyning i eigen matproduksjon og stimulere til større og meir variert lokal produksjon. Det er viktig å sjå landbruksnæringa i samanheng med anna næringsutviklingsarbeid i kommunen, og legge til rette for vekst og utvikling. Også fjordbruk er ei verdifull næring i og for kommunen.

God digital infrastruktur i heile kommunen er viktig for busetting og næringsutvikling og for å kunne sikre gode velferdstenester i framtida. Større vegprosjekt, som fjordkryssingar, ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene og opprusting av fv60 mellom Tomasgard og Røyarhus bru vil redusere reisetid, binde saman ulike delar av regionen og styrke kommunen sin regionale posisjon. Sjøvegen er også ein viktig transportåre, som har utviklingspotensiale. Det vil og vere viktig å sikre tilgang på mineralressursar for planlagt utbygging og utvikling.

I Volda kommune kan ein utforske storslåtte fjell, fiske på fjorden eller sjå etter sjøorm i Europas djupaste innsjø; Hornindalsvatnet. Reiselivsnæringa har eit potensiale for utvikling. Nye tilbod, aktivitetar og attraksjonar kan óg gjere lokalsamfunna meir attraktive, og auke busettinga. Å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom frivillige, næringsliv, kommunen, nabokommunar og andre. Gjennom samskaping og samarbeid med ulike samfunnsbyggjarar skaper vi vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.

Kva er det som gjer at du trivst i lokalmiljøet ditt?

Kva trur du vi samskaper om i framtida?

Målsettingar

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.

Grøn omstilling

Beskriving av satsingsområde

Generelt om satsingsområde

Dei tre satsingsområda “vekstkraft og attraktive lokalsamfunn”, “livskvalitet og meistring” og “grøn omstilling” representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet “organisasjonsutvikling” handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

Kven er vi?

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.



Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova “ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon”. Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er vi, voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

FN sine berekraftsmål

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

- 13– Stoppe klimaendringar
- 17 – Samarbeid for å nå måla
- 16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Grøn omstilling

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor i dag. Grøn omstilling handlar om å bidra til å møte klima- og miljøutfordringane, både ved å redusere utslepp, og ved å tilpasse oss klimaendringane som vi veit kjem.

Vi har eit mål om at voldasamfunnet skal redusere sine direkte utslepp med minst 55 % innan 2030, samanlikna med referanseåret 2009. 2009 er anbefalt referanseår, då [Miljødirektoratet sin statistikk for klimagassutslepp](#) viser årleg utvikling for kommunane med tidsserie som går tilbake til 2009. Statistikken viser direkte utslepp innanfor kommunen sitt geografiske område, der direkte utslepp er det som fysisk skjer innanfor Volda kommune sine grenser; til dømes knytt til transport, avfallshandtering eller jordbruk.

Transportsektoren er ein av dei største utsleppskjeldene i Volda kommune. Eit lokalsamfunn med kort avstand mellom heim, barnehage, skule, arbeidsplass og daglege gjeremål reduserer trafikkmengda. I Volda sentrum er det moglegheiter for fortetting og transformasjon. Da er det viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare blågrøne strukturar og område for lek og opphald.

Korte avstandar mellom målpunkt gjer det også enklare for fleire å gå eller sykle i kvardagen. Å gjere det attraktivt å gå og sykle inneber å utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelveggar. Dei bilane som er igjen på vegane bør ha så lite utslepp som mogleg. Kollektivtilbodet har eit utviklingspotensial. Endring i reisemiddel vil kunne redusere klimagassutslepp, men også gje ein gevinst i lokale miljøforbetringar (reduert støy, støv mv.). Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel for å nå reduksjonsmålet. Gjennom å redusere transportbehovet og legge til rette for utsleppsfrie reiser vil utsleppa påverkast positivt. Gjennom å ta i vare karbonrike areal vil ein også auke klimagassopptaka.

Det meste av energien vi nyttar lokalt kjem frå vasskraft og er fornybar, men når fossil energi skal fasast ut og samfunnet i større grad skal elektrifiserast trengst stadig meir fornybar kraft. Det ligg eit potensiale i å nytte fleire og andre fornybare energikjelder, som til dømes solkraft, jord- og sjøvarme og biogass. Forbruket av energi er også unødig høgt, mange bygningar nyttar til dømes meir energi enn nødvendig. Energieffektivisering av bygg kan mellom anna handle om smartare straumstyring, betre isolasjon, utnytte solvarme, varmegjenvinning og energieffektiv belysning.

Produksjon av varer fører til utslepp av klimagassar, mikroplast og miljøgifter. I ein sirkulær økonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Når vi til dømes kjeldesorterer avfall er vi med på å ta vare på ressursane, slik at dei kan brukast på nytt. Samtidig er lågare forbruk naudsynt for å redusere utsleppa.

Det er kritiske suksessfaktorar at både kommunen som organisasjon og heile voldasamfunnet er villige til å ta konsekvensane av kva eit fastsett klimamål faktisk inneber. Er vi villig til å investere i miljøvenlege produkt og tenester, leggje offentlege institusjonar og bustadfelt langs kollektivaksane, nytte meir kollektivtransport, røye oss meir fysisk i staden for å køyre, reise mindre og gjenbruke meir? Kunnskapsdeling, god informasjon og haldningsskapande arbeid er også ein viktig del av arbeidet som må til for å nå måla.

Uansett om vi klarer å redusere utsleppa vil klimaet halde fram med å endre seg. Her lokalt kan vi vente oss vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, regnflaum, skred og stormflo i åra framover.

Klimatilpasning handlar om å gjere samfunnet i stand til å handtere klimaendringane.

Det inneber mellom anna å bygge hus, vegar og anna infrastruktur slik at det toler framtidas klima. Klimaendringar, meir ekstremver og fortetting gjer at større mengder overvatn skal handterast samtidig. I tettbygde stromk må vi legge til rette for og prioritere naturbaserte overvassløysingar som bekkeopning og drenerande flater. Vi ynskjer å nytte blågrøn faktor som eit verkty for å sikre at vegetasjon og ulike løysingar for open overvasshandtering vert teke inn tidleg i planlegginga av byggeprosjekt.

Ein viktig føresetnad for å nå FN sine berekraftsmål er å ta i vare natur og artar. Vi er avhenging av naturen for å ha ein velfungerande økonomi, for å ha levebrød, mattryggleik og god helse. Endring i arealbruk er den største trusselen mot biologisk mangfald. Ved å vere ein arealnøytral kommune vil vi redusere tap av natur. Å vere arealnøytral vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må vi først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal. Det betyr at vi ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel må vi vurdere alle ubebygde areal i kommuneplanen på nytt.

Korleis kan vi redusere klimagassutslepp i vårt lokalmiljø?

Målsettingar

- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Organisasjonsutvikling

Beskriving av satsingsområde

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdier



Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde som er forankra i kommunen sine verdier Raus – Modig – Kompetent – Lærande. Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistarar, trivest og får nytta ressursane sine.

Ei meistringsorientert leiing har ein tydeleg retning med definerte roller, krav og mål og ein tydeleg meining, der ein motiverer og inspirerer til måloppnåing. Ei meistringsorientert leiing gir også individuell merksemd og støtte.

I eit arbeidsmiljø med godt meistringsklima blir tilsette motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Ein har også god delingskultur. I eit arbeidsmiljø med stor grad av meistringstru har kvar enkelt tilsett tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.

Volda kommune er ein stor arbeidsplass med mange tilsette i ulike fagområde. Kommunen har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar, samtidig som ein arbeider for å tilby innbyggjarane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er utsett, med pressa drift, høg lånegjeld og framleis trong om store investeringar. Det er viktig at politikarar, innbyggjarar og administrasjon har felles kunnskap om

situasjon og utfordringar, og at lokaldemokratiet meistrar å prioritere ressursbruken i eit langsiktig og heilskapleg berekraftperspektiv. Eit levande lokaldemokrati med aktive borgarar er viktig for det samla norske demokratiet. Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

Målsettingar

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

Kommunen sine tenesteområde

Administrasjonsstab

Skildring av tenesteområde

I administrasjonsstaben har ein samla ansvar for informasjon, beredskap, innovasjon og digitalisering, prosjektutvikling, næringsfond, grunnforhandlingar og rådgjeving. Sakshandsaming etter alkohollova og serveringslova ligg til administrasjonsstaben. Skal ein nå satsingsområda som ligg i kommuneplanen, samtidig som vi skal oppnå krav om effektivisering og innsparing, må ein ha eit målretta fokus nettopp på tenesteutvikling, mål- og kvalitetsarbeid og digitalisering. Samfunnsutviklinga medfører behov for endringar, og det vil liggje målkonflikter mellom intensjonar og økonomiske realitetar. Ein vert utfordra på å gjere prioriteringar. Administrasjonsstaben vil vere sentrale for å initiere og setje i verk ulike prosessar saman med leiarane i sektorane for å ha eit stadig fokus på best mogleg utnytting av ressursar – til beste for heile Volda kommune.

Kommunikasjonsmål i Volda kommune

Gjennom vår kommunikasjon, både internt i kommunen og eksternt til innbyggjarar og andre interessentar, har vi som mål å;

- Gjere informasjon om kommunen sine tenester og tilbod lett tilgjengeleg.
- Leggje til rette for medverknad i saker som vedkjem innbyggjarar.
- Gi auka kunnskap om kommunen sine samfunnsoppdrag.
- Formidle komplekse saker på ein enkel og forståeleg måte.
- Synleggjere kommunen sine aktivitetar og resultat i ulike sektorar.

Internkontroll og tilsyn

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2023, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Det har blitt gjennomført ROS-analyser knytt til personvern og informasjonssikkerheit på fleire fagsystem og i samarbeid med sektorane. Personvernrådgjevar og sikkerheitsansvarleg har delteke i utarbeiding av sjekklister for å ivareta krava til personvern og informasjonssikkerheit ved bruk av nye fagsystem/appar.

Beredskap og samfunnsikkerheit

Beredskapsarbeidet vert gjort i samsvar med årshjulet i kvalitetssystem for beredskap. Statsforvaltaren hadde tilsyn med kommunal beredskapsplikt for Volda kommune våren 2023. Kommunen har starta arbeidet med revisjon av heilskapleg ROS. Resultatet av ROS-analysen skal leggst fram for kommunestyret våren 2024. Volda kommune implementerte nytt beredskapssystem, Rayvn, i oktober. Det var ingen alvorlege hendingar knytt til beredskap i 2023.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Administrasjonsstab	4,00	0	0	4,00
Dokumentasjon og service	6,15	0	0	6,15
Politisk	0	0	0	0
Total	10,15	0	0	10,15

Årsverk (tekst)

Avviket på årsverk gjeld ordførar og vara-ordførar i hhv 100 og 40 % stilling. Dei ligg inne i budsjettet, men kjem ikkje med på rapportane. Dette fordi alle politikarar som får møtegodtgjerlse ligg inne, og dei ville og komt med om ein rapporterte på dette kapitlet. Dette ville gitt ei feilaktig framstilling av ressurs til politisk leing.

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
9	3	-	-	-	-

Viktige hendingar

Administrasjonsstab

Barnefattigdom

Administrasjonen fekk oversendt ei problemstilling rundt utviklinga av låginntektsfamiliar i samband med budsjetthandsaminga for 2022 i Volda kommune. Tema bør utgreiast nærare for å vite meir om utfordringar og behov, og kva tiltak som vil treffe. Det vart foreslått ei utgreiing rundt dette i 2022. Grunna prioriterte oppgåver med auka flyktningbusetting og prosjektarbeid med Voldakortet for studentar og heiltidskultur er utgreiinga utsett. Ei slik utsetting vil dra nytte av råd frå [ekspertgruppa](#) for barn i fattige familiar, som leverte sin rapport «En barndom for livet. Økt tilhørighet, mestring og læring for barn i fattige familier» i november 2023.

Voldakortet

Administrasjonsstaben utgreidde studentinsentivordninga [Voldakortet for studentar](#) i 2020, og evaluerte ordninga 1. halvår 2023. Det vert arbeidd med auka innsats på informasjon, marknadsføring og vidareutviklinga av ordninga i samarbeid med Volda Næringsforum, studentar, studentparlamentet, høgskulen og samskipnaden. Sidan hausten 2023 har vi arbeidd med å etablere digitalt Voldakort. Ordninga er ikkje sett i verk ennå då vi treng lengre tid på å kunne tilby brei nok forankring i lokalt næringsliv. I 2023 melde 225 studentar flytting til Volda. Det er løyvd kr 800 000 pr. år i økonomiplanperioden som skal dekke Voldakortet til 150 studentar. Avvik utover dette vert meldt i tertialrapporten.

Flyktningfeltet

Grunna auka flyktningbusetting frå Ukraina har kommunalsjef oppvekst fått styrka støtte frå administrasjonsstaben til oppgåver på flyktningfeltet.

Heiltidskultur og Tørn

Administrasjonsstaben bidreg med støtte til personalavdelinga og sektorane knytt til prosjektleiing for [Heiltidskultur](#) og [Tørn](#).

Dokumentasjon og service

Det har blitt gjennomført fleire endringar som bidreg til effektivisering og auka digitalisering knytt til sakshandsaminga, mellom anna integrasjon mellom saksbehandlingssystemet og HR-systemet.

Arkivgruppa på Søre Sunnmøre har halde fram samarbeidet om ei rekke digitale kurs for å gje sakshandsamarane god opplæring i bruk av saksbehandlingsverktøyet. Arbeidet med å konvertere og langtidsbevare fagsystem som blei brukt i tidlegare Hornindal kommune har helde fram også i 2023.

På forsommaren 2023 sto avdelinga ansvarleg for å gjennomføre KS si innbyggjarundersøking. Innbyggjarundersøkinga er eit verktøy for å måle tenstekvalitet, bu-kvalitet og lokaldemokrati i kommunen, undersøkinga blei sendt ut til alle innbyggjarane over 18 år, busett i Volda.

Sentralbordet til Volda kommune har frå hausten 2018 vore plassert hos Vanylven kommune. 1. desember kom det tilbake til Volda kommune, med opningstid 10.00-14.00, fram til Ørsta kommune tar over sentralborddrifta for Volda frå 1. mars 2024.

Politisk

11. september 2023 var det kommunestyre- og fylkestingsval. Førebuing, gjennomføring og etterarbeid etter eit val er omfattande og ressurskrevjande for avdeling Dokumentasjon og service, men godt forarbeid og godt innarbeide rutinar sikrar ei god gjennomføring.

Våren 2023 tok kommunen i bruk "Kaukus møteinnkalling", som er eit system som kallar inn vara når ein politisk representant melder forfall til eit møte, noko som mellom anna sparar tid for administrasjonen som elles ville gått med til mykje manuelt arbeid med å kalle inn vara

Innovasjon og digitalisering

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering arbeider på tvers av alle sektorar og tenester. Det vert vist til kommunen sitt digitaliseringsprogram for oversikt over kommunen sine digitaliseringsaktivitetar.

Framheva viktige hendingar i 2023

Breiband

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbyggjar bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen. Det er tre aktive prosjekter under utbygging når vi går ut av 2023, prosjekta dekkjer store delar av Volda kommune. Prosjekta er tildelt midlar frå Fylkeskommunen. Tussa IKT har to prosjekt og Telenor eitt. Tussa IKT sine prosjekter er noko forsinka, men vil bli slutført til sommaraen 2024 etter ny plan. Telenor er forventet ferdig med sitt prosjekt iløpet av 2024.

Ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for kommunane på Søre Sunnmøre

Volda kommune søkte og fekk innvilga skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren for å få gjennomført ei ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for samarbeidet på Søre Sunnmøre. Det vart utarbeida konkurransegrunnlag vinteren 2022. Konkurransen vart gjennomført tidleg i 2023, og den strategiske vurderinga enda i ein sluttrapport som vart overlevert til kommunedirektørgruppa og ordførarane for Sjustjerna i juni måned.

Kommunedirektørane og Ordførarane leiar prosessen vidare ut i 2024.

Prosjektkommune for anskaffing av DigiBarnevernsløysing - Digi Møre og Romsdal

Volda kommune leiar prosjekt for anskaffing av DigiBarnevernsløysing for totalt 15 kommunar i Møre og Romsdal. Desse 15 kommunane utgjer totalt 7 barnevernstenester. Kommunane er som følgjer, i alfabetisk rekkefølge: Aukra, Fjord, Hareid, Herøy, Hustadvika, Molde, Rauma, Sande, Stranda, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, og Ørsta. Volda kommune får kompensasjon frå Digi Møre og Romsdal på 300 000kr, desse vert utbetalt ved prosjektavslutning andre kvartal 2024.

Verksemdsarkitektur, informasjonssikkerheit og personvern

Kommunen har stort fokus på sikkerheit og personvern. Difor har arbeid med dette blitt prioritert høgt i kommunen, og vi har no etablert eit godt dokumentasjonsgrunnlag for vidare arbeid med verksemdsarkitektur*.

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
11-Administrasjonsstab	11 600	6 010	12 170	570	4,7 %
13-Dokumentasjon og service	5 284	5 797	5 847	563	9,6 %
14-Politisk	4 515	5 523	5 485	971	17,7 %
15-Innovasjon og digitalisering	13 100	12 900	13 593	493	3,6 %
Sum	34 498	30 230	37 095	2 597	7,0 %

Kommentar til status økonomi

Administrasjonsstab

Mindreforbruk på omlag 0,5 mill kroner som følgje av reduksjonar på kostnadssida.

Dokumentasjon og service

Avdelinga har eit mindreforbruk på 563 150 kr. Hovedårsaka til dette er eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kostraklasse 195 (avgifter, gebyr og lisensar) på 299 162 kr. Dette skyldes at det var tatt høgde for utgifter knytt til bevaring og uttrekk av eldre arkivdatabaser, men dette blei dekt gjennom midlar frå kommunereform-prosjektet. Utgiftene på denne posten har totalt sett auka litt i forhold til 2022, noko som hovedsakleg har si årsak i at kommunen har tatt i bruk fleire digitale fellestenester.

Avdelinga har hatt eit moderat forbruk og fått auke i inntekter gjennom refusjonar for løn, i tillegg til auke av inntekt gjennom sal av eigedomsopplysningar/meklarpakkar.

Politisk

Politisk har eit mindreforbruk på 970 613 kr. Dette skuldast i hovudsak eit mindreforbruk på kostraklasse 80 - godtgjersle folkevalde - som var budsjettert høgt med tanke på at det ville bli ekstra-utgifter i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet og fordi det var forventa auka utgifter knytt til tapt arbeidsforteneste. Desse utgiftene blei lavare enn forventa.

Det er også eit mindreforbruk knytt til kostraklasse 470 (overføring til andre) , noko som har si årsak i at formannskapet har løyvd mindre midlar av disposisjonsfond enn formannskapet har hatt moglegheit til.

Etter avtale

Innovasjon og digitalisering

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering har gjennomført det meste som var planlagt i 2023.

Det er inntektsført 300 000kr i refusjon frå staten. Dette er midlar Volda kommune har fått tildelt frå KDD for prosjektet "Digital deltaking og kompetanse for innbyggjar". Prosjektet har arbeidstittelen "Sprek på nett" og vert gjennomført fyste halvår i 2024. Tilskotet vil bli brukt opp til prosjektslutt 30. juni 2024.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	14 939	13 451	14 138	687	4,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	9 417	10 297	11 705	1 409	12,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	13 096	12 722	12 566	-156	-1,2 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsutgifter	16 936	9 876	10 219	343	3,4 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	54 388	46 345	48 628	2 283	4,7 %
Salgsinntekter	-8 576	-10 240	-9 856	383	-3,9 %
Refusjoner	-2 734	-1 570	-1 640	-69	4,2 %
Overføringsinntekter	-34	-37	-37	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-11 344	-11 847	-11 533	314	-2,7 %
Netto resultat	43 044	34 498	37 095	2 597	7,0 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.	Vi skal ha god teknisk og digital infrastruktur i heile kommunen	Breiband - hastighet	87,8 %	89,0 %	99,0 %	I praksis har no heile Volda kommune breibandsdekning.
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.	Kommunedirektøren gjennomfører informasjonsmøte med tilsette	2,0	2,0	47,0	Kommunedirektøren har i år 2023 i staden for fellesmøter sendt ut informasjonsbrev til dei tilsette kvar fredag.
		Høg rolleklarheit	4,1			10-faktor undersøkinga er ikkje gjennomført i år 2023.
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,3			10-faktor undersøkinga er ikkje gjennomført i år 2023.
		Meistringsorientert leiing	4,7			10-faktor undersøkinga er ikkje gjennomført i år 2023.
		Meistringsklima	4,0			10-faktor undersøkinga er ikkje gjennomført i år 2023.
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettamme	100,0 %	100,0 %	93,1 %	
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt				

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Sjukefråvær i organisasjon	9,0 %	8,5 %	5,1 %	
	Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar.	Valgdeltaking kommunestyreval	0,0 %	70,5 %	66,7 %	Deltaking i kommunestyrevalet var 62,4 % for Norge som heilheit.
	Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste	Tal sidevisningar på menypunktet "Saksdokument og møteplan" på heimesida	10 200	10 300		
		Tal som ser politiske møter på nett	1 300	1 350	1 407	
		Følgjarar i SoMe (FB, Snap, Instagram)	7 750	8 100	8 179	
		Folkemøte	2,0	2,0	3,0	
		Månadens hendingar sett frå ordførar sin ståstad	8	8	0	
Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.	Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane	Årleg beredskapsøving	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	
		Årleg gjennomgang av beredskapsplan	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	
		Årleg rapportering av beredskap på sektornivå	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)	6 463	6 948	5 373	6 317	5 744
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B)	420	509	334	470	377
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B)	4 498	4 781	4 302	4 731	4 394
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B)	270	202	363	144	166
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,7 %	6,7 %	6,3 %	6,7 %	6,4 %
Levekår					
Indeks berekna utgiftsbehov	1,040	1,029	1,047	1,028	1,011

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Bronsefond	0	123	0,0 %	-123
Svormuseet				
IKT investeringar Volda kommune	3 918	3 424	87,4 %	494
Sum	3 918	3 547		371

Statustekst investeringar

IKT investeringar Volda kommune

Investeringsprosjektene er stortsett i samsvar med plan med nokre få forsinkelsar.

Prosjekter som ikkje vil bli avslutta i år har blitt overført til neste år, med informasjon i statusfeltet på kvifor desse måtte flyttast.

Informasjon om kvart einskild prosjekt er oppdatert.

Samandrag status investeringar

Innovasjon og digitalisering

Prosjekta for flyktning og vaksenopplæring kom svært godt ut økonomisk gitt eit veldig godt innkjøpssamarbeid med Ørsta kommune. Kommunen fekk ein svært god pris etter forhandling som gav oss eit mindreforbruk på 180 000kr.

Prosjekt for DigiBarnevern er planlagt ført over til 2024 då det ikkje har påløpt kostnader der endå. Volda kommune er prosjektleiar for anskaffing av DigiBarnevernsløying for totalt 7 barnevernstenester i Møre og Romsdal. For dette får Volda kommune ei overføring av midlar frå DigiMR på 300 000kr. Volda kommune stiller med kompetane innanfor alle aspekt av anskaffinga og tilsette fører difor timar inn i prosjektet.

Prosjekt for bibliotek vert også overført til 2024 då fellesanskaffinga med alle kommunane i Møre og Romsdal tok meir tid enn planlagt. Det er gjort avrop på ny avtale, og systemet vert innført i 2024.

Grunna redusert kapasitet i avdeling for innovasjon og digitalisering har ein hatt noko mindre forbruk på IKT-utstyr og infrastruktur-investeringane. Desse er også planlagt overført til 2024 for å kunne realisere planlagte investeringar.

Trygg løysing for pasientvideo og barnevernstenesta vart også gjennomført med gode forhandlingar som gav eit gunstig økonomisk resultat. Prosjektet er avslutta og er overført til drift.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,89 %	6,40 %	8,29 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,77 %	0,00 %	1,77 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,94 %	1,79 %	4,73 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,36 %	2,40 %	4,75 %

Status sjukefråvær og HMS

Dokumentasjon og service

Avdelinga har eit samla sjukefråvær for 2023 på 8,2 %, dette er ei auke frå 4.14% i 2022. Sjukefråveret i 2023 er i stor grad knytt til langtidsfråver, og det blir jobba aktivt med å tilpasse arbeidsoppgåvene slik at den/dei som er sjukemeldte kan vere så mykje på jobb som mogleg.

Politisk

Avdelinga har ikkje sjukefråver.

Dokumentasjon og service

Skildring av tenesteområde

Avdelinga har ansvar for servicekontoret på rådhuset og for servicekontoret i Hornindal, for postmottak og arkiv. Vi har arkivfagleg ansvar for dokumentasjonsforvaltninga i kommunen og står for dagleg drift, utvikling og internkontroll av kommunen sitt sakshandsamarsystem. I tillegg er avdelinga politisk sekretariat og ansvarleg for gjennomføring av val. Rollene som sikkerheitsansvarleg, personvernrådsgjevar og beredskapsrådsgjevar er lagt til avdelinga.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Dokumentasjon og service	6,15	0	0	6,15
Total	6,15	0	0	6,15

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
7	0	-	-	-	-

Viktige hendingar

Det har blitt gjennomført fleire endringar som bidreg til effektivisering og auka digitalisering knytt til sakshandsaminga, mellom anna integrasjon mellom saksbehandlingssystemet og HR-systemet.

Arkivgruppa på Søre Sunnmøre har halde fram samarbeidet om ei rekke digitale kurs for å gje sakshandsamarane god opplæring i bruk av saksbehandlingsverktøyet. Arbeidet med å konvertere og langtidsbevare fagsystem som blei brukt i tidlegare Hornindal kommune har helde fram også i 2023.

På forsommaren 2023 sto avdelinga ansvarleg for å gjennomføre KS si innbyggjarundersøking. Innbyggjarundersøkinga er eit verktøy for å måle tenstekvalitet, bu-kvalitet og lokaldemokrati i kommunen, undersøkinga blei sendt ut til alle innbyggjarane over 18 år, busett i Volda.

Sentralbordet til Volda kommune har frå hausten 2018 vore plassert hos Vanylven kommune. 1. desember kom det tilbake til Volda kommune, med opningstid 10.00-14.00, fram til Ørsta kommune tar over sentralborddrifta for Volda frå 1. mars 2024.

Kommentar til status økonomi

Avdelinga har eit mindreforbruk på 563 150 kr. Hovedårsaka til dette er eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kostraklasse 195 (avgifter, gebyr og lisensar) på 299 162 kr. Dette skyldes at det var tatt høgde for utgifter knytt til bevaring og uttrekk av eldre arkivdatabaser, men dette blei dekt gjennom midlar frå kommunereform-prosjektet. Utgiftene på denne posten har totalt sett auka litt i forhold til 2022, noko som hovedsakleg har si årsak i at kommunen har tatt i bruk fleire digitale fellestenester.

Avdelinga har hatt eit moderat forbruk og fått auke i inntekter gjennom refusjonar for løn, i tillegg til auke av inntekt gjennom sal av eigedomsopplysningar/meklarapakkar.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 606	4 791	4 916	125	2,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 617	1 456	1 841	384	20,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	391	15	0	-15	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	6 613	6 262	6 757	495	7,3 %
Salgsinntekter	-403	-428	-356	72	-20,2 %
Refusjoner	-189	-550	-554	-4	0,7 %
Sum Driftsinntekter	-592	-979	-910	68	-7,5 %
Netto resultat	6 021	5 284	5 847	563	9,6 %

Grafar økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,16 %	0,99 %	4,14 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,45 %	3,97 %	7,43 %

Status sjukefråvær og HMS

Avdelinga har eit samla sjukefråvær for 2023 på 8,2 %, dette er ei auke frå 4.14% i 2022. Sjukefråveret i 2023 er i stor grad knytt til langtidsfråver, og det blir jobba aktivt med å tilpasse arbeidsoppgåvene slik at den/dei som er sjukemeldte kan vere så mykje på jobb som mogleg.

Politisk

Skildring av tenesteområde

Formannskap og dei tre tenesteutvala; tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur og tenesteutval for forvaltning og utvikling, har 9 medlemmar kvar. Kommunestyret er kommunen øvste organ og har 33 medlemmer, ordførar er Sølvi Dimmen. Hovudoppgåva er å vedta overordna mål og utvikle langsiktige strategiar for verksemda til kommunen. Kommunestyret vedtek òg kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

Politisk sekretariat skal bidra til eit velfungerande lokaldemokrati, og skal legge til rette før auka demokratisk deltaking for innbyggjarane. Gjennom digitalisering skal politisk sekretariat bidra til auka openheit og innsyn i politiske prosessar i Volda kommune.

Politisk sekretariat skal følgje opp rutinar for vedtaksoppfølging og rapportering av vedtak.

Viktige hendingar

11. september 2023 var det kommunestyre- og fylkestingsval. Førebuing, gjennomføring og etterarbeid etter eit val er omfattande og ressurskrevjande for avdeling Dokumentasjon og service, men godt forarbeid og godt innarbeide rutinar sikrar ei god gjennomføring.

Våren 2023 tok kommunen i bruk "Kaukus møteinnkalling", som er eit system som kallar inn vara når ein politisk representant melder forfall til eit møte, noko som mellom anna sparar tid for administrasjonen som elles ville gått med til mykje manuelt arbeid med å kalle inn vara

Kommentar til status økonomi

Politisk har eit mindreforbruk på 970 613 kr. Dette skuldast i hovudsak eit mindreforbruk på kostraklasse 80 - godtgjersle folkevalde - som var budsjettert høgt med tanke på at det ville bli ekstra-utgifter i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet og fordi det var forventa auka utgifter knytt til tapt arbeidsforteneste. Desse utgiftene blei lavare enn forventa.

Det er også eit mindreforbruk knytt til kostraklasse 470 (overføring til andre) , noko som har si årsak i at formannskapet har løyvd mindre midlar av disposisjonsfond enn formannskapet har hatt moglegheit til.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 156	3 596	4 281	685	16,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	580	773	751	-22	-2,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	85	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	220	183	490	307	62,7 %

Årsmelding 2023



	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Driftsutgifter	5 041	4 552	5 522	970	17,6 %
Salgsinntekter	1	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	8	0	0	0	0,0 %
Overføringsinntekter	-34	-37	-37	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-24	-37	-37	0	-0,5 %
Netto resultat	5 017	4 515	5 485	971	17,7 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Innovasjon og digitalisering

Skildring av tenesteområde

Innovasjon og digitalisering er ei avdeling i administrasjonsstaben.

Digitaliseringsaktiviteten i kommunen er styrt gjennom kommunen sitt Digitaliseringsprogram. Programmet er omtalt i eige kapittel. Digitaliseringsrådgjevaren i avdelinga leiar kommunen sitt digitaliseringsprogram og kommunen sitt digitaliseringsråd. Digitaliseringsrådgjevar representerer også kommunen i det interkommunale digitaliseringsrådet.

Avdelinga har ansvar for:

- Syte for overordna samordning innanfor innovasjon- og digitaliseringsarbeidet som vert gjort i kommunen, og Sjustjerna-samarbeidet.

- Ansvar for å følge opp Søre Sunnmøre IKT sin leveranse til kommunen.
- Budsjett og resultat-ansvar for IKT investeringar, og IKT Tenester (inkludert SSIKT)
- Portefølje og prosjektstyringsmetodikk og verktøy for kommunen
- Oppfølging av tenesteleveranse frå IKT Nordfjord i samband med drift av system som er under avvikling frå tidlegare Hornindal kommune
- Halde oversikt over kommunen sin IT-arkitektur, herunder alle IKT system, integrasjonar, og datasett
- Utarbeide og halde oversikt over kommune sin verksemdsarkitektur*
- Legge til rette og syte for breibandsutvikling i kommunen

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Viktige hendingar

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering arbeider på tvers av alle sektorar og tenester. Det vert vist til kommunen sitt digitaliseringsprogram for oversikt over kommunen sine digitaliseringsaktivitetar.

Framheva viktige hendingar i 2023

Breiband

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbygger bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen. Det er tre aktive prosjekter under utbygging når vi går ut av 2023, prosjekta dekkjer store delar av Volda kommune. Prosjekta er tildelt midlar frå Fylkeskommunen. Tussa IKT har to prosjekt og Telenor eitt. Tussa IKT sine prosjekter er noko forsinka, men vil bli slutført til sommaraen 2024 etter ny plan. Telenor er forventa ferdig med sitt prosjekt iløpet av 2024.

Ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for kommunane på Søre Sunnmøre

Volda kommune søkte og fekk innvilga skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren for å få gjennomført ei ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for samarbeidet på Søre Sunnmøre. Det vart utarbeida konkurransegrunnlag vinteren 2022. Konkurransen vart gjennomført tidleg i 2023, og den strategiske vurderinga enda i ein sluttrapport som vart overlevert til kommunedirektørgruppa og ordførarane for Sjustjerna i juni måned.

Kommunedirektørane og Ordførarane leiar prosessen vidare ut i 2024.

Prosjektkommune for anskaffing av DigiBarnevernsløysing - Digi Møre og Romsdal

Volda kommune leiar prosjekt for anskaffing av DigiBarnevernsløysing for totalt 15 kommunar i Møre og Romsdal. Desse 15 kommunane utgjer totalt 7 barnevernstenester. Kommunane er som følgjer, i alfabetisk rekkefølge: Aukra, Fjord, Hareid, Herøy, Hustadvika, Molde, Rauma, Sande, Stranda, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, og Ørsta. Volda kommune får kompensasjon frå Digi Møre og Romsdal på 300 000kr, desse vert utbetalt ved prosjektavslutning andre kvartal 2024.

Verksemdsarkitektur, informasjonssikkerheit og personvern

Kommunen har stort fokus på sikkerheit og personvern. Difor har arbeid med dette blitt prioritert høgt i kommunen, og vi har no etablert eit godt dokumentasjonsgrunnlag for vidare arbeid med verksemdsarkitektur*.

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Kommentar til status økonomi

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering har gjennomført det meste som var planlagt i 2023.

Det er inntektsført 300 000kr i refusjon frå staten. Dette er midlar Volda kommune har fått tildelt frå KDD for prosjektet “Digital deltaking og kompetanse for innbyggjar”. Prosjektet har arbeidstittelen “Sprek på nett” og vert gjennomført fyste halvår i 2024. Tilskotet vil bli brukt opp til prosjektslutt 30. juni 2024.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	465	1 505	1 743	238	13,6 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12 530	12 447	12 520	73	0,6 %
Overføringsutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	12 995	13 952	14 263	311	2,2 %
Salgsinntekter	-240	-96	0	96	0,0 %
Refusjoner	-389	-756	-670	85	-12,7 %
Sum Driftsinntekter	-629	-852	-670	181	-27,1 %
Netto resultat	12 365	13 100	13 593	493	3,6 %

Grafar økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			Avvik i kr
	Rev. bud.	Rekneskap	Forbruk i % i år	
IKT investeringar Volda kommune	3 918	3 424	87,4 %	494
Sum	3 918	3 424		494

Statustekst investeringar

IKT investeringar Volda kommune

Investeringsprosjektene er stortsett i samsvar med plan med nokre få forsinkelsar.

Prosjekter som ikkje vil bli avslutta i år har blitt overført til neste år, med informasjon i statusfeltet på kvifor desse måtte flyttast.

Informasjon om kvart einskild prosjekt er oppdatert.

Samandrag status investeringar

Prosjekta for flyktning og vaksenopplæring kom svært godt ut økonomisk gitt eit veldig godt innkjøpssamarbeid med Ørsta kommune. Kommunen fekk ein svært god pris etter forhandling som gav oss eit mindreforbruk på 180 000kr.

Prosjekt for DigiBarnevern er planlagt ført over til 2024 då det ikkje har påløpt kostnader der endå. Volda kommune er prosjektleiar for anskaffing av DigiBarnevernsløying for totalt 7 barnevernstenester i Møre og Romsdal. For dette får Volda kommune ei overføring av midlar frå DigiMR på 300 000kr. Volda kommune stiller med kompetane innanfor alle aspekt av anskaffinga og tilsette fører difor timar inn i prosjektet.

Prosjekt for bibliotek vert også overført til 2024 då fellesanskaffinga med alle kommunane i Møre og Romsdal tok meir tid enn planlagt. Det er gjort avrop på ny avtale, og systemet vert innført i 2024.

Grunna redusert kapasitet i avdeling for innovasjon og digitalisering har ein hatt noko mindre forbruk på IKT-utstyr og infrastruktur-investeringane. Desse er også planlagt overført til 2024 for å kunne realisere planlagte investeringar.

Trygg løysing for pasientvideo og barnevernstenesta vart også gjennomført med gode forhandlingar som gav eit gunstig økonomisk resultat. Prosjektet er avslutta og er overført til drift.

Oppvekst

Skildring av tenesteområde

Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistar og lærer

Visjonen kjem fram i ny oppvekstplan utarbeidd i 2022. Oppvekstplanen og visjonen skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som arbeider i sektoren. Dei lovpålagde oppgåvene og måla styrer arbeidet vårt, medan visjonen peikar på det overordna målet og teiknar opp kursen vår.

Den interkommunale barneverntenesta som Volda er vertskommune for, utfører oppgåvene kommunen har etter barnevernlova. Tenesta skal, saman med samarbeidspartnarar, ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Helsestasjonen si verksemd vert styrt av helse- og omsorgstenestelova (avgrensa til helsestasjonsverksemd), helsepersonellova (avgrensa til helsestasjonsverksemd) og folkehelselova. Dette inneber svangerskaps- og barselsomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom og studentar. Kommunepsykolog og familie- og ungdomsrettleiar er organisatorisk lagt til avdeling helsestasjon.

I 2022 var det oppretta stilling som koordinator tidleg innsats. Koordinator arbeider no hovudsakleg med ulike tverrfaglege utviklingsarbeid som skal gjere organisasjonen betre i stand til tidleg oppdage skeivutvikling og kunne setje inn rett tiltak for å hindre dette.

Volda kommune har 8 kommunale barnehagar som utfører oppgåver styrt av barnehagelova m. forskrift og rammeplan for barnehagen. Spesialpedagogisk koordinator er organisatorisk lagt til avdeling barnhage. Kommunen har tilsyns- og rettlegeansvar for dei 6 private barnehagane. Det er i tillegg ein open barnehage i kommunen.

Kommunen har 7 grunnskular som utfører oppgåver styrt av opplæringslova m. forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er organisatorisk lagt til avdeling skule.

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og spesialundervisning for vaksne, norskopplæring og introduksjonsprogram. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova og integreringslova.

Volda er ein del av interkommunal PPT, med Ulstein som vertskommune.

Tidleg innsats er eit grunnleggande prinsipp i sektoren, som skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dei skal møte tilgjengelege tilsette med rett kompetanse og som er trygge i rollene sine.

Sektor for oppvekst skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Alle tilsette skal oppleve eit inspirerande miljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.

Overordna mål

Utover dei måla som kjem fram i lov og forskrift for tenesteområda, er det i kommuneplanen sin samfunnsdel og oppvekstplanen for sektor oppvekst at dei overordna måla for tenesteutøvinga kjem fram.

Samfunnsdelen i kommuneplanen vektlegg at folkehelse handlar om førebyggjande arbeid innan alle kommunen sine verksemdar, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenker helse i alt vi gjer.

Volda kommune har i sine planstrategiar vedteke at berekraftmåla i FN skal flettast inn i kommunen sine delplanar. For sektor oppvekst vurderer vi særleg at følgjande berekraftmål er særleg relevante:

God helse og livskvalitet

Sektor oppvekst skal arbeide systematisk for å fremje god helse både psykisk og fysisk. Dette vert mellom gjort m.a. ved å gjennomføre universelle, pedagogiske program som omhandlar psykisk helse i barnehage og skule.

God utdanning

I sektor oppvekst er ein medvite på at utdanningsløpet er både barnehage, grunnskule og vaksenopplæring og integrering.

Samarbeid for å nå måla

Berekraftsmålte fungerer som ei felle, global retning og prioritert innsats. Dette ligg til grunn i sektor oppvekst, sidan utgangspunktet er at samhandling gir betre tenester.

Oppvekstplanen er delt i tre hovudområde:

1. Trivsel, deltaking og medverknad
2. Meistring og læring
3. Gode tilbod og tenester

Under kvar område er det nedfelt delmål/ønska resultat. Alle tilsette i sektoren er sentrale for å nå desse måla. Tett og godt samarbeid i sektoren er avgjerande for å nå desse måla.

Internkontroll og tilsyn

Sektoren har i 2023 hatt merksemd på internkontroll, og avdelingane har arbeidd fram system som skal stette krava til internkontroll i kommunelova.

I 2023 førte Statsforvaltaren tilsyn med Øyra skule. Tema for tilsynet var korleis skulen arbeider med saker som vedkjem opplæringslova kap. 9a, arbeidet med å sikre trygt og godt skulemiljø. Dei avvika Statsforvaltaren påpeika vart lukka.

Beredskap og samfunnsikkerheit

Sektoren følgjer det overordna kommunale kriseplanverket og krav til sektoren sin beredskap finst i fleire lover og forskrifter.

Som ein del av *Beredskapsplanen for Volda kommune*, har sektoren innan barnehage- og skuledrifta ein eigen delplan som skal sikre at barnehagen og skulen har analysert mogelege scenario, og er førebudd om ei alvorleg hending skulle skje.

Sektoren har også ein beredskaps-plan for hendingar der elevar ikkje kjem seg heim frå skule grunna ras/skred.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Stab oppvekst	3,00	0	0	3,00
Helsestasjon	15,44	0	0	15,44
Barnehage	99,86	0	0	99,86
Skule	188,02	5,79	0	193,81
Vaksenopplæring og integrering	28,40	0	0	28,40
Interkommunalt barnevern	47,16	0	0	47,16
Total	381,88	5,79	0	387,67

Årsverk (tekst)

For sektoren samla sett er det godt samsvar mellom budsjetterte årsverk og faktisk bruk.

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
391	83	12	-	150	25

Viktige hendingar

Mottak av flyktningar

I 2023 vart det også teke mot eit høgt tal ukrainske flyktningar. Tenestene i kommunen og lokalsamfunnet elles har lagt ned ein stor innsats for å kunne ta i mot og gje gode tenester til alle. Volda læringssenter, som står i førstelina i arbeidet, er bemanna opp for å kunne løyse alle oppgåvene. Hittil har ein kunne tilby barnehageplass og skuleplass nær heimen til dei fleste barn og unge. Etter to år med særleg høg busetting, er det lite restkapasitet i dei fleste barnehage, og særleg ved dei tre skulane i Volda sentrum. Elevar som vert busette i Volda sentrum etter 01.01.24, vil få sitt innføringstilbod ved Folkestad skule.

Barnevernet har fått saker som gjeld busette flyktningar. Nokre av desse sakene er særleg krevjande og akutte. Tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Bufdir si avdeling for utanlandssaker.

Psykisk helse

Det er ein auke i talet på barn og unge som strevar med si psykiske helse. Dette kan ein mellom anna sjå att i auken i talet på elevar med ufrivillig skulefråvær. Samhandlingsreforma, oppvekstreforma og opptrappingsplan for psykisk helse (2023-2033) gir kommunane større ansvar for å tilby hjelp og behandling i større grad enn før. Med bakgrunn i dette sette kommunedirektøren ned ei arbeidsgruppe med mandat til å evaluere korleis arbeidet med rus og psykisk helse hos barn, ungdom og unge vaksne er i Volda kommune og korleis betre dette arbeidet for å kunne møte auken av barn og unge, samt

pårørnde som har behov for bistand og nødvendig helsehjelp. Rapporten gav grunnlag for vidare arbeid med "ny teneste" og første tverrfagleg workshop var i november 2023. Det er forventa at arbeidet vil føre til oppretting av ein eigen seksjon som skal kome i møte desse utfordringane.

Barnevern

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har også hatt fokus i 2023. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vart overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har tatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av fleire kommunar i Møre og Romsdal.

Helsestasjon

2023 har vore prega av utviklingsarbeid i heile sektor oppvekst. På helsestasjonen har arbeidet med BTI og kartleggings- og arbeidsverktøyet 'Tidlig Inn' barn og unge og deira familie. Implementering av BTI har vore eit viktig arbeid i alle ledd i arbeid med barn og unge. Samtidig har det gitt kompetanseheving på tvers av sektoren. Implementering og vidareutvikling av BTI arbeidet vil halde fram i 2024.

"Barn og unge si helsetjeneste i Møre og Romsdal" ei satsingen inn imot psykiske vanskar hjå barn og unge. Helsestasjonen har her hatt ei rolle både på styringsgruppenivå i fylket og i arbeids- og ressursgruppa lokalt. Satsing er pågåande.

Familie og ungdomsrettleiar tok ICDP sertifisering og hadde gruppe/kurs for foreldre med born i alderen 0-1 år. Helsestasjonen hadde og Cos-kurs på helsestasjonen til foreldre til born i alderen 4 mnd - 2 år.

Barnehage

Auka bemanninga på småbarnsavdelingane vart vidareført i 2023. Dette er eit viktig tidleg-inn tiltak som medverkar til at dei tilsette i større grad kan vere tett på og følgje opp dei yngste barna.

Ei rekke kompetanseutviklane tiltak vart gjennomført i 2023, og blir vidareført i 2024. Evaluering av rutinar for foreldresamarbeid har gitt ei styrking av arbeid med tilvenning og styrking av overgangar. Volda kommune fyl småbarnsforskinga «Liten og ny- foreldreaktiv tilvenning i barnehagen». Vidare held barnehagane fram arbeidet med å implementere og bevare ny kunnskap og kompetanse i organisasjonen etter Voldaprojektet. Certfisert og implementering av tryggleikssirkelen (COS-P) og «Se barnet innenfra» (SBI) som begge bygger på tilknytningsteori og fremmer mentaliseringsevne og relasjonsbygging er gode verkty for foreldre og tilsette.

I det regionale nettverksarbeidet (REKOMP) er statleg finansiert og Volda i partnerskap med PPT/STATPED og Høgskulen i Volda satsa på ASK, alternativ og supplerande kommunikasjon, opplæring i alle barnehagane. Alle desse grepa styrkjer kvarandre og er i tråd med måla i oppvekstplanen

Fleire barnehagar har fått oppgradert utemiljøet.

Tilsette i barnehagane fekk i 2023 arbeidskle av arbeidsgjevar.

Barnehagane har fått digitale ressursar som gjer dei betre i stand til å kome møte mla i rammeplan for barnehagar.

9. august vart nytt system for administrasjon og kommunikasjon mellom barnehage, SFO og skule og heim tilgjengeleg for foreldre og tilsette. Oppvekstkontoret og leiarar i barnehage og skule tok i bruk systemet 1. august.

Skule

2023 vart eit nytt år der grunnskulane måtte rigge seg for å ta imot mange ukrainske elevar, og gi eit heilskapleg skuletilbod som inkluderte særskilt språkopplæring. Hovudsakleg vart dette gitt ved dei tre største skulane i sentrum, men også Hornindal skule fekk i løpet av året fleire elevar frå Ukraina. I løpet av 2023 vart det bestemt at ein skal rigge eit innføringstilbod for ukrainske elevar busett i Volda sentrum på Folkestad skule. Ein tilsette for dette hausten 2023, men det er først i 2024 ein vil sjå at dette tilbodet for alvor vil verte utnytta.

I hovudutlysinga for lærartilsetjinga har kommunen over år vore i ein heldig situasjon og fått mange, gode søkarar. Vi ser at vi er i skarp konkurranse med våre nabokommunar, og må prøve å få definert behova våre tidleg slik at vi er raskt ute med å rekruttere dei med høgast kompetanse. Midt i skuleåret ser vi at rekrutteringsutfordringane var store, og tilgangen til kvalifisert personell er krevjande.

Ny Volda ungdomsskule sto klar rett før sommaren 2023, og nytt skuleår kunne ta til i moderne, flotte lokale. Her ligg det godt til rette for å kunne gjennomføre praktisk og variert undervisning for elevane våre.

Ved Øyra skule ser ein ved fleire årsteg at det er utfordrande med kapasiteten. Ein har sett på korleis ein best kan kome denne utfordringa best i møte, m.a ved å utnytte større grupperom til deling, bruke uteskule som metode og utnytte ledig kapasitet når ei klasse har t.d kroppsøving, symjing eller utedag.

Vaksenopplæring ig integrering

Krigen i Ukraina har i stor grad prega Volda læringssenter og Volda kommune også i 2023. I 2022 busette Volda kommune 147 flyktningar og i 2023 har 141 flyktningar kome til Volda. Dei aller fleste flyktningane som kom i 2023 kom frå Ukraina, bortsett frå to familiar kom som kvoteflyktningar. Det har vore ei jamn busetting gjennom heile året.

Tenesta blei vesentleg styrka i 2022 som eit resultat av flyktningstraumen som skuldast krigen i Ukraina. Det har vore opp mot 200 elevar på Volda læringssenter i 2023, men elevtalet varierer. Stor fleksibilitet hos dei tilsette er nødvendig for å kunne gi flyktningane eit godt tilbod. Volda kommune har også leigd undervisningslokale i Sjukehusvegen 6A for å kunne tilby lovpålagt undervisning til alle deltakarane. Flyktningane har motteke språkopplæring i norsk og kvalifisering til skule og arbeid.

I tillegg har Volda læringssenter tilbod i Individuelt tilrettelagt opplæring for vaksne med særskilde behov.

Det er no ca. 30 tilsette ved Volda læringssenter, inkludert vikarar og tolkar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
21-Stab oppvekst	10 634	9 049	9 811	-823	-8,4 %
22-Barnevern Volda	20 677	17 002	19 376	-1 301	-6,7 %
23-Helsestasjon	10 548	11 726	10 658	110	1,0 %
24-Barnehage	117 606	110 381	117 047	-559	-0,5 %
25-Skule	155 108	136 923	153 407	-1 701	-1,1 %
26-Vaksenopplæring og integrering	39 432	16 763	40 058	627	1,6 %
27-Interkommunalt barnevern	437	0	437	0	0,0 %
Sum	354 441	301 844	350 795	-3 646	-1,0 %

Kommentar til status økonomi

Sektor oppvekst hadde i 2023 eit negativt avvik på 3 646 140 kroner. Det tilsvarar 1,0 % av tildelt budsjett.

Dei viktigaste postane som har bidrege til negativt avvik:

- Høgare kostnader til PPT enn budsjetttert.
- Kostnadskrevjande tiltak i barnevernstenesta, som institusjonsplassering.
- Noko høgare kostnader til private barnehagar enn budsjetttert
- Kostnader til Statens pensjonskasse som ikkje var budsjetttert
- Lågare brukar-betaling i SFO grunna innføring av gratistimar

Avdelingane skildrar nærare sine rekneskap for 2023 i sine delrapportar.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	338 113	380 328	383 056	2 728	0,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	27 791	35 865	34 242	-1 624	-4,7 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	80 734	96 756	92 377	-4 378	-4,7 %
Overføringsutgifter	3 272	2 050	1 840	-209	-11,4 %
Finansutgifter	0	0	-21	-21	100,0 %
Sum Driftsutgifter	449 911	514 998	511 494	-3 504	-0,7 %
Salgsinntekter	-16 682	-15 891	-17 180	-1 289	7,5 %
Refusjoner	-123 909	-144 199	-142 670	1 529	-1,1 %
Overføringsinntekter	-159	-468	-342	125	-36,6 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-507	-507	100,0 %
Sum Driftsinntekter	-140 750	-160 557	-160 699	-142	0,1 %
Netto resultat	309 161	354 441	350 795	-3 646	-1,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.	Høg rolleklarheit	4,1		4,0	
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,1		4,1	
		Meistringsorientert leining	3,9		3,9	
		Meistringsklima	4,0		4,1	
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme	100,0 %	100,0 %	101,0 %	
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt				
		Sjukefråvær i organisasjon	10,5 %	8,5 %	8,7 %	
	Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar.	Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,7	3,5	
	Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap.	Andel som takkar ja til heimebesøk etter fødsel	0,0 %	76,0 %	90,0 %
		Auka nærvær skule	92,5 %	93,0 %	92,8 %	
		Fristbrot i undersøkingssaker (Barnevern)	6,5 %	5,0 %	0,0 %	

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga	90,0 %	90,0 %	82,1 %	
		Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon)	5,0 %	5,0 %	1,7 %	
		Trivsel i grunnskulen	4,2	4,2	4,0	
		Gjennomføring i vidaregåande opplæring	84,7 %	85,0 %	83,9 %	
		Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar	100,0 %	100,0 %	60,0 %	
		Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg	3,2	3,3	3,5	
		Auka nærvær barnehagar	86,2 %	91,5 %	91,0 %	
	Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggjande arbeid.	Einsemd, ungdom	0,0 %	20,0 %	10,0 %	
		Prosentdel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av depressive symptom	0,0 %	17,0 %	16,0 %	
		Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	22,0	21,0	22,0	
	Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen.	Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar	4,8	4,8	4,3	
		Innvandrarar i arbeid		0		
Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.	Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane	Årleg beredskapsøving	Gjennomført	Gjennomført		

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
				2023		
		Årleg rapportering av beredskap på sektornivå	Gjennomført	Gjennomført		

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B)	0,7	1,2	0,4	0,7	0,7
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	3 486	4 088	3 190	3 776	3 766
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 446	15 733	12 101	15 037	15 121
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	187 667	194 254	196 161	186 636	182 642
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	110 587	112 483	109 450	111 022	105 022
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	3 265	3 355	2 288	3 814	2 925
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	3 365	5 652	6 642	7 419	7 116
Produktivitet					
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	11,5	11,2	12,5	12,1	13,1
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	170 061	176 431	184 583	185 389	180 327
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)	20 210	18 702	21 978	20 876	22 680
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B)					
Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B)	128 417	205 158	453 932	353 798	412 267
Dekningsgrad					
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,9 %	13,6 %	12,1 %	8,2 %	4,5 %
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	94,5 %	88,0 %	93,5 %	89,9 %	87,1 %
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	99,7 %	100,8 %	99,5 %	98,2 %	97,1 %
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	1,7 %	5,2 %	3,1 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	59,9 %	60,9 %	63,0 %	48,1 %	55,4 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	17,4 %	19,4 %	11,9 %	19,7 %	14,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	6,6 %	5,7 %	6,2 %	9,7 %	7,8 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	4,2 %	3,8 %	2,9 %	3,2 %	3,8 %

Årsmelding 2023

Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	103,2	120,0	107,0	121,0	99,5
Kvalitet					
Begge kjønn Universitets- og høyskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent)	12,2	11,7	8,7	9,0	10,9
Begge kjønn Universitets- og høyskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent)	81,8	82,1	85,1	79,5	76,6
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,2	4,2	4,4	4,1	
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	8	6	7	0	0
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,7	5,5	5,5	6,0	5,8
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	50,0	51,0	50,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	51,0	52,0	49,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	55	55	52	53	
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	56	53	53	
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,0	5,0	5,1	4,7	4,8

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
IKT investeringar	5 581	5 123	91,8 %	458
Oppvekst				
Sum	5 581	5 123		458

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Samla sett er det eit mindreforbruk innanfor IKT investeringar oppvekst.

Det er mindreforbruk på prosjekt visningsflater i skulen, medan det er meirforbruk på digitale læremiddel klassesett.

Ein er ikkje heilt i mål når det gjeld visningsflater, og det vil kome kostnader i 2024. Sektoren ber difor om å få overført mindreforbruket i 2023 til 2024 sum 458 234 kr.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,03 %	7,50 %	10,53 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,26 %	4,95 %	8,21 %

Status sjukefråvær og HMS

For sektoren samla, har det vore positiv utvikling i sjukefråværet. Fråværet er redusert frå 10,53 % i 2022 til 8,72 % i 2023. Det tilsvarar ein reduksjon på 17,2 %.

Dei mest gledelege resultata ser ein innan barnehagedrifta. Der er fråværet redusert frå 13,87 % til 8,94 %. Innan barnehagedrifta er det arbeid iherdig over år for å redusere fråværet, og det kan vere resultat av dette arbeidet ein no ser.

Også i skuledrifta og vaksenopplæringa har det vore reduksjon i fråværet frå 2022 til 2023.

I barnvernstenesta og på helsestasjonen har fråværet auka. I barnevernet er det korttidsfråværet som har auka, medan det på helsestasjonen er langtidsfråvær mellom nokre tilsette som dreg opp tala.

Det er gode rutinar for oppfølging av sjukmelde i sektoren. Det det er mogeleg strekker ein seg etter å tilretteleggje for tilsette for å førebygge fråvær.

Stab oppvekst

Kommentar til status økonomi

Stab oppvekst har eit meirforbruk i 2023. I hovudsak gjeld dette kostnader knytt til PPT.

Stab har også meirforbruk på avgifter, gebyr og lisensar. Dette gjeld oppvekst sin del av kostnader knytt til Visma enterprise.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 070	3 302	3 301	-1	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 275	2 502	2 236	-266	-11,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 960	4 836	4 391	-446	-10,2 %
Overføringsutgifter	223	10	0	-10	0,0 %
Sum Driftsutgifter	9 528	10 651	9 928	-723	-7,3 %
Salgsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-9	-17	-117	-100	85,8 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-9	-17	-117	-100	85,8 %
Netto resultat	9 519	10 634	9 811	-823	-8,4 %


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			Avvik i kr
	Rev. bud.	Rekneskap	Forbruk i % i år	
IKT investeringar	5 581	5 123	91,8 %	458
Oppvekst				
Sum	5 581	5 123		458

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,79 %	0,71 %	1,50 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,33 %	1,59 %	2,92 %

Barnevern Volda

Skildring av tenesteområde

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 01.01.23. har Vanylven vore ein del av samarbeidet.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Tenesta har eit Familieteam, som arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon Tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern. ”

Viktige hendingar

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har også hatt fokus i 2023. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vart overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har tatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av fleire kommunar i Møre og Romsdal.

Kommunane som er med i samarbeidet er alle opptekne med å kartlegge og utvikle god tverrfagleg samhandling. Tenesta er engasjert i dette arbeidet og ser at det er viktig for å sikre at det einskilde barnet får rett hjelp til rett tid.

Det vart ikkje rapportert fristbrot i undersøkingar i Volda kommune ved årsskiftet. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå dette målet. Vi ser likevel at nokre av kommunane hadde fristbrot. Vi erfarar at sjukefråvær, nyttilsettingar o.a raskt får konsekvensar for å tilfredsstille krava som er stilt oss.

Det har vore saker i nemnd og rett gjeldande tre barn i Volda i 2023.

Alle kommunane i samarbeidet tek i mot auka tal med flyktningar grunna krigen i Ukraina. Barnevernet har fått fleire saker som gjeld barn av busette flyktningar. Naturleg nok er ukrainske barn ein del av biletet. Sakene er til dels krevjande og akutte, og språkbarrieren gjer sakene ekstra utfordrande og tidkrevjande. Vidare er sakene utfordrande barnevernsfagleg, og tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Bufdir si avdeling for utanlandssaker.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Barnevernteneste	12 047	10 915	10 915	-1 131	-10,4 %
Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	1 242	1 021	1 039	-203	-19,5 %
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	7 388	5 066	7 422	33	0,4 %
Sum	20 677	17 002	19 376	-1 301	-6,7 %

Kommentar til status økonomi

Det har i 2023 vore eit avvik i kostnader på tiltak utanfor familien. Dette skuldast at eit barn vart flytta på institusjon tidleg på året. Eit anna barn vart også flytta først i beredskapsheim, så til institusjon seint på året. Kostnadene for barn i statlege tiltak har så høg pris at dette førar til store endringar både i utgifter og innsparingar.

Det er eit budsjettavvik på 1,03 million på kjøp frå kommunar. Forklaringa på dette er 713 000 på interkommunalt bv prognoseendringar som ikkje er budsjettjustert. 300 000 for barnevernsvakta i Ålesund. 17 000 diverse ryddingar i årsavslutninga etter at avrekning til kommunar var gjort.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 598	-1	0	1	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	-4	353	301	-52	-17,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	18 353	20 317	19 068	-1 249	-6,5 %
Overføringsutgifter	1	7	7	-1	-9,5 %
Sum Driftsutgifter	19 948	20 677	19 376	-1 301	-6,7 %
Salgsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-70	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-70	0	0	0	0,0 %
Netto resultat	19 879	20 677	19 376	-1 301	-6,7 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter

■ Salgsinntekter
 ■ Refusjoner

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Produktivitet					
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B)					
Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B)	128 417	205 158	453 932	353 798	412 267
Dekningsgrad					
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	4,2 %	3,8 %	2,9 %	3,2 %	3,8 %
Kvalitet					
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,0	5,0	5,1	4,7	4,8

Samandrag status investeringar

Helsestasjon

Skildring av tenesteområde

Helsestasjons- og skulehelsestenesta er ei teneste for alle mellom 0-20 år. Det omfatter helsestasjonsteneste 0-5 år, skulehelseteneste 6-20 år, helsestasjon for ungdom og studenter (HFUS). Helsestasjonen har mottakssamtalar/oppfølging av flyktningar.

Kommunejordmor er tilsett på helsestasjonen og dekker svangerskaps- og barselomsorga. Jordmor og helsesjukepleiar har tilbod om foreldreførebuande kurs på helsestasjonen. "Stine Sofies foreldrepakke" vert brukt i foreldrerettleiing i svangerskapsomsorga og i barnet første leveår på helsestasjonen. Helsestasjonen har tilbod om foreldrerettleiingskurs, Cos-kurs for foreldre med barn i alderen 4 mnd - 2 år.

Hausten i 2023 vart det rekruttert ny kommunepsykolog etter at tidlegare kommunepsykolog tok til i ny stilling.

Helsestasjonen har tilsett 60 % stilling for barnefysioterapeut. Fysioterapeut gjennomfører individuelle vurderingar av småbarn, har grupper på helsestasjonen og på skular, er med i undervisning i klasser og på foreldremøte .

Det er tilsett Foreldre- og ungdomsretteleiar på helsestasjonen. FUR har hatt treffetid på vidaregåande skule, oppfølging og har foreldrerettleiing i tett samarbeid med helsesjukepleiarar og psykolog.

BTI koordinator og folkehelsekoordinator er ein del av helsestasjonen og er stillingar som er knytt til tverrfagleg arbeid i heile kommunen.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Helsestasjon	14,44	0	0	14,44
Jordmor	1,00	0	0	1,00
Total	15,44	0	0	15,44

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
19	1	-	-	7	-

Viktige hendingar

2023 har vore prega av utviklingsarbeid i heile sektor oppvekst. På helsestasjonen har arbeidet med BTI og kartleggings- og arbeidsverktøyet 'Tidlig Inn' barn og unge og deira familie. Implementering av BTI har vore eit viktig arbeid i alle ledd i arbeid med barn og unge. Samtidig har det gitt kompetanseheving på tvers av sektoren. Implementering og vidareutvikling av BTI arbeidet vil halde fram i 2024.

“Barn og unge si helsetjeneste i Møre og Romsdal” ei satsingen inn imot psykiske vanskar hjå barn og unge. Helsestasjonen har her hatt ei rolle både på styringsgruppenivå i fylket og i arbeids- og ressursgruppa lokalt. Satsing er pågåande.

Med bakgrunn i aukande utfordringar knytt til sjukefråvær, skulefråfall og psykiske plager og lidingar hjå born og unge. Samtidig som samhandlingsreforma, barneverns-reforma og opptrappingsplan for psykisk helse (2023-2033) gir kommunane større ansvar for å tilby hjelp og behandling i større grad enn før. Med bakgrunn i dette sett kommunedirektøren ned ei arbeidsgruppe med mandat til å evaluere korleis arbeidet med rus og psykisk helse hos barn, ungdom og unge vaksne er i Volda kommune og korleis betre dette arbeidet for å kunne møte auken av barn og unge, samt pårørande som har behov for bistand og nødvendig helsehjelp. Rapporten gav grunnlag for vidare arbeid med “ny teneste” og første tverrfagleg workshop var i november 2023. Vidare arbeid held fram i 2024.

Familie og ungdomsrettleiar tok ICDP sertifisering og hadde gruppe/kurs for foreldre med born i alderen 0-1 år. Helsestasjonen hadde og Cos-kurs på helsestasjonen til foreldre til born i alderen 4 mnd - 2 år.

Kommentar til status økonomi

Helsestasjonen har halde dei budsjetttrammene som vart løyvde.

Store delar av mindreforbruket gjeld eit tilskot som skal setjast av til bruk i 2024

Oppsummering tiltak

Helsestasjonen har halde seg innan vedteke budsjett i 2023. Ser at enkelte budsjettpostar er mindre forbruk og enkelte noko over. Ser at “12700 - Andre tenester” viser overforbruk som skuldast uforutsett utgifter til Avonova-undersøking på helsestasjonen. Tolketeneste er og ei teneste som kan vere vanskeleg å forutsjå som ligg her.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	13 755	15 448	15 976	528	3,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 114	949	1 045	96	9,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	44	86	12	-74	-615,4 %
Overføringsutgifter	14	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	14 926	16 483	17 033	550	3,2 %
Salgsinntekter	-303	-333	-400	-67	16,8 %
Refusjoner	-2 283	-5 602	-5 468	134	-2,4 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-507	-507	100,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 587	-5 935	-6 375	-440	6,9 %
Netto resultat	12 340	10 548	10 658	110	1,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	3 486	4 088	3 190	3 776	3 766
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 446	15 733	12 101	15 037	15 121
Dekningsgrad					
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	103,2	120,0	107,0	121,0	99,5

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,46 %	6,53 %	9,99 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,10 %	14,82 %	18,92 %

Status sjukefråvær og HMS

Helsestasjonen har i 2023 hatt svært høgt sjukefråvær. Meste av fråværet skuldast langtidsjukmelding og er samansette grunnar til fråværet. Stort sjukefråvær har gitt fleire tilsette større belastning for å kunne gi lovpålagde oppgåver i tenesta.

Av tiltak for å få ned fråværet jobbar vi med å strukturere arbeidet i større grad, sær i skulehelsetenesta tenkjer vi det er viktig å jobbe meir i team for å ta ned litt av belastningane. Viktig å få på plass ny teneste for å møte dei aukande utfordringane innan psykisk helse.

Barnehage

Skildring av tenesteområde

Barnehagelova med forskrifter og rammeplan for barnehage saman med barnekonvensjonen, særleg artikkel 3 og 12, er styrande for aktiviteten i barnehagane.

Utover dette er det visjonen som er drivkrafta: *Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.*

Barnehagen er første trinn i utdanningsløpet og skal leggje grunnlaget for vidare utvikling, læring og danning. Forsking viser at hjernen er særleg mottakeleg og sensitiv for stimulering for seinare utvikling og læring. God støtte til barn i barnehagealder har større innverknad på barna si utvikling enn tiltak seinare i livet.

Samfunnsmandatet til barnehagen er at barnehagane i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap.

Som lokal barnehagemynde har Volda kommune ansvar og sjå til at alle barn får eit forsvarleg pedagogisk og trygt læringsmiljø. Barnehagemynde har tre verkemidlar til disposisjon: rettleiing, tilsyn og godkjenning. Risikovurdering skal ligge til grunn for val av verkemiddel. Barnehagemynde skal aktivt gi informasjon/rettleiing til barnehageeigar om eigar sine plikter i tråd med barnehagelova med føreskrifter.

Volda kommune har 15barnehagar.

Kommunale barnehagar	Private barnehagar
Bratteberg barnehage	Hjellbakkane barnehage

Engeset barnehage	Rotset barnehage
Folkestad barnehage	Trollsletta barnehage
Hornindal barnehage	Tunåsen barnehage
Austefjord barnehage	Røysmarka barnehage
Lauvstad barnehage	Øyra barnehage
Mork barnehage	Volda opne barnehage
Oppigarden barnehage	

Koordinator for støttetiltak, spesial-pedagogar i private barnehagar og språkassistentar er organisatorisk lagt til avdeling barnehage.

Endringar i barnehagelova og ny rammeplan for barnehage, 2017 medfører krav til kompetanseheving, endrings- og utviklingsarbeid i heile personalet, på ulike nivå og knytt til tydeleggjering av roller. I tillegg er det auka krav til samarbeid med andre tenester, krav til systematikk, dokumentasjon og møteverksemd. "Det moderne samfunnet" har medført ein auke av behov hjå barn og unge der kompleksitet og samhandling med fleire instansar har auka.

Barnehagane arbeider for at barna skal ha eit inkluderande, trygt og godt leikemiljø. Kjenneteikn ved eit trygt og godt barnehagemiljø er at barna blir bekrefta og forstått. Barn treng tilgjengelege vaksne som dei kan søke trøst og støtte hos. Emosjonsstøtte og hjelp til regulering er avgjerande for emosjonell og sosial utvikling. Barn sine behov for oppfølging krev at personalet er tilgjengelege og kan vere tett på. Det er utarbeidd felles rutine for førebyggjande arbeid med psykososialt barnehagemiljø og aktivitetsplikt.

Sektor oppvekst har potensiale til å samhandle tett både om å styrke det allmennpedagogiske tilbodet til alle barn og samhandle om det meir komplekse. Dette kan handle om å trygge overgangane i endå større grad. Evnar vi å førebygge risikoar eller fange desse opp tidlig nok, kan vi greie å snu uheldige tendensar før dette får uheldige konsekvensar for barn og familier på kort og lang sikt. Helsestasjon, barnehage og skule er førebyggjande tenester som alle har ein viktig førebyggjande funksjon og som det er av stor samfunnsøkonomisk gevinst å satse på.

Det er ein styrke at barnehagane har eit så tett og godt samarbeid også på tvers av eigarforhold. Det gjer at vi kan gje eit barnehagetilbod av lik kvalitet for alle barn og familier i Volda.

Volda kommune som barnehageeigar har det overordna ansvaret for at dei kommunale barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lov og regelverk, jf. barnehagelova § 7. Det følgjer eigaransvaret å ha ei forsvarleg styring, og nødvendige rammer for å kunne oppfylle krava i barnehagelova.

Dei viktigaste tiltaka for å sikre at barna og tilsette skal få ein god kvardag er framleis :

1. Auka bemanning til barn i alderen 3-5 år

2. Betre det fysiske miljø inne og ute i dei kommunale barnehagane

3. Auka nærvere og stabilitet i personalgruppa

4. Digital infrastruktur og verktøy som gjer at ein kan ta i bruk dataprogram som det er forventa at ein skal nytte

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Barnehage	4,79	0	0	4,79
Engeset barnehage	17,63	0	0	17,63
Mork barnehage	16,50	0	0	16,50
Folkestad barnehage	4,05	0	0	4,05
Lauvstad barnehage	6,65	0	0	6,65
Hornindal barnehage	11,82	0	0	11,82
Oppigarden barnehage	15,26	0	0	15,26
Bratteberg barnehage	20,98	0	0	20,98
Austefjord barnehage	2,18	0	0	2,18
Total	99,86	0	0	99,86

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
115	9	-	-	29	-

Likestilling - Del 2

	Antall ansatte		Årsverk		Kjønnsfordeling i %		Gj.snitt årslønn		Kvinner si gjennomsnittlige løn i prosent av menn si løn	Gj.snitt stillingsprosent		Gj.snitt ansiennitet	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
KS stillingsgruppe													
Kap 3 - Ledere kap. 3.4.2	8	0	8	0	100,0 %	0,0 %	676 363	0	-	100,0 %	0,0 %	26	0
Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder	1	0	-	0	100,0 %	0,0 %	-	0	-	-	0,0 %	-	0
Kap 4 - Stillinger uten særskilt krav til utdanning	35	3	26	-	92,1 %	7,9 %	424 147	-	-	88,9 %	-	22	-
Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	2	0	-	0	100,0 %	0,0 %	-	0	-	-	0,0 %	-	0
Kap 4 - Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	56	4	49	-	93,3 %	6,7 %	513 277	-	-	91,9 %	-	16	-

Årsmelding 2023

Kap 4 - Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	2	0	-	0	100,0 %	0,0 %	-	0	-	-	0,0 %	-	0
Total	104	7	86	4	93,7 %	6,3 %	496 171	440 757	112,6 %	91,4 %	69,3 %	19	6

Viktige hendingar

Kommunebarometer

Barnehagesektoren i Volda kommune er rangert som nummer 2 i landet.

Barnehageplass

Alle barn med lovfesta rett har fått tildelt barnehageplass.

Barn som ikkje har lovfesta rett og/eller som har flytta til i løpet av året har ikkje fått barnehageplass. Dette har også vore medverkande til at vi ikkje har hatt barnehageplassar å tilby til flyktningar i deler av året.

Auka bemanning 1-2 åringane

Barnehagane fekk i 2022 auka bemanninga på småbarnsavdelingane, noko som er eit viktig tidleg-inn tiltak som medverkar til at dei tilsette i større grad kan vere tett på og følgje opp dei yngste barna.

Kompetanseutvikling

Rapportane frå BTI og Kosip gav nyttige indikasjonar for kompetanse og kvalitet i barnehagane. Evaluering av rutiner for foreldresamarbeid der både foreldre og personale har medverka har medført ei styrking av arbeid med tilvenning og styrking av overgangar. Volda kommune fyl småbarnsforskinga «Liten og ny- foreldreaktiv tilvenning i barnehagen»

Vi held fram arbeidet med å implementere og bevare ny kunnskap og kompetanse i organisasjonen etter Voldaprojektet. Certfisert og implementering av tryggleikssirkelen (COS-P) og «Se barnet innenfra» (SBI) som begge bygger på tilknytningsteori og fremmer mentaliseringsevne og relasjonsbygging er gode verktøy for foreldre og tilsette.

I det regionale nettverksarbeidet (REKOMP) er statleg finansiert og Volda i partnerskap med PPT/STATPED og Høgskulen i Volda satsa på ASK , alternativ og supplerande kommunikasjon, opplæring i alle barnehagane. Sjustjerna si satsing på leiaropplæring er teke eit steg vidare til dei pedagogiske leiarane i barnehagen, noko som fremmer implementeringsarbeidet. Alle desse grepa styrkjer kvarandre og er i tråd med måla i oppvekstplanen

Fysiske miljø i barnehagen

Det fysiske miljøet i barnehagen har stor betydning for barns og tilsette fysiske aktivitet, trivsel og helse .Austefjord barnehage, Folkestad barnehage og Hornindal barnehage er godt i gang med å utbetre utemiljøet. Mork barnehage og Hornindal barnehage har fått oppgradert innemiljøet. Viktige tiltak som betyr mykje for barn, foreldre og tilsette.

Arbeidsklede

Tilsette i barnehagane får for første gang arbeidsklede frå arbeidsgjevar. Det har tatt si tid, prosessen har vore nokre år, og honnør til dei tilsette som tolmodig har venta på å få utlevert klede. Dei får dette året utlevert regnkledde og dress/to-delt dress.

Digitale verkty

Rammeplanen for barnehage forpliktar og legg føringar for bruk av digitale ressursar i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Bruk av digitale verktoy handlar om å knyte teknologien saman med det ein allereie gjer i barnehagen. Det er viktig at personalet reflekterer over korleis ein skal bruke denne teknologien og kva som er målet med aktiviteten, på lik linje med alle andre ting ein held på med i lag med barna.

Alle barnehagane har fått: interaktivskjerm, Bee-bot startpakke, Easiscop, trådlause høgtalarar. I tillegg så har ein oppgradert Bratteberg barnehage med Active Wall til gymsal og Active Floor til det "kvite sanserommet" og ny NAD CD-spelar til musikkrommet.

Vigilo

9. august vart nytt system for administrasjon og kommunikasjon mellom barnehage, SFO og skule og heim tilgjengeleg for foreldre og tilsette. Oppvekstkontoret og leiarar i barnehage og skule tok i bruk systemet 1. august.

Kommentar til status økonomi

Tilbakemelding jf. rekneark frå økonomisjef

Fastløn

Medverkande til mindreforbruk på fastløn kan skuldast feilføring t.d. tilsette som ikkje lengre er sjukmelde men har fått permisjon utan løn, AFP etc. og det kan vere at tilsette som har erstatta den som har våre fråverande er ført på feil konto.

Løn til vikarar - løn til ekstrahjelp

Det kan framleis vere feilføring på løn til vikarar og løn til ekstrahjelp. Mindreforbruket i einingane er også fordi det ikkje har vore mogleg å få tak i vikarar.

Kjøp av finansiell leasing av driftsmidlar

Deler av beløpet gjeld kjøp av kvitevarer til nokre barnehagar. Ein har barnehagane har brukt avsett prosjektmidlar. Meirforbruket som gjeld ansvar 2401 gjeld digitale verkty som det var forventet ført på investering – digitale utstyr barnehage.

Kjøp frå kommunar

Mindreforbruket skuldast feilføring kr. 437 374,67 som er ført på konto 13700. Det gjeld refusjonskrav frå Herøy kommune, Askøy kommune og Stad kommune. Det betyr at det er eit meirforbruk på konto 13500.

Kjøp frå andre (private)

Refusjon til dei private barnehagane gjeld: tilskot, redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt/gratis kjernetid, støttetiltak, søsken-moderasjon og endring av makspris og gratis for barn nr. 3 vart høgare enn forventa. Fleire barn har også fått støttetiltak i dei private barnehagane.

Det er feilført kr. 437 474,67 som gjeld kjøp frå andre kommunar.

Overføring til andre (private)

Gjeld i hovudsak honorar til forfattarane av kokeboka «Klare sjølv». Dette er fondsmidlar som vart ført over til nye Volda kommune frå Hornindal kommune i samband med kommunesamanslåinga i 2020.

Refusjon frå staten

Gjeld styrka språkmidlar til kommunale og private barnehagar, vasstilvenning, vidareutdanning av barnehagelærarar i kommunale og private barnehagar, fleire av barnehagane er praksisbarnehagar i tillegg til at Volda kommune fekk tildelt midlar gjennom tillitsreform kr. 250 000,- i barnehage og skule. Midlane vart bestemt nytta til å auke bemanninga hos dei yngste barna i barnehagen.

Brukarbetaling

Auka utgifter knytt til moderasjonsordning er årsaka til at inntektene er lågare enn budsjettet.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	81 080	86 178	87 523	1 345	1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 082	4 309	3 644	-665	-18,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	41 169	46 469	44 969	-1 500	-3,3 %
Overføringsutgifter	52	190	0	-190	0,0 %
Finansutgifter	0	0	-21	-21	100,0 %
Sum Driftsutgifter	125 383	137 146	136 116	-1 030	-0,8 %
Salgsinntekter	-10 162	-9 751	-10 276	-525	5,1 %
Refusjoner	-9 475	-9 563	-8 575	988	-11,5 %
Overføringsinntekter	-4	-227	-218	9	-4,0 %
Sum Driftsinntekter	-19 641	-19 540	-19 069	472	-2,5 %
Netto resultat	105 742	117 606	117 047	-559	-0,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	187 667	194 254	196 161	186 636	182 642
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	170 061	176 431	184 583	185 389	180 327
Dekningsgrad					
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,9 %	13,6 %	12,1 %	8,2 %	4,5 %
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	94,5 %	88,0 %	93,5 %	89,9 %	87,1 %

Årsmelding 2023

Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	99,7 %	100,8 %	99,5 %	98,2 %	97,1 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	59,9 %	60,9 %	63,0 %	48,1 %	55,4 %
Kvalitet					
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,7	5,5	5,5	6,0	5,8

Barnehagen har framleis høg dekningsgrad i alle aldersgrupper. Det betyr at mange barn søker og får tildelt plass i barnehagane i kommunen.

Korrigerte brutto driftsutgifter i dei kommunale barnehagane dvs. egne utgifter til tenesteproduksjon er lågare enn Ørsta, Møre og Romsdal og Kostragruppe 7.

Når det gjeld netto driftsutgifter dvs. korleis Volda kommune prioriterer å bruke ressursane sine- så viser tala at kommunen bruker meir enn både Møre og Romsdal og Kostragruppe 7. Ørsta bruker meir enn Volda til barnehagedrift. Ein medverkande årsak til dette er den høge dekningsgraden og at det er mange barn som har barnehageplass i kommunen.

Samandrag status investeringar

Kommunalsjef skal rapportere på tiltak - digitale verkty i barnehagane.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,75 %	9,12 %	13,87 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,08 %	4,58 %	8,66 %

Status sjukefråvær og HMS

Nærveret i dei kommunale barnehagane hadde i 2023 ei positiv utvikling. Barnehagane hadde i 2023 auka bemanning for å sikre meir stabilitet og for å betre kvaliteten for barna og dei tilsette. Dette er ikkje vidareført i ein barnehage i 2024. Det er blitt arbeidd systematisk over mange år, og det kan tyde på at tiltaka dei siste åra er medverkande til at ein har lukkast med å auke nærveret.

Barnehagar er ei av sju bransjar under IA-avtalen som det blir retta ekstra innsats mot - spesielt med tanke på eit høgt sjukefråver og helseslitasje. Vi held fram samarbeidet med NAV Arbeidslivssenter. Tillitsvalde, verneombod og arbeidsgjevar har ei viktig rolle i arbeidet med å auke nærveret. NAV Arbeidslivssenter , NAV-lokalt og kommuneoverlegen har vore deltakande på barnehageleiarmøte. Det

er også etablert samarbeid med NAV-lokalt 1 g. per mnd. der styrarane og/eller saman med tilsette kan på lågterskelnivå få rettleiing. 18. august hadde vi felles fagdag med alle barnehagane

Opplæring og oppfølging på leiarnivå er noko vi framleis skal ha stor merksemd på. Avdelingsleiar og personalavdelinga har tett dialog med styrarane. Slitasje etter tida med pandemi er framleis medverkande til fråveret. Styrarane er nærverande, og fylgjer tett opp tilsette som er fråverande.

Utfordringa med høgt sjukefråvere er; at det går ut over det pedagogiske arbeidet og at slitasjen på dei tilsette som er på arbeid etterkvart også kan føre til auka fråvær. Fråveret skaper vanskar med omsyn til den daglege drifta, det medfører kostnader, og det påverkar kvaliteten på tenestene. Bemanning og det fysiske miljøet jf. rapport frå Avonova er og blir viktig å ha merksemd på framover. Høgt sjukefråvere og mangel på vikarar har medført at fleire av styrarane har vore mykje på avdeling. Konsekvensen er at administrativt arbeid har blitt liggjande og det medfører stor slitasje for leiarane. Avdelingsleiar barnehage er uroa over situasjonen som leirane har stått i over fleire år, og fleire har signalisert at dei vurderer å søkje seg "vekk" frå barnehagen.

I samband med satsingsområde for HMS-arbeidet i 2021 i Volda kommune vart Avonova Helse spurt om å kartlegge støytilhøva i dei kommunale barnehagane. Tilsette har over tid opplevd støy som ei belastning, og vi vil sjå på om systematiske tiltak for å redusere støybelastninga kan bidra til å redusere fråvere i barnehagane, og generelt eit betre arbeids- og læringsmiljø for både tilsette og born. Det er viktig at desse rapportane blir følgt opp gjennom budsjettarbeidet. Rapportane skisserer konkrete tiltak som kan medverke til å betre arbeidstilhøve for både barn og tilsette i kommunale barnehagar.

Skule

Skildring av tenesteområde

Kommunen har 7 grunnskular. Av desse er det ein rein ungdomsskule, tre er 1.-10. skular og tre er reine barneskular 1.-7. Skulane utfører oppgåver styrt av opplæringslova med forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er også organisatorisk lagt til avdeling skule.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Skule	1,20	0	0	1,20
Volda ungdomsskule	47,22	1,12	0	48,34
Folkestad skule	9,69	0,92	0	10,61
Dalsfjord skule	7,46	0,52	0	7,98
Mork skule	12,15	1,67	0	13,82
Øyra skule	52,80	1,29	0	54,09
Bratteberg skule	27,96	0,17	0	28,13

Årsmelding 2023

Hornindal skule	22,91	0,10	0	23,01
Kulturskule	5,83	0	0	5,83
Logoped	0,80	0	0	0,80
Total	188,02	5,79	0	193,81

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
196	55	12	-	96	18

Viktige hendingar

2023 vart eit nytt år der grunnskulane måtte rigge seg for å ta imot mange ukrainske elevar, og gi eit heilskapleg skuletilbod som inkluderte særskilt språkopplæring. Hovudsakleg vart dette gitt ved dei tre største skulane i sentrum, men også Hornindal skule fekk i løpet av året fleire elevar frå Ukraina. I løpet av 2023 vart det bestemt at ein skal rigge eit innføringstilbod for ukrainske elevar busett i Volda sentrum på Folkestad skule. Ein tilsette for dette hausten 2023, men det er først i 2024 ein vil sjå at dette tilbodet for alvor vil verte utnytta.

I hovudutlysinga for lærartilsetjinga har kommunen over år vore i ein heldig situasjon og fått mange, gode søkarar. Vi ser at vi er i skarp konkurranse med våre nabokommunar, og må prøve å få definert behova våre tidleg slik at vi er raskt ute med å rekruttere dei med høgast kompetanse. Midt i skuleåret ser vi at rekrutteringsutfordringane var store, og tilgangen til kvalifisert personell er krevjande.

Ny Volda ungdomsskule sto klar rett før sommaren 2023, og nytt skuleår kunne ta til i moderne, flotte lokale. Her ligg det godt til rette for å kunne gjennomføre praktisk og variert undervisning for elevane våre.

Ved Øyra skule ser ein ved fleire årsteg at det er utfordrande med kapasiteten. Ein har sett på korleis ein best kan kome denne utfordringa best i møte, m.a ved å utnytte større grupperom til deling, bruke uteskule som metode og utnytte ledig kapasitet når ei klasse har t.d kroppsøving, symjing eller utedag.

Kommentar til status økonomi

Totalt går skuleområdet med eit overforbruk på 1,1% i 2023, mot eit underforbruk på 1,1% året før. Ein vurderer at desse avvika prosentvis ikkje er veldig dramatisk, men ser det likevel som utfordrande at ein går med ca 1,7 mill i meirforbruk. Det er varierande mellom skulane korleis eininga kjem ut på botnlinja. Punktvis vurderer eg at dette kan forklare totalen:

- Dei fleste einingane har vanskeleg å halde seg innan driftsbudsjettet sitt. Auka innkjøpskostnader er forklaringa på ein del av dette.
- På refusjonar ser ein at det gjennomgåande er mindre refusjonsinntekter enn budsjettet.
- Auka reguleringspremie knytt til pensjon, i overkant av 900 000 meir enn budsjettet
- Brukarbetaling (SFO) vart nær 850 000 mindre enn budsjettet. Forklaringa på dette er truleg fleire gratistimar i SFO, og dermed eit tilbod som vert meir nytta.
- Kjøp frå private, og kjøp frå kommunar, var betydeleg høgare enn budsjettet. Noko av dette er knytt til bistand frå Avonova i saker, noko er knytt til First Lego League som vi arrangerte for første gong i 2023. Dette siste tiltaket har og ei inntektsside som gjer at dette går om lag i balanse.

Tala for fastløn og løn til vikarar vurderer eg som ok totalt sett for heile grunnskuleområdet.

Tiltak

- Ein skal kritisk gå igjennom lisensavtalar på digitale læremiddel, om det viser seg å vere noko som er lite brukt vert desse å avslutte.
- Jamleg merksemd på fastløn vs vikarbruk, sørgje for stadig påminne kvarandre om at overforbruk på fastløn skal visast igjen på mindreforbruk på andre lønspostar.
- Rutinar for å sikre at inntekter vi har rett på vert fakturert og innkrevd, t.d elevar med fosterheimsplassing i vår kommune.

Oppsummering tiltak

- Ein skal kritisk gå igjennom lisensavtalar på digitale læremiddel, om det viser seg å vere noko som er lite brukt vert desse å avslutte.
- Jamleg merksemd på fastløn vs vikarbruk, sørgje for stadig påminne kvarandre om at overforbruk på fastløn skal visast igjen på mindreforbruk på andre lønspostar.
- Rutinar for å sikre at inntekter vi har rett på vert fakturert og innkrevd, t.d elevar med fosterheimsplassing i vår kommune.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	160 161	170 884	171 392	508	0,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 118	8 895	8 507	-388	-4,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 207	2 372	1 045	-1 327	-127,0 %
Overføringsutgifter	50	58	49	-9	-17,4 %
Sum Driftsutgifter	169 535	182 209	180 994	-1 216	-0,7 %
Salgsinntekter	-6 173	-5 693	-6 484	-791	12,2 %
Refusjoner	-22 886	-21 177	-20 987	190	-0,9 %
Overføringsinntekter	-147	-231	-114	116	-101,7 %
Sum Driftsinntekter	-29 206	-27 102	-27 586	-485	1,8 %
Netto resultat	140 330	155 108	153 407	-1 701	-1,1 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	110 587	112 483	109 450	111 022	105 022
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	3 265	3 355	2 288	3 814	2 925
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	3 365	5 652	6 642	7 419	7 116
Produktivitet					
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	11,5	11,2	12,5	12,1	13,1

Årsmelding 2023

Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)	20 210	18 702	21 978	20 876	22 680
Dekningsgrad					
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	1,7 %	5,2 %	3,1 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	17,4 %	19,4 %	11,9 %	19,7 %	14,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	6,6 %	5,7 %	6,2 %	9,7 %	7,8 %
Kvalitet					
Begge kjønn Universitets- og høgskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent)	12,2	11,7	8,7	9,0	10,9
Begge kjønn Universitets- og høgskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent)	81,8	82,1	85,1	79,5	76,6
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,2	4,2	4,4	4,1	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	50,0	51,0	50,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	51,0	52,0	49,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	55	55	52	53	
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	56	53	53	

Kostratala syner at vi nyttar noko meir på grunnskuledrift pr elev enn kostragruppe 7, fylket og Ørsta. Volda kommune har over tid hatt høgare tal, men ser at gapet mellom oss dei siste fem åra har vorte mindre. Når vi ser andre indikatorar, til dømes gruppestorleik (elevar pr gruppe) og skuleskyss, ser ein at ei plausibel forklaring er at Volda kommune har ein meir desentralisert skulestruktur enn dei vi samanliknar oss med. I det biletet vurderer eg at gapet mellom oss og til dømes Ørsta ikkje er særleg stort.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,52 %	6,74 %	9,26 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,92 %	4,12 %	7,04 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet gjekk i 2023 ned til 7,19%, frå 9,26% året før. Dette er ei gledeleg og merkbar nedgang. Som før er sjukefråværet høgast i 1. og 3. tertial. Det er framleis sesongsjukdommar som influensa og Covid som står for store delar av sjukefråværet i haust -og vinterhalvår. Gjennom samarbeid med Avonova har ein gjennom året, og vil halde fram i 2024, hatt fokus på HMT og ROS-analyser i høve vald - og trusselsituasjonar. Ein ser at dette følgjer med seg emosjonelle belastningar som det er viktig vert arbeidd systematisk med, slik at sjukefråvær som følgje av dette kan førebyggast. Våre systematiske tiltak for å jobbe ned sjukefråværet:

- Systematisk arbeid med eit trygt og godt arbeidsmiljø, der eit kollegium støttar og oppmuntrar kvarandre, jf samarbeida med Avonova.

- Tilrettelagde arbeidsoppgåver så langt det let seg gjere. Utfordringa er å balansere dette, slik at belastningane blir uforholdsmessige på andre.
- Kurs og kompetanseheving knytt til emosjonelle belastningar. Korleis handtere dette i eige liv og kollegaer imellom.

Vaksenopplæring og integrering

Skildring av tenesteområde

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) for vaksne, norskopplæring og gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Volda læringssenter er lokalisert på det som før var Vikebygda skule. På grunn av høge busettingstal har Volda læringssenter også disponert Sjukehusvegen 6A og 6B til undervisning og kontorlokale. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova, introduksjonslova og integreringslova.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Vaksenopplæring og integrering	28,40	0	0	28,40
Total	28,40	0	0	28,40

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
19	10	-	-	9	-

Viktige hendingar

Krigen i Ukraina har i stor grad prega Volda læringssenter og Volda kommune også i 2023. I 2022 busette Volda kommune 147 flyktningar og i 2023 har 141 flyktningar kome til Volda. Dei aller fleste flyktningane som kom i 2023 kom frå Ukraina, bortsett frå to familiar kom som kvoteflyktningar. Det har vore ei jamn busetting gjennom heile året.

Tenesta blei vesentleg styrka i 2022 som eit resultat av flyktningstraumen som skuldast krigen i Ukraina. Det har vore opp mot 200 elevar på Volda læringssenter i 2023, men elevtalet varierer. Stor fleksibilitet hos dei tilsette er nødvendig for å kunne gi flyktningane eit godt tilbod. Volda kommune har også leigd undervisningslokale i Sjukehusvegen 6A for å kunne tilby lovpålagt undervisning til alle deltakarane. Flyktningane har motteke språkopplæring i norsk og kvalifisering til skule og arbeid.

I tillegg har Volda læringssenter tilbod i Individuelt tilrettelagt opplæring for vaksne med særskilde behov.

Det er no ca. 30 tilsette ved Volda læringssenter, inkludert vikarar og tolkar.

Kommentar til status økonomi

Volda læringscenter sitt nettoresultat i 2023 viser eit lite mindreforbruk på 626 587 kroner og eit avvik på 1,6 prosent. Dette resultatet viser fornuftig økonomistyring.

Nokre poster har avvik som likevel bør kommenterast:

Konto 10200,10201,10202,10203 (Løn til vikarar):

Samla viser desse kontoane eit underforbruk på desse kontoane. Vi har prøvd å vere kreative og funne løysingar internt. Leiinga har også teke ein del undervisning på kort varsel. Ei nedgang i sjukefråveret kan også vere ein del av forklaringa.

Konto 13500 (Kjøp frå kommunar):

Underforbruket skuldast at vi ikkje har kjøpt nokre tenester frå andre kommunar i 2023.

Konto 13700 (Kjøp frå andre (private)):

Denne kontoen viser eit underforbruk. Det er mogleg dette skuldast at utgifter i samband med ordninga om tilskot bilkjøp til flyktningar er ført på ulike kontoar. Det ligg berre inne eit bilkjøp på denne kontoen, medan eit anna ser ut til å vere ompostert.

Konto 17500 (Refusjon frå andre kommunar):

Meirinntekt kjem av seint utsendt faktura og tilsvarande sein innbetaling frå Ørsta kommune i samband med prosjektet 140072 "Førebygging av radikaliserings og ekstremisme"


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	25 508	43 234	43 584	350	0,8 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 268	4 913	4 639	-274	-5,9 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14	54	279	225	80,5 %
Overføringsutgifter	9	139	139	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	27 799	48 341	48 641	301	0,6 %
Salgsinntekter	-43	-114	-20	94	-482,6 %
Refusjoner	-6 733	-8 785	-8 554	231	-2,7 %
Overføringsinntekter	-9	-10	-10	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-6 784	-8 909	-8 583	326	-3,8 %
Netto resultat	21 015	39 432	40 058	627	1,6 %

Grafer Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B)	0,7	1,2	0,4	0,7	0,7
Kvalitet					
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	8	6	7	0	0

Dei høge busettingstala bidreg til at kostraindikatoren "[Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger \(B\)](#)" er høg. Det er forventa fortsatt stigning i 2023.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,18 %	6,10 %	7,28 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,83 %	3,98 %	5,81 %

Status sjukefråvær og HMS

Det har vore ein liten nedgang i sjukefråvere frå 2022 til 2023. Mest gledeleg er nedgang i langtidssjukdom. Vi har prøvd å tilrettelegge for å få langtidssjukemelde tilbake i jobb og har i stor grad lukkast med dette.

Det er litt høgare sjukefråvær i september og oktober. Planlagt operasjon i tillegg til ein influensa/virusepedemi som herja på VLS er forklaringa på denne toppen. I tillegg er slitasjen stor og arbeidspresset høgt på grunn av høge busettingstal på hausten 2023. Nokre tilsette har også stått i redusert stilling over tid på grunn av kronisk sjukdom og graviditet.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Sektoren har seks avdelingar og ansvarsområdet til sektoren er stort og har ei nøkkelrolle med omsyn i å utløyse auka verdiskaping i kommunen på fleire felt. Sektoren ønskjer å følgje opp visjonen «*Der teknologi og tradisjon møtest*» ved å vere ein god tilretteleggjar for lokalsamfunnet. I rolla som arbeidsgjevar skal ein bidra og stimulere til skaparkraft og kreativitet blant eigne tilsette.

Ved å vere dynamiske og ha endringskultur i organisasjonen er ein klar til å nå dei krav og målsetjingar som vert satt for sektoren til ei kvar tid. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Eigedom

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvareleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvaltning av kommunen sine eigedomar slik skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

Vatn og avløp

Ansvarsområdet vatn og avløp skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte. Ein skal gjennomføre arbeid og prosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggjarane/ brukarane gode, sikre, funksjonelle og kostnadseffektive anlegg med omsyn til framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Veg og park

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til veg med tilhøyrande infrastruktur inkl. veglys, kyrkje, park, idrettsområde, friområde og leikeplassar, hamn og EKOM (breiband).

Utvikling

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til eigedomsstattekontor, spelemidlar og idrettsplan, areal-/reguleringsplanlegging,

byggje-/ delesakshandsaming, kart/oppmåling, landbruk, oppfølging av ulovleg forureining, overordna kommuneplanlegginga inkl kommunedelplanar, temaplanar, ROS mv og miljø og klimasaker

Brann


Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar.

Kultur

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling, frivilligsentral og skapande verksemd mot frivillige aktørar.

Internkontroll og tilsyn

Internkontrollen eller eigenkontrollen for sektor samfunnsutvikling er ein del av heile kommunen si verksemd. Det er ikkje nokon sentralt fastsett mal for internkontrollsystem, og den enkelte kommune må tilpasse dette ut frå egne behov for å ha god kontroll og setje ambisjonsnivå for kommunen. Sektor for samfunnsutvikling sin status og ambisjonsnivå for internkontrollen vert relatert til pyramide for modenheitsnivå for internkontrollen som vist under.



Ambisjonsnivået er å setje internkontroll på dagsorden med sikte på at vi ved utgangen av året er på systematisert nivå (gult nivå) og prioritere internkontroll og ROS-analyse i årshjulet.

Samla vurdering i 2023 er at vi er på systematisert og oppover i pyramiden.

Status 2023

Overordna nivå

Kvar og korleis er skildring av avdelinga si organisering nedfelt ?	6,0
Kvar og korleis er skildring av avdelinga sine mål nedfelt ?	10,0
Kvar og korleis er skildring av avdelinga sine oppgåver, lover og forskrifter nedfelt ?	11,0
Kvar og korleis er reglement som avdelinga har (overordna og avdelingspesifikke) lokalisert/lagra?	10,0
Kva for ROS-analyser er gjennomført, når er desse gjennomført og kvar er dei lokalisert/lagra ?	10,0
Når rapporterer ein avvik og korleis følgjer ein opp avvika ?	8,0
Når evaluerar ein internkontrollen i avdelingane og gjere forbetringar i denne ?	12,0

Avdeling	Kvar og korleis er skildring av avdelinga si organisering nedfelt ?	Kvar og korleis er skildring av avdelinga sine mål nedfelt ?	Kvar og korleis er skildring av avdelinga sine oppgåver, lover og forskrifter nedfelt ?	Kvar og korleis er reglement som avdelinga har (overordna og avdelingspesifikke) lokalisert/lagra?	Kva for ROS-analyser er gjennomført, når er desse gjennomført og kvar er dei lokalisert/lagra ?	Når rapporterer ein avvik og korleis følgjer ein opp avvika ?	Når evaluerar ein internkontrollen i avdelingane og gjere forbetringar i denne ?
Brann	1	1	1	1	1	1	1
Vatn og avløp	1	2	3	2	2	2	2
Eigedom	1	1	1	1	1	1	1
Kultur	1	1	2	2	2	1	2
Utvikling	1	3	2	2	2	2	3
Veg og park	1	2	2	2	2	1	3

1 (grønt) betyr OK og tilfredstillande (<9) 2 (gult) delvis, men tiltak er naudsynt (>9 og <14) 3 (rødt) ikkje på plass (>14)

Beredskap og samfunnsikkerheit

Sektoren er ein del av kommunen sin beredskap og følgjer det overordna kommunale kriseplanverket og krav til sektoren sin beredskap finst i fleire lover og forskrifter som for eksempel [Folkehelseloven](#), [Drikkevannsforskriften](#), [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#), [Brann- og redningsforskrifta](#)

Ansaret for beredskapsplanlegging er lagt på to nivå (kommunedirektør og kommunalsjefar) der sektor og driftseiningar har eigne planar av mindre format som fokuserer på beredskap i dagleg drift. Nokre av desse planane vil vere reine fagplanar. Eksempel på det er «Hovudplan vatn og avløp m/del om vassmiljø» innafor for samfunnsutvikling. Teknisk sektor og utviklingsavdelinga vil vere omfatta av krava til beredskapsmessige omsyn i plan- og bygningslova osv.

Dei fleste beredskapsplanar i einingane er driftsrelaterte og fokuserer på førebygging av uønska hendingar i tenesta, og avgrensing av skade når uhellet skjer. "Kvardagslige" uønska hendingar vil einingane ofte greie å handtere sjølve. Terskelen for å varsle uønska hending til kriseleiinga skal likevel vere svært låg.

Varsling til Kriseleiinga skjer når det er behov for praktisk hjelp frå Kriseleiinga, men også når det berre oppstår behov innafor informasjonsberedskap. Det skal svært lite til/det vert oppmoda om å varsle utan å ta omsyn til at hendinga er "for liten". Dette for å sikre at sektorane/einingane ikkje vert ståande aleine med en situasjon som den overordna Kriseleiinga kan og bør ha ansvar for.

Avdelingane i sektor har ROS-analyser for uønska hendingar i si verksemd og ulike tiltakskort som er gjort kjent for dei tilsette, og som forklarar korleis hendinga skal handterast.

Ein har fokus på førebyggjande tiltak, m.a. i form av opplæring/orientering og rutinar for utøving av tenesta.

Beredskap har jamleg fokus i leiargruppe i sektor og avdelingar øver regelmessig.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Stab samfunnsutvikling	4,30	0	0	4,30
Eigedom	44,58	0	0	44,58
Utvikling	9,08	0	0	9,08
Brann/feiing	6,19	0	0	6,19
Veg/park	12,20	0	0	12,20
Vatn/Avløp	15,20	0	0	15,20
Kultur	9,30	0	0	9,30
Total	100,85	0	0	100,85

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
49	108	-	-	26	56

Viktige hendingar

Innleiande

2023 har vore eit aktivt år med både utfordringar og endringar som gir moglegheiter for utvikling. Organisasjonen har utvikla seg digitalt og nyttar digitale verktøy på nye og betre måtar. Digital samhandling i applikasjonar og stor grad av digitale møter har gjort oss meir effektive i kvardagen.

Nokre hendingar i 2023:

Eigedom

- Utarbeida ein handlingsplan for klima og miljø
- Strategi internkontroll og HMS eigedom er etablert
- Forvaltningsrevisjonsrapport eigedomsforvaltning i Volda kommune
- Oppgradering av uteområde på Folkestad, Austefjord og Hornindal Barnehagar
- Oppgradering av branninstallasjonar i kommunale bygg.
- Legionellakartlegging i kommunale bygg
- Implementering av klima og miljørutiner i seksjonen.

- Vi har innført Teams og Office 365 som arbeidsverktøy
- Ny ungdomsskule opna
- Prosjekt med Digg-Min-Skole innemiljøprosjekt i samarbeid med OsloBygg, utdanningsetaten i Oslo, NAAF og NILU m.fl.
- Fokus på energiøkonomisering
- Fokus på ombruk, og har vore sentrale i etableringa av ombruksentral foreløpig lokalisert på Nilletun.
- Innføring av tekniske tilstandsanalyser på rør/VVS, elektro og ventilasjon.
- Hornindal barnehage, sikra torvtak med nye torvkrokar. Malt heile barnehagen innvendig. Drift har teke på seg å male utvendig
- Bratteberg barnehage: Skifta ut alle lister og foringar som var skada av fukt
- Barnehagar generelt: Limt opp akustikkplater i himling i barnehagane for å forbedre lydforhold avdekt etter målingar og rapport lagt fram av oppvekst. Gjenstår Lauvstad barnehage som blir teken i 2024
- Monsvegen 5 C/D: renovering og endring av planløyising. Arbeida vart oppstarta i 2023 og blir ferdigstilt i 2024
- Folkestad skule: Gikk over skulen etter tilstandsanalyse og har sparkla og mala ein heil del rom og gangar på skulen
- Gamle VUS: Demontert 120 vindu frå gamle ungdomsskulen som er lagra på Nilletun for gjenbruk/salg
- Malt Lettbygget utvendig
- Malt Mork barnehage utvendig
- Hornindal omsorgssenter: Renovert vaskeri, malt ein del innvendige gangar, dagligstove etc. Renovert toaletter kjellar
- Mork barnehage: skifta belegg og veggplater på to garderober, rest arbeid etter oppgradering i 2022
- Sevrinhaugen 5: brukt restbudsjett på renovering av to bustadar
- Hamna 20: Prosjektert og ferdigstilt område 3A. skifta ventilasjonsanlegg og lagt om til 400V anlegg. Klar til utleige til Helse og Møre og Romsdal
- Har fått 3 nye lokasjonar med reinhald. Dette er serivcebygg på ved Mega, Moritsmarka og Botnasanden
- Tatt over heimbasert reinhald som låg tidlegare til Helse og Omsorg. Her har ein fått profesjonalsert reinhaldet og har til no fått svært god attendemelding på tenesteleveransen
- Tilsett 1 person som koordinator heimebasert reinhald, med tilleggsfunksjon på reinhald og stedfortredar for seksjonsleiar
- Arbeidd med robotreinhald i kommunale bygg, dette er eit løpande prosjekt for vidare utvikling og forbetring
- Overtatt reinhald på ny VUS med innkjøring, mykje betre fasilitetar for seksjonen
- Ny Volda ungdomsskule er overtatt
- Ombygging av Samfunnshuset er igong
- Personalbase Bømarka er igong

Utvikling

- Kvalitetsheving av reguleringsføresegner, overvatnsproblematikk og ein ny kommunal vegnormal.
- Områdeplan for Volda sentrum, under arbeid

- Områdeplan for Grodås , under arbeid
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv , revisjon
- Endring av områdereguleringa for E39 Volda - Furene , vedtatt 2023
- I tillegg starta arbeidet med ny planstrategi
- Vi fekk på plass Volda kommune sitt første klimabudsjett.
- Skjønsmidar frå Statsforvaltaren til ei 2-årig engesjementstilling som berekraftskoordinator.
- Stor aktivitet innan oppmåling
- Eigedomsskattekontoret har sendt ut litt over 5000 vedtak om eigedomskatt og fått taksert mange nye eigedomsskatteobjekt. Kommunen fekk inn ca 35,5 mill kr i eigedomsskatteinntekter i fjor.
- Det blei også i fjor gitt tilskot på tilsaman 50 000 kr i fjor fordelt på 4 gode prosjekt knytt til leikeplassar

Brann/feiring

- Gjennomført lovpålagt grunnutdanning for brannmannskap sjølve.
- Brannmannskapet har vore utkalla til ulike hendingar 115 gongar.
- fokus på info om miljøvennleg fyring.
- Avdelinga har også delteke i kommunen sitt arbeid med å finne bustadar til flyktingar.
- Ny bil til Straumshamn er levert
- Ulike typar brannvernopplæring og informasjon til andre.

Veg/park

- Vi har innført nye og ulike betalingsordningar
- Vi har følgd opp satsinga på trafikktryggleik
- Investert i nye maskiner/utstyr
- Fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær
- Lagt til rette for og gjennomført arbeidspraksis for fleire
- Fleire tilsetjingar og lukkast å rekruttere fleire kvinnelege medarbeidarar

Vatn/Avløp

- Nytt høgdebasseng på ferdigstilt.
- Nytt avløpsreinseanlegg på Vikeneset er ferdigstilt
- Ny og moderne avløpspumpestasjon på Hagecamp på Grodås.
- Avløpspumpestasjon på Botnasanden som mogleggjør bygging av nye bustadar og sanitæranlegg i området.
- Strømpetrekking av overløpsleidning frå Sparebanken Møre og ned til moloen.
- Nært samarbeid med dei seks andre kommunane på Søre Sunmøre
- Gjennomført fagdag for sjustjerna. Fagdagane vart ein suksess og vert vidareført i 2024

Kultur

- Auka fokus på generering av inntekt gjennom tilskot
- Gjennomført ulike populære aktivitetar for barn og unge saman med sine familiar i prosjektet "sommarprogrammet" i juli.
- Utarbeiding av kulturminneplan
- Samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om Ung kunst og kultur
- Flytting av Bua til lokalar samfunnshuset vart gjennomført
- Volda filmteater har vore auka det tverrfaglege arbeidet med andre tenester og hatt fleire arrangement
- Kulturavdelinga har søkt og fått tilskot på tilsaman: 3 243 096 kroner i 2023. Spesielt aktivitetar for barn og unge og sosial utjamning har vore prioritert.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
31-Stab samfunnsutvikling	2 892	2 367	3 140	247	7,9 %
32-Eigedom	22 817	28 939	25 145	2 328	9,3 %
33-Utvikling	9 295	8 250	9 023	-272	-3,0 %
34-Brann/feieing	13 604	14 712	14 832	1 228	8,3 %
35-Veg/park	20 102	20 770	21 139	1 037	4,9 %
36-Vatn/Avløp	0	0	0	0	0,0 %
37-Kultur	9 559	9 213	10 553	994	9,4 %
Sum	78 269	84 251	83 832	5 563	6,6 %

Kommentar til status økonomi

Stab samfunnsutvikling

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

Eigedom

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

I 2023 har ein hatt ein gunstig utvikling på området straum grunna god finansiell handel og avdelinga har vorte styrka med nye driftsressursar. På inntektssida gir utleige av gamle Voldahallen til Interpadel AS sammen generell auke i utleigeprisane auka inntekter.

Utvikling

Ansvarsområdet leverer eit meirforbruk.

Avvik er relatert opplæring, kurs, gebyr og kjøp av tenester.

Brann/feing

Tjenesten brann og redning er i rekneskapen delt i to avdelingar, brannvern og feing. Feing er sjølvkostområde og all kostnad med tenestene vert dekkja inn av feie- og tilsynsavgifta. For ansvarsområde feing er det i år 2023 eit meirforbruk som er finansiert frå tidlegare avsette midlar i sjølvkost-fondet.

Veg/park

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

Ekonomi, Park og Vintervedlikehald har hatt meirforbruk, medan andre område har hatt mindreforbruk. Avdelinga viser til stram kostnadstyring for å sikre tilfredsstillande kontroll med omsyn til balanse ved årslutt. Avdelinga har fått styrka driftsressursar siste år.

Vatn/Avløp

Avløp

Samla for ansvarsområde vart bunde drifts-fond styrka. Avvik er relatert til lågare driftsutgiftene, kapitalutgifter og høgare gebyrinntekter.

Vatn

Samla for ansvarsområde vart bruk av sjølvkost-fond mindre enn budsjettet. Avvik er relatert til lågare lønnsutgift, høgare driftsutgifter, auke i gebyrinntektene og lågare kapitalkostnader.

Kultur

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

Avvik er relatert til mindre bruk av lønsmidlar, lågare inntekt på kinoen og høgare inntekt knytt til tilskot enn budsjettet.

Oppsummering tiltak

I samband med budsjett og økonomiplan for 2024-2027 vil ein vurdere driftsnivå og ressursbruk på alle avdelingar innan sektoren. Det er ikkje vurdert andre tiltak.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	77 770	85 720	89 899	4 179	4,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	56 128	48 348	46 138	-2 210	-4,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 059	5 964	6 232	268	4,3 %
Overføringsutgifter	1 604	2 749	2 551	-199	-7,8 %
Finansutgifter	28 989	20 357	20 989	632	3,0 %


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Driftsutgifter	168 551	163 138	165 808	2 670	1,6 %
Salgsinntekter	-66 938	-71 991	-69 671	2 320	-3,3 %
Refusjoner	-9 666	-10 125	-8 404	1 721	-20,5 %
Overføringsinntekter	-228	-1 383	-660	723	-109,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-12 728	-1 370	-3 241	-1 871	57,7 %
Sum Driftsinntekter	-89 559	-84 869	-81 976	2 893	-3,5 %
Netto resultat	78 992	78 269	83 832	5 563	6,6 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat indikator	Statusbeskriving
Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.	Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike typer bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemder.	Arbeidsplassdekning	99,5 %	100,0 %	100,8 %	
		Jordbruksareal i drift	27 729	28 264	28 276	
		Befolkning Volda sentrum	4 676,0	4 720,0	4 965,0	
	Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet.	Tal verksemder i Volda sentrum	368,0	370,0	389,0	
		Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	2,4	3,5	2,4	
		Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar	19,0	13,0	18,0	
	Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne.	Besøk per kinoforestilling (antall)	25,0	17,1	24,0	
		Idrett: Aktivitetsandel			30,3 %	
		Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet	103	80		
	Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar.	Turisme: opne kommersielle bedrifter februar månad	6	12		
		Turisme: Overnattingar	19 789,0	6 100,0		
		Høg rolleklarheit	4,1			
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.					

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat indikator	Statusbeskriving
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,2			
		Meistringsorientert leiing	3,9			
		Meistringsklima	4,0			
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %		
		Investering i samsvar med budsjettrammer	85,7 %	95,0 %		
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt	85,5 %			
		Sjukefråvær i organisasjon	10,2 %	8,5 %		
Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde	Tal søknadar til tilskotsordning leike- og aktivitetsområde	12,0	12,0		
Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.	Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt.	Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for	8	8		
		Elbiler i kommunen (antall)	469,0	360,0		
		Hurtiglading (antall)	16,0	30,0		
		Klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter)	39 966,0	38 869,0		
		Normallading (antall)	13,0	11,0		
		Utslepp frå veitrafikk	12 813,0	12 471,0		

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat indikator	Statusbeskriving
		Elbil per ladepunkt (antall)	22,0	16,8		
	Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, friluft- og landbruksverdiar.	Dyrka jord omdisponert etter Plan- og bygningslova	5,8	2,5		
		Dyrka jord omdisponert etter jordlova	1,3	1,3		
		Våtmark	13,9	13,9		
		Økologisk tilstand, alle overflatevann	87,0 %	89,0 %		
	Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar.	Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh)	6 821	6 869		
		Herav energikostnader per kvadratmeter (kr)	100,0	87,0		
	Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi.	Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil	35,0 %	40,0 %		
		Klimakrav i anbod og kontrakt	Ja	Ja		
		Avfall levert til materialgjenvinning	54,0 %	56,0 %		
		Tal bedrifter i kommunen som er Miljøfyrtårnsertifisert	9,0	10,0		
	Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane	Årleg beredskapsøving	Gjennomført	Gjennomført		
		Årleg rapportering av beredskap på sektornivå	Gjennomført	Gjennomført		

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,4 %	3,3 %	2,6 %	2,0 %	2,0 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,4	11,5	10,8	15,3	16,1
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	5	4	6	6	5
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	477	396	285	604	467
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	197	207	217	114	132
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B)	3,1 %	0,0 %	0,4 %	0,5 %	0,4 %
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 711	1 371	1 968	2 338	2 434
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B)	-50	5	103	54	78
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B)	1 249	1 355	1 098	1 221	889
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	0,5 %	0,7 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)	147	129	112	159	105
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	9,1 %	8,4 %	7,6 %	8,3 %	9,1 %
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B)	86	1	911	558	608
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B)	99	91	164	322	249
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B)	24	22	69	68	169
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)	208	312	309	270	241
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B)	307	422	315	227	247
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B)	25 151	24 320	16 553	21 044	22 190
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B)	1 532	1 788	2 180	2 492	2 699
Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	0,1 %	0,1 %	0,0 %	0,4 %	0,4 %
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B)	1,7 %	1,9 %	1,7 %	1,8 %	1,4 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	2 142	31	286	364	281

Årsmelding 2023

Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B)	1 320	1 352	1 420	1 411	1 271
Produktivitet					
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	846	952	1 536	1 346	
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	89 859	108 763	93 280	112 510	116 860
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	135 667	155 271	130 096	163 353	173 667
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	113	100	80	97	180
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	88 068	101 260	88 981	103 335	106 427
Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B)	1 333	1 388	894	1 110	1 263
Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr)	2 500,0		18 320,0	7 683,5	6 532,7
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	559	528	528	568	684
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	2 326	2 492	2 879	2 411	
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 795	3 095	3 095	3 519	3 217
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 827	3 832	2 594	3 671	4 559
Dekningsgrad					
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	16,38	16,15	14,37	11,16	8,57
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	11	11	25	28	20
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	259	255	132	117	146
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	20	20	23	22	18
Kvalitet					
Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	176	179	176	0	0
Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B)	6,0	5,4	8,2	3,3	2,7
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	495	610	786	620	475
Andre nøkkeltal					
Antall søknader per 1000 innbyggere (B)	11,3	9,8	7,6	7,6	6,5
Netto driftsutgifter (221) Førskelelokaler og skyss	5 799	6 261	5 641	145 671	366 148

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Avløpsanlegg	16 875	16 081	95,3 %	794
Bustadfelt under utbygging	23 942	16 811	70,2 %	7 131
Grunn og næringsutvikling	3 904	3 408	87,3 %	497
Hamna 20	57 966	47 951	82,7 %	10 015
Kommunale vegar	8 643	3 557	41,2 %	5 087
Ledningsprosjekt	6 400	6 452	100,8 %	-52
Ny ungdomsskule	51 325	36 836	71,8 %	14 489
Oppgradering kommunale bygg	21 532	16 511	76,7 %	5 021
Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak	13 551	10 452	77,1 %	3 099
Svømmehall	104 934	108 370	103,3 %	-3 436
Trafikktrygging	4 967	1 313	26,4 %	3 654
Utbygging kommunale vegar	8 496	715	8,4 %	7 781
Vassverk	1 369	988	72,1 %	381
Sum andre prosjekt	17 023	4 247	24,9 %	12 776
Sum	340 926	273 692		67 235

Statustekst investeringar

Avløpsanlegg

Vikeneset RA er ferdig og satt i drift med enkelte utfordringar. Noko overskriding av tildelt budsjett, men totalt går hovudprosjektet i balanse ved å gjere interne justeringar i tråd med økonomireglementet (kan nytte unyttta middel frå Mork RA prosjektet til å finansiere meirforbruket på Vikeneset).

Førebuing til vidare arbeid med Mork RA forventer ein å starte opp i 2024.

Bustadfelt under utbygging

Urbakkfoten - Prosjektet startar opp i 2024 og vert ferdigstilt i 2025.

Heltne/Bratteberg (kommunal del) - Ferdigstilt 2023 og tomtene vert solgt i 2024

Heltne/Bratteberg (privat del) - Kommunestyret har godkjend grunnnerverv og administrasjonen arbeidar med deling og oppmåling. Grunnnervet vert ferdig første halvår 2024

Grunn og næringsutvikling

Midlane for 2023 er nytta til kjøp av leilighet (Prestegata 17)

Hamna 20

Prosjektet vert ført vidare av eigedomsavdelinga. Prosjektet er i rute og følgjar plan

Kommunale vegar

Prosjektet omfattar ei rekkje underprosjekt knytt til område veg og desse tiltaka er lagt til grunn utført :

- Den øvste delen av Lønnevegen manglar autovern. Ferdigstilt

- I Bjørkevegen (frå Askevegen og austover) er det ikkje ført opp autovern. Ferdigstilt
- Asfaltering av vegane Løvland byggefelt. Ferdigstilt
- Ferdigstilling av veg og montering av rekkverk i samsvar med reguleringsplan for Bergsvegen. Ferdigstilt

Ledningsprosjekt

På leidningsutskifting ligg ein an til å komme i gang med alle planlagte leidningsprosjekt i 2024. Nokon av prosjekta vert kansellert då ein har funne andre løysingar som ikkje krevjar store investeringar frå vatn og avløp. Fleire prosjekt vil gå ut i 2024, medan Heltnevegen vil starte i 2024. Dette prosjektet var planlagt å starte i 23, men grunna omdisponering og utleige av prosjektleiarar vart prosjektet utsatt til 24. Alle prosjekt ligg innanfor budsjett.

Ny ungdomsskule

Skulen er tatt over

Oppgradering kommunale bygg

Dei aller fleste investeringsprosjekta i portefølje er i rute. Økonomi er godt følgt opp og ingen prosjekt har prognose for meirforbruk. Der er noko manglande finansiering oppgradering av SD anlegg, dette blir finansiert gjennom prosjekt med mindreforbruk

Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak Amfi og servicebygg Volda sentrum.

Ferdigstilt

Moritzmarka

Modulbygg til venterom med toalett og bubilparkering er ferdigstilt 2023

Groparken

Ute-området er ferdigstilt i 2023.

Botnasanden.

Modulbygg med toalett, parkeringsplass, tilkomst og turvegar, etablert grasbakke, montert informasjonstavle m.m. Ferdigstilt i 2023

Høydalen

Ferdig opparbeid parkeringsplass i 2023 for turfolket.

Prestholmen.

Det er lagt fram straum til Prestholmen i 2023.

Berkneset kystfort.

Montert informasjonstavle og turstiskilt i området med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i 2023

Svømmehall

Prosjektet er i utførelsefase og følger fastsett plan

Etter planen skal anlegget vere ferdig i 2024, deretter startar ei prøvedriftsperiode på 12 månader.

Trafikktrygging

Prosjekt er knytt til prioritering i TFU og vert ferdigstilt etter årleg plan.

Utbygging kommunale vegar

Engesetvegen - ferdigstilt

Urbakkfoten - under utbygging og ferdigstilles 2024/25

Raudemyrvegen - er avhengig av at vegen forbi Urbakkfoten er bygd og må prioriterast i framtidige budsjett

Lidavegen - ikkje prioritert i budsjettet.

Kleppevegen - førebuing til regulering av vegen, men er ikkje prioritert i budsjettet.

Nakkevegen- ein fekk større kostnader på denne vegen i samband med ekstremvær i 2024. Utbetringsarbeid er ferdigstilt og kostnader vert ført mot dette prosjektet

Vassverk

Hovudprosjektet vassverk ligg per no godt innanfor budsjett då vi ikkje har kome heilt i gang med sjølve oppgraderinga av Volda vassverk. Dette skuldast forsinka utredningar frå konsulent og andre avklaringar som har vore naudsynte i prosjektet. Dette er no på plass, så fram mot nyttår vil alle oppgraderingar avklarast og gjennomførast i starten av 2024.

For dei andre prosjekta i hovudprosjektet har ein kontroll på både framdrift og budsjett.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,94 %	8,26 %	10,20 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,84 %	5,85 %	8,70 %

Stab samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar kommunalsjef, innkjøpsrådgivar og 30 % ressurs mot anna administrativt arbeid. Arbeidsområdet er variert og er til støtte for heile sektoren

Kommentar til status økonomi

Stab samfunnsutvikling

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

Avvik innan Lønn er relatert er relatert til avvik pensjon som har si årsak i auka pensjon som følge av reguleringspremie. På utgiftssida er avvik relatert til kostnader til Løvland bustadfelt og oppmåling av tomter (desse kostnadane vert refundert ved sal av tomter), Konsulentoppdrag Voldsfjordkryssing AS (0-sumspel) annonsekostnader og matvarer (opning av ny ungdomsskule som ikkje kunne lastast investeringsprosjektet). Inntektene er og høgare enn budsjettert og har si forklaring i innbetalingar frå Voldsfjordkryssing AS (0-sumspel) og inntekter frå sal av Huset Vårt i Hornindal.

Ikkje naudsynt med tiltak innan ansvarsområdet

Prosjekt

Ansvarsområdet skal ikkje førast vidare i 2024 og kostnader er relatert til ulike tiltak som var naturleg å føre på dette området i 2023.

Oppsummering tiltak

Ikkje behov for tiltak


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 065	2 689	3 186	497	15,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	360	800	173	-626	-361,0 %
Overføringsutgifter	52	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	2 477	3 489	3 360	-129	-3,9 %
Salgsinntekter	-56	-40	0	40	0,0 %
Refusjoner	-41	-196	-108	88	-80,9 %
Overføringsinntekter	0	-358	-112	247	-221,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-2	0	2	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-96	-597	-220	377	-171,4 %
Netto resultat	2 381	2 892	3 140	247	7,9 %


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Bustadfelt under utbygging	23 942	16 811	70,2 %	7 131
Grunn og næringsutvikling	3 904	3 408	87,3 %	497
Hamna 20	57 966	47 951	82,7 %	10 015
Ny ungdomsskule	51 325	36 836	71,8 %	14 489
Svømmehall	104 934	108 370	103,3 %	-3 436
Utbygging kommunale vegar	8 496	715	8,4 %	7 781
Sum andre prosjekt	5 657	8 754	154,7 %	-3 097
Sum	256 224	222 844		33 379

Statustekst investeringar

Bustadfelt under utbygging

Urbakkefoten - Prosjektet startar opp i 2024 og vert ferdigstilt i 2025.

Heltne/Bratteberg (kommunal del) - Ferdigstilt 2023 og tomtene vert solgt i 2024

Heltne/Bratteberg (privat del) - Kommunestyret har godkjend grunnnerv og administrasjonen arbeidar med deling og oppmåling. Grunnnervet vert ferdig første halvår 2024

Grunn og næringsutvikling

Midlane for 2023 er nytta til kjøp av leilighet (Prestegata 17)

Hamna 20

Prosjektet vert ført vidare av eigedomsavdelinga. Prosjektet er i rute og følgjar plan

Ny ungdomsskule

Skulen er tatt over

Svømmehall

Prosjektet er i utførelsefase og følgjer fastsett plan

Etter planen skal anlegget vere ferdig i 2024, deretter startar ei prøvedriftsperiode på 12 månader.

Utbygging kommunale vegar

Engesetvegen - ferdigstilt

Urbakkefoten - under utbygging og ferdigstilles 2024/25

Raudemyrvegen - er avhengig av at vegen forbi Urbakkefoten er bygd og må prioriterast i framtidige budsjett

Lidavegen - ikkje prioritert i budsjettet.

Kleppevegen - førebuing til regulering av vegen, men er ikkje prioritert i budsjettet.

Årsmelding 2023

Nakkevegen- ein fekk større kostnader på denne vegen i samband med ekstremvær i 2024. Utbetringsarbeid er ferdigstilt og kostnader vert ført mot dette prosjektet

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,88 %	2,20 %	4,08 %
Årleg sjukefråvær 2023	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Eigedom

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvaltning av kommunen sine eigedomar skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Stab eigedom	1,00	0	0	1,00
Vedlikehold/utvikling	7,00	0	0	7,00
Drift	10,90	0	0	10,90
Reinhald	25,53	0	0	25,53
Politiske vedtak Eigdomsavdelinga	0,15	0	0	0,15
Total	44,58	0	0	44,58

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
28	20	-	-	19	-

Viktige hendingar

Gjennom 2023 har Volda kommune eigedom arbeida med fleire store investeringsprosjekt, samstundes store og viktige drifts oppgåver i tillegg til løpande drift.

Berekraft eigedom

Eigdomsavdelinga i Volda kommune har utarbeida ein handlingsplan for klima og miljø med mål om å redusere klimagassutslepp og fremje berekraftig utvikling i tråd med internasjonale, nasjonale, regionale

og lokale mål. Planen tar for seg ulike strategiar for energieffektivisering, overgang til fornybar energi, forbedring av avfallshandtering, og fremjing av berekraftige transportløyningar.

Ved å oppgradere bygg til høgare energistandardar, innføre solenergisystem, samt mange andre tiltak siktar eigedomsavdelinga mot eit meir miljøvennleg og helsefremjande lokalsamfunn. I alle rammeavtalar avdelinga har inngått, er det stilt krav til utsleppsfrie køyretøy for arbeid utført for kommunen. Dette viser ein sterk forplikting til å redusere klimagassutslepp og fremje berekraftige løyningar, støtta av forskning og anbefalingar frå ulike internasjonale og nasjonale organisasjonar og gjennom FN sine berekraftsmål. Slik bidreg Volda kommune aktivt til å nå globale klimamål gjennom lokale tiltak og samarbeid.

Viktig for vidare arbeid er å sikre at handlingsplanen blir sett på som eit levande dokument som kontinuerleg blir evaluert og justert for å reflektere ny kunnskap, teknologiutvikling, og endringar i samfunnsbehov. Dette inneber å leggje til nye tiltak, følge opp og måle effekten av gjennomførte tiltak, og sikre brei involvering frå både offentlege og private aktørar, samt lokalsamfunnet. Tiltaka eigedomsavdelinga legg opp til går både gjennom drifta og investeringstiltak som kommunen skal gjennomføre.

Gjennom å seie dette arbeidet som ein rullerande prosess, legg Volda kommune til rette for ein dynamisk og fleksibel tilnærming til klima- og miljøutfordringar. Dette tilnærminga sikrar at kommunen kan tilpasse seg nye utfordringar og moglegheiter som oppstår, og kontinuerleg arbeide mot å bli eit meir berekraftig samfunn.

Strategi internkontroll og HMS eigedom

Utarbeidinga av strategidokumentet for internkontroll innan eigedom i Volda kommune har vore eit resultat av eit omfattande samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod, og leiinga i avdelinga gjennom 2023. Dette samarbeidet har vore prega av regelmessige og strukturerte møter som har sikra ein effektiv dialog og samhandling om utvikling og ferdigstilling av internkontrollsystemet. Mellom møta har det vore ein vedvarande innsats for å realisere og evaluere tiltaka som er blitt diskuterte. Prosjektet vart ferdig stilt med ein gjennomgang og einstemmig godkjenning av det gjennomførte arbeidet.

Strategidokumentet for internkontroll innan eigedom i Volda kommune er ei grundig framstilling av korleis kommunen sikrar at eigedomsforvaltninga etterlever gjeldande lover og forskrifter. Dokumentet skisserer ein systematisk tilnærming til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av kommunal eigedom, med særleg vekt på arbeidsmiljøloven og tilknytte forskrifter. Det detaljerer internkontrollsystemets oppbygging og funksjon, inkludert nøkkelferktøy og prosedyrar for avvikshandtering, risikoanalyse, og etterleving av etiske retningslinjer. Ved å vise til relevant lovverk, underbyggjer dokumentet Volda kommune eigedom sitt engasjement for ein arbeidsplass som er både trygg og i samsvar med høge standardar for internkontroll og HMS.

Forvaltningsrevisjonsrapport eigedsforvaltning i Volda kommune

Forvaltningsrevisjonsrapporten for Volda kommune knytt til forvaltning, drift, og vedlikehald av kommunale bygg framhevar fleire positive aspekt ved eigedsavdelinga sitt arbeid, inkludert:

God oversikt og systembruk

Eigedsavdelinga har generelt god oversikt over tilstanden og vedlikehaldsbehovet for den kommunale bygningsmassen gjennom tilstandsvurderingar og systematisk arkivering. Dette blir gjort ved hjelp av FamacWeb for FDVU-arbeid (Forvaltning, Drift, Vedlikehald, og Utleige) og dokumentasjon. Volda kommune brukar mindre på vedlikehald enn gjennomsnittet for resten av kommunane i Norge sett opp i mot størrelsen på bygningsmassen ein har ansvar for (KOSTRA-gruppe 7). Det bør vurderast å setje av gradvis meir midlar til vedlikehald til kommunen kjem opp på normtal. Dette slik at ein tek vare på dei verdiane som kommunen har tileigna seg over mange år.

Strategisk planlegging

Kommunen har utarbeidd strategiar og overordna planar for kommunale bustader som er politisk handsama. Dette inkluderer strategiar for vedlikehald, renovering, og oppgradering, sjølv om sistnemnde ikkje enno er politisk forankra.

Tilfredsstillande rutinar for rapportering og vedlikehald

Rapporten viser at kommunen har tilfredsstillande rutinar og system for innrapportering og handtering av feil og manglar i høve den kommunale bygningsmassen.

For ytterlegare forbetringar, rapporten anbefalar å politisk forankre strategien for vedlikehald, renovering, og oppgradering av den kommunale bygningsmassen. Det blir også oppfordra til å utarbeide overordna politisk bestemte mål for eigedsforvaltninga og å sikre ei heilskapleg og løypande rapportering til politisk nivå. Kommunen bør òg sørge for at all kommunal bygningsmasse blir tilstandsvurdert og registrert med tanke på areal.

Samanfatninga viser at eigedsavdelinga i Volda kommune har utført eit godt arbeid med forvaltninga, drifta, og vedlikehaldet av kommunale bygg. For å sikre vidare utvikling og forbetring, er det viktig å følge opp anbefalingane frå rapporten. Dette arbeidet vart starta opp i 2023 der ein etter politisk handsaming gjennomfører politisk forankring gjennom Framsikt der man legger fram vedlikehaldsplan gjennom driftsmidlar og oppgradering gjennom investeringsplan.

Seksjonar i eigedom gjennom 2023

Som eksempel under viser vi til uttrekk av tiltak som seksjonane har arbeidd med i 2023, dette er ikkje utømmende liste. Seksjonane har i løpet av 2023 gjennomført 8092 aktivitetar. Dette gir eit gjennomsnitt på omlag 35 ulike aktivitetar kvar einaste dag!

Seksjon forvaltning og drift

- Vi har hatt oppgradering på uteområde på Folkestad, Austefjord og Hornindal Barnehagar i tråd med leikeplassmillionen som er vedatt i budsjettet for Volda Kommune 2023 Vi har systematisert og standardisert leikeplaskontrollen på kommunale barnehagar
- Vi har hatt prosjekt med oppgradering av branninstallasjonar i kommunale bygg. På Hornindal Omsorgsenter er heile nødløysanlegget utskifta. Prosjektet har pågått i heile –23, og held fram i –24.
- Vi har hatt prosjekt med legionellakartlegging i kommunale bygg. 5 bygg har fått automatisk legionellaovervåking
- Vi har starta opp med implementering av klima og miljørutiner i seksjonen.
- Vi har innført Teams og Office 365 som adm. Og kommunikasjonsverktøy
- Vi har tatt i bruk ny ungdomskule, og vore delaktig i overflytting og riving av gamle ungdomskulen.
- Vi har jobba med 10-faktor, og laga handlingsplan for dei uttrekte faktorane vi skal jobbe med, i hovudsak kompetansekartlegging
- Vi har hatt pågåande prosjekt med Digg-Min-Skole innemiljøprosjekt i samarbeid med OsloBygg, utdanningsetaten i Oslo, NAAF og NILU m.fl. Vi har og hatt presentasjonar av dette prosjektet i nettverksmøta i Norsk Kommunalteknisk Forbund både på Sunnmøre og i Sogn og Fjordane. Vi skulle ha presentasjon for Hordaland også, men det vart avlyst grunna sjukdom.
- Vi har hatt fokus på energiøkonomisering, som feks oppgradering av varmepumper og ventilasjonsanlegg, dei største anlegga her har vore Hornindal Omsorgsenter, Verslavegen og Omsorgsenteret i Volda.
- Vi har skifta tidsstyringssystem frå MinTid til Visma Tid, med ymse erfaringar.
- Vi har hatt stort fokus på ombruk, og har vore sentrale i etableringa av ombruksentral foreløpig lokalisert på Nilletun. Bygget har blitt fylt opp med ombruksmateriale både frå Ungdomskulen, Samfunnshuset og Ivar Aasenbygget.
- Vi har arbeidd med innføring av tekniske tilstandsanalyser på rør/VVS, elektro og ventilasjon. Desse skal implementerast i drifta i 2024.

Seksjon vedlikehald og utvikling

Vedlikehald:

- Sollida 4B/b: renover bustad og etablert nytt bad i B. Vanskelig å lage til UU då tilkomst til begge husvera har utfordringar med tilkomst med nivåforskjeller
- Hornindal barnehage: Sikra torvtak med nye torvkrokar. Malt heile barnehagen innvendig. Drift har teke på seg å male utvendig

Årsmelding 2023

- Bratteberg barnehage: Skifta ut alle lister og foringar som var skada av fukt
- Barnehagar generelt: Limt opp akustikkplater i himling i barnehagane for å forbedre lydforhold avdekt etter målingar og rapport lagt fram av oppvekst. Gjenstår Lauvstad barnehage som blir teken i 2024
- Monsvegen 5 C/D: renovering og endring av planløyising. Arbeida vart oppstarta i 2023 og blir ferdigstilt i 2024
- Folkestad skule: Gikk over skulen etter tilstandsanalyse og har sparkla og mala ein heil del rom og gangar på skulen
- Gamle VUS: Demontert 120 vindu frå gamle ungdomsskulen som er lagra på Nilletun for gjenbruk/salg
- Malt Lettbygget utvendig
- Malt Mork barnehage utvendig
- Hornindal omsorgssenter: Renovert vaskeri, malt ein del innvendige gangar, dagligstove etc. Renovert toaletter kjellar

Investering:

- Mork barnehage: skifta belegg og veggplater på to garderober, rest arbeid etter oppgradering i 2022
- Sevrinhaugen 5: brukt restbudsjett på renovering av to bustadar
- Hamna 20: Prosjektert og ferdigstilt område 3A. skifta ventilasjonsanlegg og lagt om til 400V anlegg. Klar til utleige til Helse og Møre og Romsdal

Seksjon reinhald

- Har fått 3 nye lokasjonar med reinhald. Dette er serivcebygg på ved Mega, Moritsmarka og Botnasanden
- Tatt over heimbasert reinhald som låg tidlegare til Helse og Omsorg. Her har ein fått profesjonalisert reinhaldet og har til no fått svært god attendemelding på tenesteleveransen
- Tilsett 1 person som koordinator heimebasert reinhald, med tilleggsfunksjon på reinhald og stedfortredar for seksjonsleiar
- Arbeidd med robotreinhald i kommunale bygg, dette er eit løpande prosjekt for vidare utvikling og forbetring
- Overtatt reinhald på ny VUS med innkjøring, mykje betre fasilitetar for seksjonen

Seksjon prosjekt

- Nytt badeanlegg
- Ny Volda ungdomsskule
- Ombygging av Samfunnnshuset
- Personalbase Bømarka

Kommentar til status økonomi

Eigedomsavdelinga leverer samla innanfor rammene. Budsjett for 2023 har hatt noko mangelfull periodisering litt utfordringar med rett budsjettering mot konto, men dette vert retta opp for 2024. For

2023 gir dette noko avvik pr. budsjettpost, men ikkje på bunnlinje. I 2023 har ein hatt ein gunstig utvikling på området straum grunna god finansiell handel og gjennom treff på innkjøpsavtalen Volda kommune deltek i samarbeidet på. Drift har fått tilført auka ressursar på 600.000 kr som er relatert til budsjettering av auka byggeigarkostnader og noko på mindre vedlikehald av kommunale bustadar. For 2024 er budsjettet styrka med 2.000.000 kr. Dette gir auka ressursar til vedlikehald.

Volda kommune har henta inn ekstra leige i samband med utleige av Voldahallen til Interpadel AS. Dette saman med generell auke (konsumpris) gir auke på inntektsområde "Husleigeinntekter". Indeks for 2022-2023 var på 6,8%.

Volda kommune ligg lågt på vedlikehald og ein bør i planperioden vurdere ei gradvis auke i vedlikehald budsjettet for eigedomsavdelinga. Dette for å sikre at ein tek vare på dei verdiane ein har tilført kommunen. Det vart i 2022 gjennomført ein forvaltningsrevisjonsrapport for kommunal eigedomsforvaltning. Denne rapporten viser at kommunen har god oversikt, men at Volda kommune saman med KOSTRA-gruppe 7 brukar mindre på vedlikehald enn gjennomsnittet for resten av kommunane i Norge sett opp i mot størrelsen på bygningsmassen ein har ansvar for.

Oppsummering tiltak

En bør ha ekstra merksemd på driftsbudsjettet og vurdere ramme for vedlikehaldsbudsjett i komande budsjett og økonomiplanarbeid.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	27 531	31 324	31 562	238	0,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	25 914	20 726	19 920	-805	-4,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	6	0	103	103	100,0 %
Overføringsutgifter	3	68	1	-68	-8454,1 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	53 455	52 118	51 586	-532	-1,0 %
Salgsinntekter	-20 951	-25 069	-22 912	2 157	-9,4 %
Refusjoner	-4 646	-4 231	-3 529	703	-19,9 %
Overføringsinntekter	-1	-1	0	1	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-25 598	-29 302	-26 441	2 861	-10,8 %
Netto resultat	27 856	22 817	25 145	2 328	9,3 %



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	5	4	6	6	5
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	477	396	285	604	467
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	9,1 %	8,4 %	7,6 %	8,3 %	9,1 %
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B)	86	1	911	558	608
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B)	99	91	164	322	249

Årsmelding 2023

Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B)	25 151	24 320	16 553	21 044	22 190
Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	0,1 %	0,1 %	0,0 %	0,4 %	0,4 %
Produktivitet					
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	113	100	80	97	180
Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B)	1 333	1 388	894	1 110	1 263
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	559	528	528	568	684
Dekningsgrad					
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	20	20	23	22	18
Andre nøkkeltal					
Antall søknader per 1000 innbyggere (B)	11,3	9,8	7,6	7,6	6,5
Netto driftsutgifter (221) Førskolelokaler og skyss	5 799	6 261	5 641	145 671	366 148

Volda kommune saman med KOSTRA-gruppe 7 brukar vesentleg mindre på vedlikehald enn gjennomsnittet for resten av kommunane i Norge sett opp i mot størrelsen på bygningsmassen ein har ansvar for. Det bør avsettast gradvis meir midlar til vedlikehald til kommunen kjem opp på normtal. Dette slik at ein tek vare på dei verdiane som kommunen har tileigna seg over mange år.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Oppgradering kommunale bygg	21 532	16 511	76,7 %	5 021
Sum andre prosjekt	1 181	-11 716	-991,8 %	12 897
Sum	22 713	4 795		17 918

Statustekst investeringar

Oppgradering kommunale bygg

Dei aller fleste investeringsprosjekta i portefølje er i rute. Økonomi er godt følgt opp og ingen prosjekt har prognose for meirforbruk. Der er noko manglande finansiering oppgradering av SD anlegg, dette blir finansiert gjennom prosjekt med mindreforbruk

Samandrag status investeringar

Det har vore god framdrift på oppgradering av kommunale bygg . Uttrekk av nokre viktige tiltak gjennom 2023:

- Slutføring av Volda ungdomsskule
- Oppstart Samfunnshuset
- Volda badeanlegg
- Stort prosjekt Hamna 20 der bygget er klargjort for utleie til ambulant team Helse Møre og Romsdal i 3 et.
- Planlegging av personalbase Bømarka
- Kjøp av Bømarka 6A
- Gjennomført anskaffingar av 2 seksjonar i Nygardsvegen 9
- Slutføring av oppgradering av Mork barnehage
- Renovering av Sevrinhaugen 5, 2 husvære
- Lukking av brannavvik kommunale bygg, prosjektet er vidareført i 2024
- Automatisk legionella bekjemping på 5 viktige bygg
 - Volda omsorgssenter
 - Hornindal omsorgssenter
 - Folkestadtun
 - Fjordsyn
 - Legesenterbygget
- Fullføring av LED uskiifting på Volda omsorgssenter

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,49 %	14,79 %	18,28 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,95 %	7,24 %	11,19 %

Status sjukefråvær og HMS

Avdelinga har arbeidd svært godt med HMT og internkontroll, det er etablert eit overordna strategidokumen for HMT og internkontroll som held oversikt over heile området til avdelinga. Verneombod, tillitsvalt og leiarar har samarbeida godt for å få på plass naudsynte og gode rutinar. Dette er eit kontinuerlig arbeid som ein har arbeidd inn i årshjulet til avdelinga.

Det blir arbeidd systematisk og godt med sjukefråvær i avdelinga. Arbeide sin art og aldersamansetning gir noko høgt fråvær. Det blir arbeidd strategisk med hjelpemiddel, tilrettlegging av arbeid, heilskapkultur og anna for minst mogleg sjukefråvær. Dette arbeidet er koordinert og erfaring blir utveksla i leiargruppa i eigedom.

Utvikling

Skildring av tenesteområde

Utviklingsavdelinga har ansvar for:

- Overordna samfunnsplanlegging (kommuneplanarbeid)
- Handsaming av plan-, bygg- og delesaker
- Klima- og miljøsaker
- Kart- og oppmåling
- Utskriving av eigedomsskatt
- Oppfølging av spelemidlar og plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Avdelinga har totalt 9 stillingsheimlar som i dag er fordelt slik:

- Ein leiar som også jobbar ein god del med eigedomsskatt
- Ein kommuneplanleggar som har overordna koordineringsansvar for alt kommuneplanarbeid. Fra i fjor haust har ho gradvis gått over i ein mellombels stilling (2 år) som berekraftskoordinator
- To planleggarar som i hovudsak har sakshandsaming av reguleringsplanar og dispensasjonar
- Ein plan- og miljørådgjevar som har kombinert stilling. Klimasaker er også ein del av stillinga.
- To byggjesakshandsamarar som også har ansvar for delesak og eigarseksjoneringar
- To landmålarar som gjennomfører oppmålingsforretningar og ajourføring av kartdata

Skog- og landbrukstenester blir kjøpt frå Ørsta kommune som er vertskommune for felles landbrukskontor.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Plan	4,00	0	0	4,00
Byggesak	3,08	0	0	3,08
Oppmåling og kart	2,00	0	0	2,00
Total	9,08	0	0	9,08

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
5	4	-	-	-	-

Viktige hendingar

Avdelinga har hatt mykje tverrfagleg samhandling med andre avdelingar og da særleg med Vatn/Avløp og Veg/Park. Vi har blant anna jobba med kvalitetsheving av reguleringsføresegner, overvatnsproblematikk og ein ny kommunal vegnormal.

Etter fleire utlysningar fekk vi på plass ein ny sakshandsamar på byggesak i fjor sommar. Det har generelt vore stor arbeidsmengd på byggesak sjølv om det totalt sett kom inn færre søknadar mot tidlegare år. Mange har behov for rettleiing og det kan nok sjåast i samband med at det er fleire tiltak som no er friteke for søknadsplikt, men som igjen betyr mindre i gebyrinntekter.

På plan har det vore lite arbeid med private reguleringsplanar mot tidlegare år. Dette er nok fordi vi har ein god del vedtekne reguleringsplanar frå før der utbygging enno ikkje er starta grunna auken i byggekostnader og strammare økonomisk situasjon i samfunnet generelt. Planleggarane våre har da i større grad jobba med kommunale planar som til dømes:

- Områdeplan for Volda sentrum
- Områdeplan for Grodås
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Endring av områdereguleringa for E39 Volda - Furene

I tillegg starta arbeidet med ny planstrategi og vi fekk på plass Volda kommune sitt første klimabudsjett. Det har også vore mykje arbeid med miljø- og forureiningssaker.

Vi fekk tildelt skjønsmidlar frå Statsforvaltaren til ei 2-årig engesjementstilling som berekraftskoordinator. Vår kommuneplanleggar har gått gradvis inn i denne stillinga i løpet av året. Da vi ikkje fekk kvalifiserte søkjarar som vikar for ho så vil plan ha mindre kapasitet i tida framover. Vi har i tillegg 50% av ei anna planleggarstilling som også står vakant.

På oppmåling har det vore stor aktivitet og ein har hatt fleire større oppmålingsforretningar. I tillegg har ein fått avslutta mange mellombels utsette oppmålingsforretningar (MUF).

Eigedomsskattekontoret har sendt ut litt over 5000 vedtak om eigedomsskatt og fått taksert mange nye eigedomsskatteobjekt. Kommunen fekk inn ca 35,5 mill kr i eigedomsskatteinntekter i fjor.

Det blei også i fjor gitt tilskot på tilsaman 50 000 kr i fjor fordelt på 4 gode prosjekt knytt til leikeplassar:

1. Øvre Rotset Velforening fekk 10 000 kr til oppgradering av leikeplass på Øvre Rotset
2. Volda sentrum grendalag fekk 10 000 kr til oppgradering leikeplassen i Røysbakken
3. Engeset/Klepp/Nordalen fekk 15 000 kr til oppgradering av "Tuespretten", leikeplassen bak Volda omsorgssenter
4. Volda sentrum grendalag fekk 15 000 kr oppgradering av "Leiken", leikeplassen i krysset ved Storgata og Skjervavegen

Kommentar til status økonomi

Avvik fastløn:

Mindreforbruk her kjem av vakante stillingar på plan og foreldrepermisjon på oppmåling.

Avvik opplæring og kurs:

Meirforbruket her kjem i hovudsak av kursing av nyttilsette. Vi har i tillegg prioritert enkelte nye kurs for å få kompetanse på problemstillingar vi har jobba mykje med siste året.

Avvik avgifter, gebyr, lisensar ol.:

Meirforbruket her kjem i hovudsak av at det var budsjettert for lite på innkjøp av programvare frå Norkart AS (eigedomsskattemodul og kartprogram). I tillegg så vart det mange fleire tinglysingsgebyr grunna stor aktivitet på oppmåling.

Avvik andre tenester (som inngår i eigeproduksjonen):

Meirforbruket her kjem i hovudsak av innkjøp av oppmålingstenester grunna foreldrepermisjon.

Avvik kjøp frå andre kommunar:

Meirforbruket her kjem i hovudsak av at innkjøp av veterinærteneste er i rekneskapet ført her, mens det i budsjettet var sett opp på konto 13700, Kjøp frå andre (private).

Avvik kjøp frå andre (private):

Jf kommentar over.


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 738	8 469	8 927	458	5,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 821	1 839	1 276	-563	-44,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 410	2 461	2 453	-8	-0,3 %
Overføringsutgifter	122	207	150	-57	-38,1 %
Finansutgifter	0	5	0	-5	0,0 %
Sum Driftsutgifter	12 092	12 981	12 806	-175	-1,4 %
Salgsinntekter	-4 295	-3 359	-3 415	-56	1,6 %
Refusjoner	-226	-326	-368	-42	11,3 %
Overføringsinntekter	0	-1	-1	0	-0,1 %
Sum Driftsinntekter	-4 522	-3 686	-3 783	-98	2,6 %
Netto resultat	7 570	9 295	9 023	-272	-3,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl.	197	207	217	114	132
nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)					
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)	147	129	112	159	105
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)	208	312	309	270	241

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investing	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak	13 551	10 452	77,1 %	3 099
Sum andre prosjekt	0	609	0,0 %	-609
Sum	13 551	11 061		2 490

Statustekst investeringar

Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak Amfi og servicebygg Volda sentrum.

Ferdigstilt

Moritzmarka

Modulbygg til venterom med toalett og bubilparkering er ferdigstilt 2023

Groparken

Ute-området er ferdigstilt i 2023.

Botnasanden.

Modulbygg med toalett, parkeringsplass, tilkomst og turvegar, etablert grasbakke, montert informasjonstavle m.m. Ferdigstilt i 2023

Høydalen

Ferdig opparbeid parkeringsplass i 2023 for turfolket.

Prestholmen.

Det er lagt fram straum til Prestholmen i 2023.

Berkneset kystfort.

Montert informasjonstavle og turstiskilt i området med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i 2023

Samandrag status investeringar

Sentrumsutvikling og friluftstiltak:

Det er fleire underprosjekt som ikkje er ferdigstilt så restramme bør overførast til i år. Vi har også fått tilsegn om tilskotsmidlar til fleire av desse prosjekta.

Maskin og utstyr Utvikling og underprosjekt "Digital kartlegging" :

Dette prosjektet er ikkje avslutta og vi vil få fleire faktura her. Restramme må altså vidareførast til i år.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	1,33 %	1,33 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,07 %	2,17 %	4,24 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråveret er noko høgare enn i 2022, men framleis relativt lågt. Grunnen til auka er i hovudsak ei langtidssjukemelding siste halvåret. Det er jamn og god dialog med sjukmeldte som gradvis nærmar seg tilbake i 100 % jobb.

Brann/feiing

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar. Avdelinga har oppfylt kravet med gjennomføring av ROS-analyse som grunnlag for vedteken brannordning.

Avdelinga er, i tråd med krava i Dimensjoneringsføreskrifta delt inn i beredskaps- og førebyggjande avdeling og består av 70 personar inklusive administrasjonen. Brannkonstablane har stillingar frå 0,58% til 2% noko som tilsvara 12 til 40 timar årleg, og er fordelt på stasjonane i Hornindal og Volda sentrum, samt depot på Bjørke, Straumshamn, Steinsvik og Dravlaus.

Forebyggjande avdeling har ansvar for tilsyn med særskilte brannobjekt, feiing, bustadtilsyn og informasjonsarbeid. I løpet av året har det vore teke i bruk bedre dataverktøy for feie og tilsynstjenesten. Med dette kartlegg vi behov for feiing og tilsyn for kvar enkelt objekt med målsetting om å kunne fylgje bedre opp forskriftskravet om "behovsbasert feiing og tilsyn". Så langt ser dette ut til å vere eit godt verktøy og vi er godt i gong med kartlegging av både bustadhus og fritidsbustadar med mål om ei effektivisering av tenesten.

Sjølv om det er krevjande å rekke over å dekke alle behov så opplever ein at alle tilsette på alle nivå er svært godt motiverte for jobben, og innbyggjarane i Volda skal kunne vere trygge på å få bistand frå kompetente og dyktige brannkonstablar og brannforebyggjarar om behov oppstår.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Brannvern	3,94	0	0	3,94
Feiing	2,25	0	0	2,25
Total	6,19	0	0	6,19

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2	66	-	-	-	61

Viktige hendingar

For første gong har vi gjennomført lovpålagt grunnutdanning for brannmannskap sjølve. Opplæringa består av nettbasert og frammøtebasert opplæring med oppstart i januar og avslutta med ei heil praksisveke i oktober. 14 brannkonstablar deltok og kvar av dei har gjennomført rundt 200 timar teoretisk og praktisk opplæring. I tillegg har 3 utrykningsleiarar teke vidareutdanning i leiing av innsatsar.

Brannmannskapet har vore utkalla til ulike hendingar 115 gongar. Av desse var 3 bygningsbrannar, 23 trafikkulukker, 7 helse-opppdrag/hjertestans og 18 brannhindrande tiltak. Dei fire depota har samla vore på 14 oppdrag, Hornindal 16 og Volda sentrum 99.

Forebyggjande avdeling, tilsyn og feiing er nokolunde i rute og prioriterer oppgåvene basert på risikoanalyser, fyringsmønster og behov. Ein ser at tilsyn ofte er det viktigaste for det er der ein avdekka avvik på fyringsanlegg som i verste fall kunne ført til brann. Vi har også hatt mykje fokus på info om miljøvennleg fyring. Ein gamal vedomn slepper ut omlag 10 gongar meir røyk og sot i forhold til ein ny og reintbrennande omn. To brannforebyggarar/feiar deltok på brann og miljøkonferansen for å få meir kunnskap innan dette fagfeltet. Å få fleire til å skifte til reintbrennande omnar er eit viktig miljøtiltak, samtidig som ein får vesentleg meir varme ut frå same mengde ved.

Avdelinga har også delteke i kommunen sitt arbeid med å finne bustadar til flyktningar. Vi har teke ansvar for å sjå til at bustadane som vert leigt har dei branntryggingstiltaka som trengs for at ein skal kunne bu trygt. Dette har også vore ei fin muligheit til å få ut informasjon til utleigarar på og vi opplever responsen til å vere svært god.

Ny bil til Straumshamn kom rett før jul og den gamle bilen frå 1985 kunne skiftast ut. Å oppgradere utstyr til depota er eit viktig tiltak for å trygge beredskapen på bygdene.

Vi har gjennomført ulike typar brannvernopplæring og informasjon. Mellom anna fekk over 100 eldre brannvernopplæring gjennom eit opplegg i samarbeid med Sanitetslaga i Volda. Tilsette ved sjukehuset har krav om brennopplæring minst kvart 5 år. Dette er det vi som står for og har laga eit opplegg som har vore brukt i fleire år med gode tilbakemeldingar. Vi har også nytta høvet til å delta på møter i feire andre lag og organisasjonar, det vi har fått kome til med viktig brannverninformasjon.

Kommentar til status økonomi

Tjenesten brann og redning er i rekneskapen delt i to avdelingar, brannvern og feiing. Feiing er sjølvkostområde og all kostnad med tenestene vert dekkja inn av feie- og tilsynsavgifta. Eg kommenterer dei ulike tjenesteområda kvar for seg.

Brannvern

Brannvern hadde eit meirforbruk av løn på omlag 450.000,- Samtidig hadde vi eit mindreforbruk på omlag 660.000,-opplæring og kurs. Forklaringa er at vi i løpet av 2023 har kjørt lovpålagde kurs for både brannkonstablar og utrykningsleiarar. Dette har, som vi viste om og fekk ekstra budsjettmidlar til, ført til ekstra løns- og driftskostnader. Dei auka kostnadene med løn og nokre driftskontoar er dekkja inn med mindreforbruket i konto 11500 opplæring og kurs. Men det må også nemnast at utrykkingar fører til store overtidskostnader og i år ein meirforbruk. Ei utrykking til bygningsbrann eller trafikkulukke på kveld/natt/helg kjem raskt opp i ein kostnad på 20-30.000,-.

Dette betyr at alle frammøtte skal ha min 2 timar overtid, oftast med 50%/100% overtid, noko som betyr at kvar utrykking får ein kostnad på minst kr 20.000,-

Konto 11950 avgift, gebyr lisensar gjeld kostnader med Nødnett, kr 640.000,- . Konto 13700 kjøp frå andre gjeld avgift for tilknytning til 110 sentralen, kr 724.000,- Tidlegare vart begge desse utgiftene belasta konto 13700. Dette er årsaka til at 11950 får eir meirforbruk, men 13700 får ein mindreforbruk.

Feiing

Tenesten feiing hadde eit meirforbruk i år 2023 som er finansiert ved bruk av bundne driftsfond.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 627	13 007	12 887	-120	-0,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 922	2 615	2 795	179	6,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	774	920	1 548	628	40,6 %
Overføringsutgifter	7	0	0	0	0,0 %
Finansutgifter	115	149	22	-127	-575,3 %
Sum Driftsutgifter	15 446	16 692	17 252	560	3,2 %
Salgsinntekter	-2 543	-2 325	-2 075	250	-12,0 %
Refusjoner	-236	-290	-290	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-59	-472	-54	418	-771,6 %
Sum Driftsinntekter	-2 838	-3 087	-2 420	668	-27,6 %
Netto resultat	12 608	13 604	14 832	1 228	8,3 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,4	11,5	10,8	15,3	16,1
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B)	-50	5	103	54	78
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B)	1 249	1 355	1 098	1 221	889
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B)	1,7 %	1,9 %	1,7 %	1,8 %	1,4 %
Kvalitet					
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	495	610	786	620	475

Det er ikkje så mange kommunar vi kan samanlikne oss med i kostragruppe 07. Stort sett alle kommunar har ein geografi med eit sentrum og behov for ein brannstasjon.

I Volda har vi to brannstasjonar, 4 branndepot og til saman 70 tilsette. Sjølv om dei fleste har små deltidsstillingar så må alle følgjast opp på same måte som tilsette i høgare stillingsprosentar. Og både kjøretøy og materiell må ha jamleg tilsyn og lovpålagt sertifisering.

Det må nødvendigvis bli mykje dyrare å drifte brann og redningsberedskapen i Volda enn i dei fleste andre kostra 07 kommuner.

Men det må nemnast at i forhold til den store styrken kommunen har så har vi klart oss med ein liten administrasjon.

Netto driftsutgift til funksjon 338 gjeld feiing og bustadtilsyn. Tala som er opplyst her er ikkje relevante. Kostnaden for feiing og tilsyn vert ikkje fordelt pr innbyggjar, men vert dekkja av den avgifta som dei bed fyringsanlegg betalar (feieavgift). Denne tenesta vert såleis ikkje belasta over kommunebudsjettet men som sjølvkost.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Sum andre prosjekt	3 537	1 587	44,9 %	1 950
Sum	3 537	1 587		1 950

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Det har ikkje vore investeringar ut over ny bil til Straumshamn i 2023. Denne kom først 2 1/2 år etter bestilling noko som førte til ei lita prisauke i høve det som var budsjettet.

På grunn av uklareheit i endeleg kostnad på denne bilen har vi holdt igjen andre investeringar for å vere sikre på at vi hadde tilstrekkeleg med midlar utan å overskride rammen. Dette klarte vi, men det er ei forventning i at tidlegare avsette og ubrukte investeringsmidlar vert overført til 2024 slik at planlagde og naudsynte investeringar kan gjennomførast som planlagt.

Ein må framover dei komande 7-8 åra rekne med nokre tunge investeringar. Om 6 år er hovudbilen i sentrum 20 år gamal og moden for utskifting. Sidan det er lang leveringstid på slike bilar må prosessen må startast minst 3 år før. Tankbil Hornindal er frå 80 talet, og er allereie moden for utskifting. Men er, tross alder, i god stand så held truleg nokre år til. Ein del anna materiell og kjøretøy må også påreknast utskifta. Både bilen i Steinsvika og på Bjørke er 80 tals modellar som ein må legge opp til å skifte ut med det første.

Det har vore ei rivande utvikling i Volda siste tiåra. Bygningane som vert oppført no er mykje større og høgare enn det som har vore vanleg, noko som fører til auka utfordringar om brann oppstår. Når kommunen gir løyve til utbyggingar så tek vi også på eit ansvar for å ha forsvarleg brannberedskap for å kunne handtere hendingar i bygningane. I Volda har vi ikkje utstyr for å kome opp høgda for evakuering av personar eller utføre slokkeinnsats, noko som kan få store konsekvensar. Det har i mange år vore etterlyst investeringsmidlar til høgderedskap, men ikkje vorte prioritert. Det er ei stor investering, men ei investering som er på høg tid å realisere.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,42 %	0,85 %	2,27 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,21 %	1,47 %	2,68 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i brann og redning er svært lågt, 2,69 %.

Vi legg stor vekt på HMS arbeid slik at ein skal unngå skader i arbeidet. Alle mannskapa får tilbod om helsekontroll arbeidshelse, og røykdykkarane må gjennom periodisk helsesertifisering og fysisk test. Brannkonstablane har tilgang til treningsutstyr både i Hornindal og Volda sentrum, noko mange nyttar seg av.

Vi gjennomfører årleg vernerunder og steam møter og har eit omfattande internkontrollsystem for å ivareta systematikk i HMS arbeidet.

Veg/park

Skildring av tenesteområde

Avdelinga har ei stor breidde av tenester vi yter til innbyggjarane og andre kommunale einingar. Vi er bevisst på "kven vi er her for" og har ei tydeleg haldning både til det og til kvifor vi er tilsette her. Vi yter tenester som dei fleste innbyggjarar har behov for (her kan nemnast vintervedlikehald, veglys, parkdrift og kyrkjegardsarbeid). Vi er difor svært synlege for alle og får av same grunnar mange tilbakemeldingar på godt og vondt. Vi har tydeleg merka endringane etter kommunesamanslåinga med auka oppdragsmengd og færre ressursar til rådvelde. Generell innsparing for både sektor og avdelinga gjer også ein stor innverknad i kva vi har mogelegheit å levere. Dette medfører og at vi må prioritere hardare korleis ein nyttar tilgjengelege ressursar. Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at dei negative reaksjonane frå innbyggjarane har auka i høve noko reduksjon eller endring i tenestene vi leverer.

Vi har tidlegare fått høve til å investere i moderne reiskap og utstyr, noko som gjer oss meir effektive, men veg ikkje opp for auken i oppdragsmengder. Her kan nemnast klippe robotar for plen vedlikehald, effektive køyrety med stor kapasitet og spesial utstyr som reduserer bruken av maskiner og gjer oss i stand til å utføre meir med færre mannskap. Det er særskild viktig at slike løyvingar til effektivisering og kostnadsreduksjonar held fram.

Den menneskelege faktoren er likevel heilt avgjerande. Vi har ein særskild kompetent arbeidsstyrke og har lukkast å rekruttere nye kompetente medarbeidarar dei siste åra som er ansvarsbevisste gjer eit framifrå arbeid. Vi har eit lågt sjukefråvær (5,28%).

Vi har 8 ulike budsjettområder som er omtala nedanfor.

Ekonomi:

Avdelinga har driftsansvar for kommunen sitt fibernett og breibandsnett. I budsjettet ligg utgifter til drift og feilrettingsavtale med ekstern entreprenør. Det er ikkje medteke ressursar til nye anlegg eller feilretting dersom dette oppstår i driftsåret. Det er avgjerande at dette vert teke med i framtid, då kommunen sitt nett har auka i mengd og lengd og vi allereie har fått skader som skal dekkjast inn utan midlar til rådvelde. Det er heller ikkje løyvt midlar til dokumentasjon av kommunen sitt ekom-nett, noko som gjer feilretting krevjande og med lenger nedetid. Dokumentasjon av offentleg kome nett er eit lovkrav.

Personal og lagerbygg (Myrtun):

Avdeling veg og park har ansvar og budsjett for garasje og personalbygg på Myrtun som vi fysisk deler med avdeling vatn og avlaup. Det har blitt gjort nokre nye investeringar siste åra, mellom anna strøsandlager, tilbygg til garasjebygg, nye brakker for kontorplassar og nytt tak på garasjebygget. I 2022 vart det for fyrste gong lagt til rette for eigen damegarderobe, noko som var naudsynt. Bygningane er generelt sett etter kvart blitt gamle og utdaterte.

Kommunale vegar:

Arbeidsområde og omfang har stor breidde der vi og dekkjer eit stort geografisk arbeidsområde. Vi er svært synlege i det vi gjer, då dei fleste av oss som innbyggjarar har ein relasjon til det avdeling har ansvaret for. Vi mottek relativt mange henvendingar om mange ulike problemstillingar og set vår ære i å svare innbyggjarane våre tydeleg og konstruktivt. Slike tilbakemeldingar har auka, truleg grunna reduserte løyvingar og større omfang i høve kilometer veg og kommunale areal.

Vi har etter kvart relativt moderne utstyr og hjelpemiddel, noko som er naudsynt for å auke vår effektivitet samstundes som kostnader skal reduserast. Desse satsingane må halde fram i åra som kjem.

Volda har mange kilometer med veg og jobbar hardt for å skape høg trafikktryggleik og legge til rette for god infrastruktur for innbyggjarane våre. Vi har i tidlegare år gjennomført ei omfattande asfaltering av tidlegare grusvegar. Vi meiner dette har ført til betre tryggleik og framkomelegheit for innbyggjarane, reduserte kostnader og betre oppleving for alle som ferdast i kommunen vår. I tillegg har vi utarbeida plan for trafikktryggleik og satsa ein del på utbetringar spesielt knytt til born, unge og mjuke trafikantar. Denne satsinga vil halde fram vidare.

Kommunale veglys:

Vi har gjennom fleire år gjort nye investeringar i veglys. Dette har redusert straumkostnadene monaleg og betra trafikktryggleiken. I 2023 vart dei fleste gamle "HQL armaturane" (kvikksølv damplampar) skifta ut. desse var det ikkje råd å få pærer til og kost/nytte vurderinga tilsa at det beste alternativet var å byte desse i moderne LED armaturar. I tillegg har kommunen valt å sjå til kartlegginga "barnetråkk" som vart gjennomført i samarbeid med høgskulen. Her vart det kartlagt kva vegar og stiar som vert mest nytta av born og unge. Dette la grunnlag for ei satsing på belysning langs slike gangvegar/stiar som vart opplevde som mørke og trasige. Her har vi bygt nytt og oppgradert fleire stadar. Vidare har ein lagt opp til forsterka belysning på stader med fotgjengarfelt. Denne satsinga har halde fram i 2023.

Hamn:

Vi har dei siste åra fornya hamne regulativet i tråd med nytt lovverk. Vi har innført sterkare kontroll med båtar som kjem og innført nytt betalingsregime for hamn og kai. Dette inneber elektronisk registrering for alle båtar ved almenninga, Vikeneskaia og den nye flytebrygga for småbåtar. Betalingsordningane varierer mellom faktura for større båtar og vipps for småbåtar.

Kommunale parkar og uteområde:

I Volda kommune har vi om lag 168 mål med plen som vi klipper heile vekstsesonen. Dette er krevjande og vi har hatt stor glede av flinke sommarhjelper gjennom mange år. Dei siste 3 år har vi i tillegg investert i robotklipparar og utvida dette i 2023. Dette vil gjere oss meir effektive og er heilt naudsynt, då vi har overteke stadig fleire mål med grøntareal som skal stellast samstundes som driftskostnader skal kuttast. Park eininga har og ansvaret for kyrkjegardane, friluftsområde, badeplassar, felles areal og parkar.

Kyrkjegardar:

Volda kommune har avtale med Volda kyrkjelege fellesråd om stell av i alt 9 kyrkjegardar i kommunen. Vi har og i oppgåve å legge fysisk til rette for gravferder (graver), samt stell av uteområda på kyrkjegardane. I enkelte tilfeller kan vi avhjelpe også med andre oppgåver og situasjonar i samråd med kyrkjuverje.

Vintervedlikehald:

i 2022 vart det for fyrste gong vart det oppretta eige budsjettområde for vintervedlikehald. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som er utfordrande å budsjettere på. Vi “styrer ikkje” været, men må ta det vi får. Volda har 17 ulike roder på bygdene for brøyting av kommunale vegar og 17 ulike stadar for brøyting kring kommunale bygg og plassar. Dette vert leigt inn frå lokale firma og entreprenørar. Vegane i sentrum av Volda og på Grodås, vert brøytt med eigne mannskap. Vi legg mykje vinn på å halde alle vegar, gangvegar og plassar godt tilgjengelege og trafikktrygge for våre innbyggjarar. Ved store snømengder kan dette vere utfordrande å få til, då vi ikkje er dimensjonerte for ekstremvær. Vi ser mellom anna at vi har aukande utfordring/vanskar med å brøyte gjennom alle vegar i sentrum av Volda innan klokka 07:30 som er målet. Hovudårsaka til dette er aukane tal på vegar og areal, men same tal på brøyteeiningar for å handtere arbeidet. Vintervedlikehaldet utgjer 35-40% av det totale budsjettet for avdelinga og har auka monaleg siste året. Dette har si årsak i generell pris og kostnadsauke, samt spesielt mykje strøing av vegar i 2023.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Personal- og lagerbygg (Myrtun)	0,20	0	0	0,20
Kommunale vegar	8,90	0	0	8,90
Park	3,10	0	0	3,10
Total	12,20	0	0	12,20

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
4	12	-	-	-	-

Viktige hendingar

Vi har innført betalingsordning og justert desse for Hamn og kaileige, fellesføring på veglysstolpar eigd av kommunen, graveløyver, gravferder for innbyggjarar heimehøyrande utanfor kommunen, og mindre oppdrag for verksemdar eller lag som ikkje er konkurranseutsett næring. Dette er bevisste handlingar der kommunen har høve til å gjennomføre dette og dette er med på å kompensere litt for dei kostnadsreduksjonane som avdelinga er pålagde å gjennomføre.

Vi har følgd opp satsinga på trafikktryggleik og dei investeringane som der vart tildelt midlar for. Også andre investeringar både i høve anlegg og maskiner/utstyr er følgde opp, alt innanfor tildelte rammer.

Vi har hatt stort fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær og ser at vi har lukkast godt med dette i 2023. Sjukefråværet dette året var om lag 5,28%. Vi har hatt få skader (ingen alvorlege) og lågt kortidsfråvær.

Vi har lagt til rette for og gjennomført arbeidspraksis for menneske frå Volda næringssenter, NAV, STYRK og kriminalomsorgen.

Det har vore utført mange oppgåver for andre avdelingar og sektorar internt i kommunen, samt mykje innsats på investeringar som andre avdelingar har hatt ansvaret for.

Vi har gjennomført ny tilsetjingar og lukkast å rekruttere fleire kompetente medarbeidarar inn i driftsmiljøet. Vi har og lukkast å rekruttere fleire kvinnelege medarbeidarar i eit arbeidsmiljø som har

vore relativt manns dominert. Dette er ein bevisst strategi, som vi ser positive resultat frå i høve arbeidsmiljøet.

Det har og vore ei målsetting for oss at vi skal svare ut/avklare dei henvendingar og spørsmål vi får gjennom året rimeleg raskt. Dette meiner vi og at vi har lukkast med.

Kommentar til status økonomi

3501 - Ekom

Her har vi eit budsjett som akkurat dekkjer kostnader til ekstern beredskap. Vi fekk 1 feil i nettet (fiber mellom Volda - Grodås ved Aldalselva) og vi har ingen andre stadar å føre slike kostnader på. Difor overskriding av eit budsjett som ikkje har midlar til feilretting.

3502 - Personal og lagerbygg (Myrtun)

Dette er ei kostnadsfordeling gjennom året for avdelingane veg og park, samt vatn og avlaup. Budsjettet skal ved års-slutt vere = 0,- etter at avdelingane har betalt sin del av "husleiga". Forbruket i 2023 var om lag i samsvar med budsjett.

3503 - Kommunale vegar

Her har vi (til liks med 6 andre budsjettområder) halde igjen dei vi klarer i høve kostnader, då vi veit at ansvar 3508 (vintervedlikehald) har vore underfinansiert. Dette har gått ut over aktiviteten og ressursane vi har brukt på kommunale vegar, men vi har kome i mål for 2023.

3504 - Kommunale veglys

Her har vi nytta nokre ressursar frå trafikktryggingsmidlar (avgjort av TFU utvalet) og fått rusta opp nokre fotgjengarovergangar samt mindre nyanlegg på nokre gangvegar. Vi ser positive verknader frå utskiftinga vi har gjort i høve LED armaturar, både i høve straumforbruk og levetid på lampar då desse er relativt nye. Vi har hatt stor merksemd på skadar (påkøyrslar) av lysmaster og evna å få skadevoldar til å dekkje kostnadene i dei fleste tilfella. Vi har hatt få kabelfeil, noko som ofte kan vere svært kostbart. Vi har klart å halde kostnadene nede heile året og forventa overforbruk på vintervedlikehald har vore sær delaktig i dette.

3505 - Hamn

Vi har gjennomført ein gjennomtenkt kostnadsvurdering i høve inntekter og laga hamneregulativ. Vi har hatt eit pynteleg overskot på dette og har justert satsane for kaileige i tråd med KPI. Vi "styrer" ikkje desse inntektene, dei kjem når båtar har behov for kaiplass. Vi har nytta nokre av inntektene til å utforme parkering, laste/losse område samt stenging for andre køyrety mot kaikanten. Dette har vi fått

gode tilbakemeldingar på. Vi har og teke ei oppgradering på kaia ved Yksnøya, og demontert gammalt falleferdig skur ved kaia på Berkneset.

3506 - Park

Vi har hatt eit lite overforbruk på park i 2023. Dette skuldast i all hovudsak at kostnader på park og kyrkje heng tett saman og det har vore vanskeleg å skilje desse ved alle høver. I tillegg har vi fått ein del fleire oppgåver og anlegg (døme er Andaneset, Botnasanden og planter i sentrum) som skal ryddast og stellast. Vi har og etter kvart nokre køyrety som er gamle (som vi er avhengige av) og har hatt større utlegg på reparasjon av desse enn forventa.

3507 - Kyrkjegardar

Her har vi stram kostnadsstyring og tek oss betalt for gravferd for innbyggjarar som ikkje er heimehørande i kommunen. Vi har eit tydeleg mindreforbruk og forklaringa heng saman med tett hopehav med park budsjettet. Desse 2 er ofte vanskeleg å skilje. Det ligg til grunn ein balansert avtale vi har med kyrkjeleg fellesråd og tenestene vi yter er viktige for lokalsamfunnet.

3508 - Vintervedlikehald

Dette er eit nærast umogeleg budsjett å halde seg til. Vi har ikkje styring på dette slik som for andre budsjett og ei "snørid" på nokre få dagar har kostnader som godt kan vere på over ein million kroner. Vi har eit tydeleg overforbruk i 2023, noko som skrive seg frå auka timeprisar, høgare dieselpriar, særskilt mykje strøing (noko mindre brøyting) og generell kostnadsauke for vedlikehald og drifta av maskiner og utstyr. Overskriddinga vart likevel mindre enn frykta, noko som har si forklaring i mindre brøyting/strøing hausten 2023. Vi har spart på 6 av dei andre budsjettområda då vi veit at vintervedlikehald har vore underfinansiert.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 663	10 690	10 547	-143	-1,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 520	10 966	11 958	992	8,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	186	145	0	-145	0,0 %
Overføringsutgifter	2	10	0	-10	0,0 %
Sum Driftsutgifter	23 371	21 810	22 504	694	3,1 %
Salgsinntekter	-711	-489	-318	171	-53,8 %
Refusjoner	-1 098	-1 215	-1 047	168	-16,1 %
Overføringsinntekter	0	-4	0	4	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 809	-1 708	-1 365	343	-25,1 %
Netto resultat	21 562	20 102	21 139	1 037	4,9 %

Grafer Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	89 859	108 763	93 280	112 510	116 860
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	135 667	155 271	130 096	163 353	173 667
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	88 068	101 260	88 981	103 335	106 427
Dekningsgrad					
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	16,38	16,15	14,37	11,16	8,57

Årsmelding 2023

Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	11	11	25	28	20
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	259	255	132	117	146

Vi har gjort fleire investeringar i høve nye vegar siste åra (døme er Haugevegen, Botnavegen, Håmyra, næringsområdet på Rotset og Engesetvegen). I tillegg ligg vi godt over Ørsta kommune i høve km veg per 1000 innbyggjarar og langt over snittet i Møre og Romsdal. Det trass i at vi har gjennomført sak knytt til nedlegging av offentleg veg (privatisering). Dette forklarar mykje i høve våre kostnader til veg sett i høve til andre kommunar.

Vi ligg lågare på driftskostnader per km veg enn Møre og Romsdal på alle dei 3 første parameter og godt under kostragruppe 7 med dobbelt så mange km veg per 1000 innbyggjarar. Det tyder at vi ligg lågt i forbruk i høve dei vi samanliknar oss med.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Kommunale vegar	8 643	3 557	41,2 %	5 087
Trafikktrygging	4 967	1 313	26,4 %	3 654
Sum andre prosjekt	4 830	4 133	85,6 %	697
Sum	18 440	9 003		9 437

Statustekst investeringar

Kommunale vegar

Prosjektet omfattar ei rekkje underprosjekt knytt til område veg og desse tiltaka er lagt til grunn utført :

- Den øvste delen av Lønnevegen manglar autovern. Ferdigstilt
- I Bjørkevegen (frå Askevegen og austover) er det ikkje ført opp autovern. Ferdigstilt
- Asfaltering av vegane Løvland byggefelt. Ferdigstilt
- Ferdigstilling av veg og montering av rekkverk i samsvar med reguleringsplan for Bergsvegen. Ferdigstilt

Trafikktrygging

Prosjekt er knytt til prioritering i TFU og vert ferdigstilt etter årleg plan.

Samandrag status investeringar

Alle investeringar hjå avdeling veg og park er i rute økonomisk, men vi ligg litt etter på utføring i høve trafikktryggleik.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,48 %	5,07 %	5,56 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,41 %	3,30 %	5,71 %

Status sjukefråvær og HMS

Kortidsfråværet har auka noko frå 2022 til 2023, medan langtidsfråværet har minka monaleg. Det samla fråværet har gått noko ned frå eit akseptabelt nivå også i 2022. Vi har hatt stort fokus på arbeidsmiljø og tilrettelegging av arbeidsoppgåver og trur dette har vore ein positiv faktor for det låge resultatet i 2023. Gjennom vernerunder, STIM-møter, medarbeidersamtalar og god tilrettelegging i kvardagen, har vi unngått ulukker og skader av alvorleg karakter. Gjennom dei same rutinene samt fokus på godt samarbeid internt, har vi betra arbeidsmiljøet og med dette redusert ein del sjukefråvær. Auken i korttids jukefråvær er forklarbart og noko vi har jobba for å betre endå meir.

Vatn/Avløp

Skildring av tenesteområde

Året 2023 var eit godt år der avdelingsstrukturen med investering og drift begynner har blitt “satt” og fungerer etter intensjonen. Dette gir betre resultat i form av gjennomførte prosjekt, betre internkontroll og oppfølging av driftsoppgåver som ein har ansvar for.

Enkelte oppgåver som Hovudplan VA har fått redusert framdrift på grunn av permisjonar, men ein har prioritert internkontrollarbeidet sjølv med reduserte ressursar.

Avdelinga har ambisjonar om å kvalitetsikre arbeidsoppgåver og dokumentasjon framover og ein vurderer ulike digitale løysingar m.a mot oppfølging av sprinkleranlegg, olje- og fettutskiljarar og tilbakeslagsventilar. Automatisk innhenting av data frå private vassmålarar er og ei oppgåve vert vurdert nærare i åra som kjem.

Innanfor ansvarsområde vatn har ein hatt mål om å redusere vasslekkasjane så mykje som mogleg dei siste åra. Ein ser dette som eit kontinuerleg arbeid og naudsynt når ein ser at lekkasjeprosenten stig. Truleg må ein prioritere dette enda høgare i tida som kjem for å nå dei måla ein har satt. Dette arbeidet må og sjåast i sammenheng med innlekkasje på avløp. Det nye reinseanlegget gir moglegheiter til å sikre at vi har betre oversikt inn mot å redusere innlekkasje å nettet.

I 2023 vart Vikeneset avløpsreinseanlegg (RA) og høgdebassenget ved Volda vassverk ferdigstilt.

Årsverk

	I år 2023			
Org.eining	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Vassforsyning	10,00	0	0	10,00
Avløpsområdet	5,20	0	0	5,20
Total	15,20	0	0	15,20

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2	12	-	-	-	-

Viktige hendingar

Dei viktigaste hendingane på vatn og avløp har vore etableringa av nytt høgdebasseng og nytt avløpsreinseanlegg på Vikeneset. I tillegg til desse to prosjekta nemner vi :

- Ny og moderne avløpspumpestasjon ved Hagecamp på Grodås. Denne sikrar betre HMS og klargjer leidningsnettet til å ta i mot avløpsslam frå Gausemel når det anlegget vert fasa ut.
- Avløpspumpestasjon på Botnasanden som legg til rette for bygging av nye bustadar og sanitæranlegg i området.
- Strømpetrekking av overløpsleidning frå Sparebanken Møre og ned til moloen. Prosjektet gav verdfull erfaring om korleis vi kan renovere gamle leidningar uten graving som kan gi store ulemper for samfunnet.
- Samarbeid med dei seks andre kommunane i 7*.
- Gjennomført fagdag for 7*. Fagdagane var ein suksess og vert vidareført i 2024

Kommentar til status økonomi

Avløp

For avløpsområdet vart driftsutgiftene 5,1 % lågare enn budsjettert, kapitalkostnadane vart ca. 390 000 kroner lågare enn budsjettert og gebyrinntektene vart 2 % høgare enn budsjettert. Samla gebyrgrunnlag vart ca. 1 200 000 kroner lågare enn budsjettert.

Med høgare inntekter og lågare utgifter enn budsjettert, endte ein opp med å sette av 360 000 kroner til bundne driftsfond, medan det var budsjettert med ein bruk av fond på 1 200 000 kroner. Dette gir eit resultat på pluss 1,5 millionar kroner på avløp.

Driftsutgiftene var i hovudsak lågare enn budsjettert grunna utleige av ingeniør til eigedom heile 2023.

Vatn

For vassområdet var lønsutgiftene ca. 1 600 000 kroner lågare enn budsjettert, medan driftsutgiftene var ca. 1 600 000 høgare enn budsjettert. Gebyrinntektene var 2,9 % høgare enn forventa. Samtidig var kapitalkostnadane lågare enn budsjettert.

Med høgare inntekt og lågare kapitalkostnadar enn budsjettert, endte resultatet på vatn opp ca. 1 400 000 kroner høgare enn budsjettert som betyr at ein brukte 1,4 millionar mindre av sjølvkostfondet enn budsjettert.

Dei store avvika skuldast i hovudsak ei vakant stilling, refusjonar og kutt i driftsbudsjettet på varer og tenester. Dette er korrigert i 2024-budsjettet.

Oppsummering tiltak

Ein har korrigert budsjettet for 2024 på dei manglar ein såg i 2023.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 820	10 671	13 540	2 869	21,2 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	8 819	8 748	7 400	-1 348	-18,2 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 586	2 213	1 967	-246	-12,5 %
Overføringsutgifter	0	44	0	-44	0,0 %
Finansutgifter	28 874	20 203	20 967	764	3,6 %
Sum Driftsutgifter	50 099	41 878	43 874	1 996	4,5 %
Salgsinntekter	-37 385	-40 035	-40 107	-72	0,2 %
Refusjoner	-45	-906	-580	325	-56,1 %

Årsmelding 2023


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsinntekter	0	-42	0	42	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-12 668	-895	-3 187	-2 292	71,9 %
Sum Driftsinntekter	-50 099	-41 878	-43 874	-1 996	4,5 %
Netto resultat	0	0	0	0	0,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B)	1 320	1 352	1 420	1 411	1 271
Produktivitet					
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	846	952	1 536	1 346	
Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr)	2 500,0		18 320,0	7 683,5	6 532,7
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	2 326	2 492	2 879	2 411	
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 827	3 832	2 594	3 671	4 559

Kvalitet

Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B)	6,0	5,4	8,2	3,3	2,7
--	-----	-----	-----	-----	-----

Måleindikatorane som er satt opp kan vere utfordrande å kommentere. Generelt ligg Volda på gjennomsnittet når det gjeld avgiftsnivå for vatn og avløp når vi ser på landet.

Fleire kommunar i KOSTRAGRUPPE 7 har ikkje 100% tilsette på vatn og avløp som oss og har færre vass- og avløpsanlegg samt ein enklare topografi. At Volda ikkje ligg høgt på landsbasis kan skyldast at utskifting av leidningar og generell oppgradering av eksisterande anlegg ikkje har følgd den utskiftingstakta som ein burde. Med auka investeringar innan ansvarsområdet vil gebyra stige, men dette gjeld for landet elles då dette er sjølvkostområde.

Gebyrutviklinga vil avhenge av talet på anlegg og kor konsentrert busetnaden er og kor effektivt ein kan drive innan ansvarsområdet. I Volda har ein spreidd busetnad og ein geografi som truleg gir eit større investeringsbehov enn andre samanliknbare kommunar som kan gi gebyrauke for å sikre forsvarleg leveranse av drikkevatt og reinsing av avløp.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Avløpsanlegg	16 875	16 081	95,3 %	794
Ledningsprosjekt	6 400	6 452	100,8 %	-52
Vassverk	1 369	988	72,1 %	381
Sum andre prosjekt	1 818	879	48,4 %	938
Sum	26 462	24 401		2 061

Statustekst investeringar

Avløpsanlegg

Vikeneset RA er ferdig og satt i drift med enkelte utfordringar. Noko overskriding av tildelt budsjett, men totalt går hovudprosjektet i balanse ved å gjere interne justeringar i tråd med økonomireglementet (kan nytte unytta middel frå Mork RA prosjektet til å finansiere meirforbruket på Vikeneset).

Førebuing til vidare arbeid med Mork RA forventer ein å starte opp i 2024.

Ledningsprosjekt

På leidningsutskifting ligg ein an til å komme i gang med alle planlagte leidningsprosjekt i 2024. Nokon av prosjekta vert kansellert då ein har funne andre løysingar som ikkje krevjar store investeringar frå vatn og avløp. Fleire prosjekt vil gå ut i 2024, medan Heltnevegen vil starte i 2024. Dette prosjektet var planlagt å starte i 23, men grunna omdisponering og utleige av prosjektleiarar vart prosjektet utsatt til 24. Alle prosjekt ligg innanfor budsjett.

Vassverk

Hovudprosjektet vassverk ligg per no godt innanfor budsjett då vi ikkje har kome heilt i gang med sjølve oppgraderinga av Volda vassverk. Dette skuldast forsinka utredningar frå konsulent og andre avklaringar som har vore naudsynte i prosjektet. Dette er no på plass, så fram mot nyttår vil alle oppgraderingar avklarast og gjennomførast i starten av 2024.

For dei andre prosjekta i hovudprosjektet har ein kontroll på både framdrift og budsjett.

Samandrag status investeringar

Generelt har avdelinga for vatn og avløp god kontroll på framdrift og låneopptak for investeringsprosjekta.

Vassverk – Dei to store prosjekta i dette hovudprosjektet er Høydal vassverk og oppgradering av Volda vassverk. Prosjekta starta opp i 2023, men vert ferdigstilt i 2024 som viser gir eit på dette hovudprosjektet for 2023.

Leidningsprosjekt – Alle leidningsprosjekta som vart prioritert i 2023 vart sett igong og fleire er ferdigstilte. Prosjekt frå 2023 som er vidareført i år 2024 vert truleg ferdigstilt i 3 kvartal.

Utbyggingsavtalar – Dei to utbyggingsavtalane som ligg i hovudprosjektet er ferdigstilt.

Maskin, bil og div. Utstyr for vatn og avløp - Det vart kjøpt inn ein bil på vatn og avløp i 2023.

Nytt vassverk HB2 – Dette gjeld det nye høgdebassenget ved Volda vassverk. Prosjektet er ferdig og hvoudprosjektet vert avslutta.

Avløpsanlegg - Vikeneset RA er ferdigstilt og overtatt av kommunen i 2023. Mork RA er i første fase med undersøkelser av sjøområde. Dette prosjektet vil gå over fleire år og vil vere ein del av kommunen sitt arbeid for å nå dei nye krava som kjem i ny nasjonal forureningsforskrift.

Damrehabilitering – Prosjektet er førebels på plan og innanfor dei økonomiske rammene som er satt.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,74 %	1,44 %	2,19 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,17 %	2,86 %	4,03 %

Status sjukefråvær og HMS

Vatn og avløp har generelt eit lågt sjukefråværet. Sjukefråværet ein har skuldast tilhøve utanfor arbeidsplassen og er ikkje ting arbeidsgivar kan styre.

Kultur

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling, frivilligsentral og skapande verksemd mot frivillige aktørar.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Kulturavdelinga	1,80	0	0	1,80
Ungdomsklubb	1,33	0	0	1,33
Kino	0,75	0	0	0,75
Bibliotek	2,67	0	0	2,67
Frivilligsentral	2,75	0	0	2,75
Total	9,30	0	0	9,30

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
9	2	-	-	-	-

Viktige hendingar

- Auka fokus på generering av inntekt gjennom tilskot har gjort det mogleg å starte fleire prosjekt knytt til satsingsområdet Barn og unge! Aktiv fritid for barn og unge, auka aktivitet på Ung i Volda

Årsmelding 2023

- Samarbeid mellom tenesta har gjort det mogleg å gjennomføre populære aktivitetar for barn og unge saman med sine familiar i prosjektet "sommarmprogrammet" i juli.
- Utarbeiding av kulturminneplan - vart vedteken i januar
- Samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om Ung kunst og kultur- med eit tilskot på 150 000,- ,gjer det mogleg å auke aktivitetane for ungdom i kommunen.
- Flytting av Bua til lokalar samfunnshuset vart gjennomført
- Volda filmteater har vore auka det tverrfaglege arbeidet med andre tenester og hatt fleire arrangement i samarbeid med både biblioteket, ung i Volda, studentsamskipnaden, lag og organisasjonar, sommarprogrammet m.m.

Kulturavdelinga har søkt og fått tilskot på tilsaman: **3 243 096** kroner i 2023. Spesielt aktivitetar for barn og unge og sosial utjamning har vore prioritert.

Kommentar til status økonomi

3701 Kultur	kr 4 375 966	kr 3 867 018	kr 508 948	Ikke lagt inn tilskotsfinansiert stilling prosjektleiar, tilskot kulturmidlar, kulturpris, frivilligpris, 17.mai budsjettert 3701 utbetalt 3705
3702 Ungdomsklubb	kr 771 613	kr 645 455	kr 126 158	Tilskudd utbetalt over nytt år 100 000,- prosjekt 130064
3703 Kino	kr 640 843	kr 844 594	-kr 203 751	Budsjetterte inntekter for kino vart ikkje nådd, stengd for ombygging frå 15. oktober
3704 Bibliotek	kr 3 607 310	kr 3 404 339	kr 202 971	Underforbruk løn vakanse biblioteksjefstilling fram til mai
3705 Frivilligsentral	kr 1 157 038	kr 793 702	kr 363 336	ikk lagt inn i budsjett tilskot til to sentraler (budsjettert 550 000,- tilskot mottatt 942 396,-)
3706 Symjehall		kr 3 750	-kr 3 750	
	kr 10 552 770	kr 9 555 108	kr 997 662	

Kort oppsummert er status for kulturavdelinga at vi har: brukt noko mindre midlar på lønn knytt til vakansar (bibliotek), ein lågare inntekt på kinoen knytt til nedstenging og ein høgare inntekt knytt til tilskot enn budsjettert.

Kulturavdelinga har søkt og fått tilskot på tilsaman: **3 243 096** kroner i 2023.

Oppsummering tiltak

I 2023 har kulturavdelinga mellom anna hatt følgjande tiltak:

- Ulike type møteplassar for ungdom med variert tilbod både tematisk og geografisk (samarbeid mellom alle tenesta på kultur)
- Samarbeidsprosjekt Ung Orakel - tilrettelagt medverknad for barn og unge (skule og kultur)
- Samarbeidsprosjekt Møteplass datakultur for barn og unge - tilskot frå fylkeskommunen
- Fritidskasse gjennom tilskot frå Buf dir
- Aktiv fritid gjennom tilskot frå Buf dir (heilårlege aktivitetar for barn og unge)
- Utvikling av BUA utlåssentral (flytting av lokalar i Volda sentrum og sjølvbetent i Hornindal)
- Kyst og marknadsdag
- Kulturfrukost - møteplass for "kulturaktørar"
- Alle med - workshop med lag og organisasjonar


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 326	8 870	9 250	380	4,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 771	2 655	2 616	-40	-1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	97	225	160	-65	-40,4 %
Overføringsutgifter	1 417	2 420	2 400	-20	-0,8 %
Sum Driftsutgifter	11 610	14 170	14 426	256	1,8 %
Salgsinntekter	-996	-674	-844	-170	20,1 %
Refusjoner	-3 373	-2 961	-2 482	479	-19,3 %
Overføringsinntekter	-226	-976	-548	429	-78,2 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 596	-4 612	-3 874	738	-19,1 %
Netto resultat	7 015	9 559	10 553	994	9,4 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 711	1 371	1 968	2 338	2 434
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	0,5 %	0,7 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,19 %	8,28 %	9,47 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,02 %	16,74 %	20,76 %

Status sjukefråvær og HMS

Prosent sjukemeldte har variert gjennom året, med en oppgang hausten/vinteren, noko av sjukmeldingsprosenten kan knyttast til omorganisering i kulturavdelinga.

Helse og Omsorg

Skildring av tenesteområde

Forvaltningskontoret har ei viktig rolle når alle søknader om tenester skal vurderast. Volda kommune har vedtatt ein kvalitetsstandard som gir gode føringa på kva innbygarane kan forvente av tenester. Alle søknader vert vurdert individuelt og det er viktig å få fram "kva er viktig for deg" - perspektivet når ein skal vurdere tenestebehov. Ein må vurdere og finne kva er rett innsplagspunkt i tenestetrappa for nettopp denne søkjaren og kva er tilstrekkeleg tenesteomfang for å imøtekomme lovkrav. Det er ikkje alltid tenestetilbodet samsvarar med det søkjaren hadde tenkt ein skulle ha av teneste. Det kan også skje at kommunen må tilby teneste ein annan plass enn det søkjaren hadde forventa.

Innan eldreomsorga har heimetenestene utvikla seg mykje siste åra. Det er avanserte oppdrag som vert utført i private heimar. Pasienten kjem kanskje rett frå avklart sjukehusopphald og heimebaserte tenester vidarefører behandling. I eit samfunnsperspektiv er det fornuftig bruk av resursar. Tenester på lågast moglege omsorgsnivå. Utviklinga er i tråd med den kommunale strategien, men det krev både fagleg fornying og naudsynt kapasitet å levere forsvarlege tenester ute i heimane. Når talet eldre aukar vil talet heimebaserte oppdrag auke. Ulike typar velferdsteknologi kan bidra til å skape tryggleik, ikkje for alle, men for mange. Nokon kan få hjelp frå aktive alarmer som varslar om noko unormalt skjer, andre kan få hjelp frå passive alarmer, dei ein aktiverer sjølve. For dei som vert vurderte til å ikkje lenger kunne bu heime, må kanskje opp eit trinn i innsatstrappa, som kan vere omsorgsbustad utan bemanning, eller høgge oppe i trappa, med bemanning. Dei som får tilbod om institusjonsplass, som er øvste kommunale trinn i innsatstrappa, må verkeleg ha behov for det. Institusjonsplass skal vere for dei som er sjuke og verkeleg treng slik plass, så å bruke begrepet "bu på sjukeheim", vert feil. Det vert nesten som å seie ein bur på sjukehuset. Dette jobba vi med i 2023, og dette vil ha fokus vidare. Skal kommunen lukkast å løyse eldreomsorga vidare, må ein gjere meir av dette.

I 2023 har bu- og habiliteringstenesta vidareført arbeidet etter resultat av tilsyn frå statsforvalteren og arbeidstilsynet. Lukking av avvik har strekt seg over tid. Det har skjedd mykje positivt utviklingsarbeid i denne perioden. Retningslinjer knytt til bruk av tvang er skjerpa og det er etablert rutinar for kontinuerleg kompetanseheving. Det har også vore stort fokus på utforming av arbeidsplassane og tilhøve for dei tilsette.


Vi fekk tilsett ny kommuneoverlege(igjen) i haust. Oppfølging av den vedtekne planen for kommunal legeteneste er viktig å halde fokus på, og utskifting av kommuneoverlege kan vere sårbart i ein slik prosess, men vi ser at overgangen har vore god. Mykje viktig arbeid står føre i kommunal legeteneste framover.

Den store auken i henvisningar i 2022 i Rus- og psykisk helseteneste fortsette i 2023, ikkje som ein vidare auke, men flata ut på eit høgt nivå, spesielt for psykisk helseteneste. Dei tunge sakene ein jobbe med i 2022 fekk ein i løpet av 2023 landa på ein god åte. Gjennom året har ein i større og større grad uroa seg over fleire saker med yngre personar som treng ein type hjelp ein i kommunen ikkje har kome langt nok med endå. Arbeidet med å organisere psykisk helseteneste for barn og -unge i kommunen er snart i mål. Ein har utvida målgruppa for rusrelaterte saker frå tidlegare 18 år til no å vere ned til 13år. Det er fornuftig å utvide målgruppen i staden for å spre kompetansen.

Overordna mål



Tidleg innsats og førebygging.



Digitalisering, velferdsteknologi og innovasjon





Kvalitet, kompetanse og rekruttering



Dimensjonering og utvikling av tenestetilbodet

Internkontroll og tilsyn

Helse- og omsorgssektoren baserer internkontrollsystemet omkring bruk av årshjul. Absolutte krav som avdelingar og seksjonar skal gjennomføre for å støtte internkontrollkrav vert formidla i lina. I opprinneleg plan var tanken å bruke outlook kalender gjennom compilo som rapporteringssystem. Tilbakemelding på utført oppdrag skulle rapporterast der, men ein fann at dette ikkje var godt nok integrert og litt tungvint å bygge vidare. Ettersom kommunen har valt no å kjøpe "plandisc", vil vi starte prosessen med å integrere vårt internkontrollsystem inn i dette verktøyet. Plandisc er no i innføringsfase i sektoren, med tanke på å breidde dette ut i løpet av 2024.

I bu- og habilitering har ein i 2023 hatt vidare oppfølging og systemarbeid etter tidlegare tilsyn frå statsforvaltaren på bruk av tvang og makt overfor utviklingshemma. Statsforvaltaren har tidlegare godkjende alle tiltak, men det vert likevel lagt ned stor innsats for minne på og vedlikehalda arbeidet. Ein vert aldri ferdig med dette.

Arbeidstilsynet gjennomførte i 2022 tilsyn på nokre av personalbasene i bu- og habiliteringstenesta. I samarbeid med eigedomsavdelinga er mykje retta. Det siste pålegget vert retta ved kjøp av leilegheit/ personalbase i tilknytning til Bømarka, denne er fortsatt under renovering og ikkje tatt i bruk.

Arbeidstilsynet gjennomførte HMT- tilsyn ved Hornindal omsorgssenter. Eit pålegg var å gjennomføre ROS- analyse ved drifta i samarbeid med Avonova. Dette er utført og avviket er nyleg lukka. Prosessen er no vidareført til dei andre seksjonane innanfor institusjonstenesta.

Kommunalssjef møtte i kontrollutvalet i november og orienterte vedr rekruttering, opplæring og rutinar ved institusjonstenesta i kommunen.

GDPR

Sektoren har ein Compiloansvarleg, som har lagt ned stort arbeid i å strukturere og halde kvalitetssystemet ajour. Compilo er eit viktig verkemiddel for internkontrollen i sektoren. I sektoren vart det samla(HMT, organisasjon, personvern og teneste/ brukar) levert 1210 avvik i 2023. Melding av avvik og handteringa av desse gir sektoren viktige læringspunkt.

Plandisc

I november vart det sendt ut spørreskjema til alle avdelingsleiarar for å kartlegge status på internkontrollarbeidet i avdelingane. Vi er godt undervegs, men det avdekte at det fortsatt er forbetningsområde på internkontrollområdet som vi vil jobbe vidare med i 2024.

Beredskap og samfunnsikkerheit

Overordna plan for "helsemessig og sosial beredskap er utarbeidd" for sektornivået, ferdig 2023. I 2024 skal kortfatta plan skrivast for avdelingsnivå. Det vert parallelt jobba med overordna ROS for dei ulike avdelingane i sektoren og det er utarbeidd .

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Stab Helse og Forvaltning	28,43	0	0	28,43
Legeteneste	14,13	0	0	14,13
Institusjonstenester	82,83	0	0	82,83
Heimetenester	74,29	0	0	74,29
Bu- og habiliteringstenester	70,67	0	0	70,67
Rus- og fysisk helse	29,28	0	0	29,28
Søre Sunnmøre legevakt	15,51	0	0	15,51
Total	315,14	0	0	315,14

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
391	88	-	-	292	61

Viktige hendingar

2023 var året då praktisk bistand/ reinhald vart overflytta frp heimebaserte tenester til seksjon reinhald i eigedomsavdelinga. På denne måten får ein nytte helsepersonell til å utføre helserelatert arbeid. Ei viktig utvikling og endring.

Det var også dette året vi gjorde “eksperimentet” med å ta inn ungdom mellom 15 og 17 år for å utføre praktisk hjelpearbeid i institusjonsdrifta og i dei døgn-bemanna omsorgsbustadene våre. Dei heitte først servicevakter, men vart etter ferien omdøpt til trivselsvakter. Dei gjorde ein god jobb, både tilsette og bebuarar har gitt gode attendemeldingar. Vi erfarer at mange av ungdomane kan tenke seg utdanningsløp innanfor helse etter erfaringane dei har gjort seg.

Fastlegekrise kom til Volda hausten -22 og har vedvart utover i 2023. Det er svært tidkrevjande å rekruttere og løyse vikarbehov og løysingane er kostnadsdrivande for den kommunale legetenesta. Ny fastlegeheimel vart oppretta til voldakontoret frå 01.11.23.

Heiltidskulturprosjektet skrid framover. Ein opplever at kulturendring er på gang. No er det ikkje framandt å snakke om langvakter og alternative turnusar, snarare er det tilsette som etterspør alternativ. Det lovar godt for vidare progresjon i prosjektet. Det vart tatt i bruk digitalt turnusprogram, Dynamon, for uttesting. Vi erfarer at det programmet ikkje er fullkomment, men at det kan bli det. KOMmunen søkte Tørn som del av prosjektet og har kome med på dette, og brukar seksjon Kleppevegen i Bu- og habilitering som pilot for prosjektet.

I 2023 var første året ein hadde eiga nattevakt i heimebaserte tenester i Hornindal(starta seint i 2022). Erfaringane er gode og gjer det mogleg for fleire å kunne bu heime lenger.

I 2023 har henvisningane til kommunal psykisk helseteneste halde seg jamt på det høge nivået ein avslutta “toppåret” 2022 med. I periodar har ventetid på handsaming/ teneste vore inntil 3 mnd. Den store auken kjem frå unge vaksne/ studentar og folk som kjem flyttande hit med traumer etter hendingar i eige heimland. Avdelinga har lagt vinn på pårørandeopplæring og fagleg informasjon gjennom pårørandesamlingar og kurs.

Årsmelding 2023

Prosjektet digital heimeoppfølging(DHO) har kravd mykje nybrottsarbeid for å etablere og formalisere samhandling mellom tenestenivå i helsefellesskapet. No er det etablert ordningar som gjer det mogleg å anskaffee og nytte teknologi på tvers av helsenivåa til beste for pasientane. Det er spennande å sjå korleis dette kan utvikle seg vidare og kva teknologi som kan gi rom for ytterlegare utviding seinare.

2023 var nærmast eit helseplattformsvakum. Vi var heilt ajour i høve slik vi skulle vere på tampen av 2022, men då beskjed om utsetjing med eitt år kom, kanskje også med to år, vart det rimeleg stilt på framdrift. Vi fulgte naturlegvis med på alle utfordringar det vore høve helseplattforma jobba Volda kommune godt med dei førebuingane som var forventa i 2022 og vi var ajour med tidsplan. Vi er kjende no med eitt år utsetjing av oppstart.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
41-Stab Helse og Forvaltning	48 654	18 012	46 318	-2 336	-5,0 %
42-Legeteneste	27 757	24 478	27 677	-79	-0,3 %
43-Institusjonstenester	97 336	91 487	94 628	-2 708	-2,9 %
44-Heimetenester	77 826	73 016	77 257	-569	-0,7 %
45-Bu- og habiliteringstenester	74 874	74 415	79 580	4 706	5,9 %
46-Rus- og psyisk helse	28 656	30 185	28 869	213	0,7 %
49-Søre Sunnmøre legevakt	148	0	587	440	74,9 %
Sum	355 250	311 593	354 918	-332	-0,1 %

Kommentar til status økonomi

Det endelege resultatet for sektoren enda med eit marginalt lite meirforbruk. Gjennom året har det dukka opp saker som har gjort at ein på eit seksjonsområde har måtte gjort tilpassingar, medan andre har hatt forutsigbar drift. Det er rapportert stor auke i ressurskrevjande tenester og kommunen fekk 6,5 mill meir i tilskot enn budsjettet.

Samla vart fast-lønsbudsjettet i sektoren ikkje brukt opp. Årsaka er rekrutteringsutfordringar og fleire vakante stillingar. For å dekke opp i vakante stillingar og sjukefråvær, har sektoren hatt høgare utgifter på vikarkjøp enn budsjettet, men også høgare utgifter på overtidd og ekstrahjelp.

Utfordringane med å rekruttere inn rett fagkompetanse vedvarer og gjer deler av drifta og det faglege tilbodet krevjande. Det er mange tilsette som strækker seg langt for å kompensere for dette og mange kjenner på slitasje i denne situasjonen. Administrasjonen vurderer ulike tiltak for å betre situasjonen.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	353 940	383 093	377 131	-5 962	-1,6 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	35 492	36 350	32 343	-4 008	-12,4 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	48 457	52 239	48 159	-4 080	-8,5 %
Overføringsutgifter	5 417	17 746	17 835	89	0,5 %

Årsmelding 2023


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansutgifter	0	121	200	79	39,7 %
Sum Driftsutgifter	443 306	489 549	475 668	-13 882	-2,9 %
Salgsinntekter	-27 646	-29 677	-28 492	1 185	-4,2 %
Refusjoner	-85 409	-104 249	-91 933	12 317	-13,4 %
Overføringsinntekter	-252	-283	-225	58	-25,6 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	42	-90	-100	-10	9,6 %
Sum Driftsinntekter	-113 264	-134 299	-120 750	13 549	-11,2 %
Netto resultat	330 042	355 250	354 918	-332	-0,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne.	Tal aktive Aktivitetsvennar	30,0	35,0	35,0	
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.	Høg rolleklarheit	4,1			10- faktor ikkje gjennomført i 2023
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,2			10- faktor ikkje gjennomført i 2023
		Meistringsorientert leiing	4,0			10- faktor ikkje gjennomført i 2023
		Meistringsklima	4,0			10- faktor ikkje gjennomført i 2023.
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettamme	100,0 %	100,0 %		Meirforbruk enda på ca 320.000,-, noko som utgjer ca 0,09% meirforbruk utover tildelt ramme.
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt	0,0 %			
		Sjukefråvær i organisasjon	9,0 %	8,5 %	10,5 %	I 2022 var samla sjukefråvær i sektoren 13,37%, i 2023 10,45%, ein nedgang på 2,9%.

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	2022	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.	Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg				
		Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året	5,4	5,4		
		Andel 80 åringar som takkar ja til førebyggjande heimebesøk	75,0 %	77,0 %	76,0 %	Det var 71 aktuelle 80 åringar som fekk invitasjon til besøk. Av desse takka 17 nei.
		Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand	24,0	22,0		
		Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggjande arbeid.				
Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.	Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane	Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen.				
		Årleg beredskapsøving	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	
		Årleg rapportering av beredskap på sektornivå	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Befolkning					
Befolkning - Personer som bor alene, 45 år +	23,5	23,5	23,8	24,9	
Prioritet					
Aktivering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	6,2 %	6,3 %	3,6 %	4,5 %	4,6 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	40,3 %	36,7 %	42,5 %	39,8 %	39,2 %
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	35,5 %	37,4 %	38,1 %	38,7 %	33,4 %
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B)	261	208	489	422	515
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B)	426	666	1 550	1 396	1 587
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	2,7 %	3,9 %	3,7 %	3,7 %	4,8 %
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B)	3 096	4 770	4 589	4 557	5 546
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	449	335	358	379	403
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	53,1 %	56,7 %	52,9 %	55,3 %	55,4 %
Oppvekst og levekår					
Oppvekst og levekår - Trives på skolen, 10. klasse	84,0	85,0	87,0	85,0	
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	46 386	48 661	104 527	46 665	55 026
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	321 458	335 313	264 942	343 964	324 098
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 193 698	1 187 538	1 455 663	1 487 732	1 478 100
Dekningsgrad					
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	21,8 %	18,4 %	18,5 %	19,2 %	18,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	14,0 %	15,1 %	21,9 %	18,1 %	17,0 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	16,2 %	22,0 %	16,5 %	18,0 %	16,6 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	35,4 %	50,7 %	44,9 %	36,7 %	34,5 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)	2,4 %	3,4 %	3,2 %	3,7 %	3,9 %
Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B)	100,8	102,5	104,0	99,8	100,5

Årsmelding 2023

Økonomi

Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	12,7	12,7	12,4	10,8	11,1
---	------	------	------	------	------

Helsetilstand

Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	23,0	22,0	27,0	24,0	
--	------	------	------	------	--

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Fastlønnnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.)	5,5	5,8	5,5	4,1	4,0
---	-----	-----	-----	-----	-----

Fastlønnnet Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,9	6,4	6,0	109,5	233,1
--	-----	-----	-----	-------	-------

Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,6	5,6	5,4	136,9	272,8
---	-----	-----	-----	-------	-------

Andre nøkkeltal

Effektivitet Sosiale tjenester					
Gjennomsnittlig listelengde (B)	938,9	874,2	758,1	945,9	977,5

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Helseplattforma	6 287	899	14,3 %	5 389
Inventar, bilar og utstyr	126	0	0,0 %	126
Helse og omsorg				
Velferdsteknologi Helse og omsorg	1 575	181	11,5 %	1 394
Sum	7 988	1 080		6 909

Statustekst investeringar

Velferdsteknologi Helse og omsorg

Prosjektet er i rute

Samandrag status investeringar

Velferdsteknologi, 401001:

Status pr utgang 2023 er:

- ca 170 tryggleiksalarmar i bruk
- ca. 50 GPS klokke(lokaliseringsteknologi) er i bruk, der omlag halvparten vert nytta som HMT-tiltak for tilsette
- 25 digitale medisindispensarar er i bruk
- IKOS, digital samhandlingstavle i bruk på korttidsseksjonen på Volda omsorgssenter
- ca 70 Somnofy i bruk. Det er eit apparat for digitale tilsyn og er i bruk på Volda omsorgssenter, Fjordsyn, Barstadtun og i nokre privatheimar. Bruken av somnofy skal utvidast og er del av strategien å rigge kommunen for ei framtidig helseteneste med mindre tilgang på hender og føter for å halde nødvendig oversikt på pasientsituasjon på natt.

Investeringsmidlane som ligg i budsjettet er ikkje brukt opp. Til meir teknologi som vert tatt i bruk, til høgre vert månadlege lisenskostnader. Det er vanskeleg å frigjere ressurs for å dekke lisensutgiftene, då tid som vert frigjort ved bruk av teknologi så langt har blitt brukt til å handtere auke etterspurnad etter tenester.

Inventar, bilar og utstyr, 401002:

Det vart bevilga 600 000 til kjøp av elektrisk bil for transportbehov knytt til dagsentertilbod ved Folkestadtun. Det vart kjøpt ein rimelegare bil enn bevilga, restressurs kan trekkast vekk.

Helseplattforma, 401003:

Avsette midlar har i hovudsak gått til lønsmidlar til lokal innføringsleiar. I tillegg er det kjøpt inn noko utstyr etter dei produktkrav som vert stilt av Helseplattforma. Kommunestyret skal snarleg ta stilling til kva kommunen skal gjere vidare. Inntil endeleg avklaring, vert midlane for finansiering av Helseplattforma ståande.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,49 %	9,88 %	13,37 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,94 %	6,51 %	10,45 %

Status sjukefråvær og HMS

Sekktoren har samla nedgang på sjukefråvær med ca 2,9%. Det vert i mange seksjonar jobba godt for å redusere sjukefråvær, nokre jobbar godt med det, men kjem likevel statisisk dårleg ut. Kroniske sjukdomar og langtidsfråvær av ikkje arbeidsrelaterte årsaker er krevjande å gjere noko med. Men, uansett fråvær, vi ser det har effekt å følgje tett opp alt fråvær og som leiarar bry seg heile tida om temaet.

Stab Helse og Forvaltning

Skildring av tenesteområde

Seksjon førebygging og rehabilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fysio- og ergoterapitenesta som gir tilbod om undersøking og tiltak til menneske med utfordringar knytta til rørsle og aktivitet. Tenesta driv også med helsefremjande og førebyggjande arbeid. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Ergoterapeutane har i tillegg ansvar for å søkje, tilpasse og følgje opp hjelpemiddel.
- Frisklivssentralen der målgruppa er menneske med sjukdom eller auka risiko for sjukdom, som treng støtte til å endre levevanar og meistre helseutfordringar.

Forvaltningskontor:

- Det er forvaltningskontoret i sektoren som tek imot og handsamar søknadar om helse- og omsorgstenester. Sakshandsamarane skal gje informasjon, råd og rettleiing i høve tenestene, og ein kan også få hjelp til å søkje eller klage.
- Koordinerande eining har ansvaret for at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, opplever ein heilskapleg samanheng i tenestene.
- Kreftkoordinator skal koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogeleg måte.

Kjøkkendrift:

Årsmelding 2023

- Kjøkkenet lagar mat til pasientar og bebuarar på sjukeheim og omsorgsbustader, samt middag til heimebuande med vedtak om matombringning.
- Det blir også gitt cateringtilbod.
- Kjøkkenet driftar to avdelingar, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter.

Drift:

- Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av elektroniske anlegg og installasjonar.
- Reparasjonsarbeid.
- Ansvar for mottak, montering, utlevering og opplæring i bruk av hjelpemiddel.

Tenestetilboda er lokalisert på Volda omsorgssenter i 1 etasje.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Stab Helse og Forvaltning	3,70	0	0	3,70
Teknisk drift, Helse og omsorg	1,33	0	0	1,33
Forvaltningskontor, Helse og omsorg	8,02	0	0	8,02
Kjøkkendrft	6,61	0	0	6,61
Førebygging og rehabilitering	1,44	0	0	1,44
Fysioterapi	4,20	0	0	4,20
Ergoterapi	3,13	0	0	3,13
Total	28,43	0	0	28,43

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
29	10	-	-	16	-

Kommentar til status økonomi

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	28 368	28 809	29 361	552	1,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	23 045	23 402	20 427	-2 975	-14,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	25 196	10 575	9 180	-1 395	-15,2 %
Overføringsutgifter	5 084	17 428	17 508	80	0,5 %
Finansutgifter	0	121	200	79	39,7 %
Sum Driftsutgifter	81 692	80 334	76 676	-3 659	-4,8 %
Salgsinntekter	-25 653	-27 213	-25 939	1 274	-4,9 %
Refusjoner	-18 321	-4 409	-4 319	90	-2,1 %
Overføringsinntekter	-38	-43	0	43	0,0 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	42	-16	-100	-84	83,6 %
Sum Driftsinntekter	-43 970	-31 681	-30 358	1 323	-4,4 %
Netto resultat	37 722	48 654	46 318	-2 336	-5,0 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Budsjett for året		Avvik i kr
		Rekneskap	Forbruk i % i år	
Helseplattforma	6 287	899	14,3 %	5 389
Inventar, bilar og utstyr	126	0	0,0 %	126
Helse og omsorg				
Velferdsteknologi Helse og omsorg	1 575	181	11,5 %	1 394
Sum	7 988	1 080		6 909

Statustekst investeringar

Velferdsteknologi Helse og omsorg

Prosjektet er i rute

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,28 %	5,27 %	7,54 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,60 %	3,63 %	5,24 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær er på 6,17 %, og det er langtidsfråværet som er høgast. Som det går fram av tabellen er fråværet ulikt fordelt mellom seksjonane.

Legeteneste

Skildring av tenesteområde

Avdeling for legetenesta i Volda har ansvaret for drifta ved seksjonane Volda Legesenter og Hornindal Legekontor. I tillegg er Volda kommune vertskommune for Søre Sunnmøre Legevakt, og denne seksjonen inngår også i avdeling for legeteneste. Vidare er avdelinga ansvarleg for kommunale legeoppgåver, som kommuneoverlege, sjukeheimslege, helsestasjonslege, smittevern og liknande.

I Volda har vi i dag 14 fastlegar, fordelt mellom 12 legar i Volda sentrum og 2 i Hornindal. Fram til i dag har vi rekruttert godt, og greidd å erstatte legar som sluttar og å utvide med ekstra heimlar når det har vore behov for det. Vi utvida sist med ein heimel så seint som 01.11.22. Fleire legar har deretter gjort uttrekk frå sine lister slik at denne siste legen allereie har full liste. I tillegg til fastlegane har vi i Volda to LIS1 (legar i spesialisering, tidlegare kalla turnuslegar); 1 i Volda og 1 i Hornindal.

- Volda Legesenter
 - 12 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
 - 8,1 årsverk hjelpepersonell, fordelt på 10 tilsette
- Hornindal Legekontor
 - 2 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
 - 1,9 årsverk hjelpepersonell, fordelt på 3 tilsette
- Søre Sunnmøre Legevakt
 - Legevakttenester på kveld, natt og helg for Søre Sunnmøre
 - 16,5 årsverk sjukepleier/ambulansearbeider
 - Omkring 50 legar tilknytta ordninga

Legane i Volda sentrum har ei overordna avtale med kommunen frå 2013. Denne avtalen seier at legane får utbetalt basistilskotet og deretter leiger lokalar og tenester av Volda kommune, herunder lokalane i Stormyra 6 med tilhøyrande inventar, datautstyr og medisinsk utstyr, tenester frå hjelpepersonell, drift av lokala (straum, reinhald og vedlikehald), administrative tenester frå løn, personal og økonomi og IKT-støtte. Kostnadene for dette dekkast av legane etter ein eigen fordelingsnøkkel. Av desse kostnadene dekker kommunen likevel 1,2 årsverk hjelpepersonell, 0,3 årsverk for dagleg leiar og IKT-ansvarleg og 15 % av dei øvrige kostnadane som ein kompensasjon for at fastlegane driver legevakttenester på dagtid. Vidare dekker kommunen 0,7 årsverk hjelpepersonell på grunnlag av at LIS1 driver frå legesenteret.

Legane i Hornindal har ei enklare avtale, ei såkalla «nullavtale», der kommunen beheld basistilskotet og i staden dekker heile kostnadane knytt til husleige og drift.

Legevakt på kveld, natt og helg er organisert med interkommunal legevakt i Hovdebygda, med Volda kommune som vertskommune. På Søre Sunnmøre Legevakt er legane timelønnte arbeidstakarar. Den interkommunale avtalen har gjort at presset for å dekke inn vakter er lavare enn før og legane er generelt godt nøgde med legevakta og avtalane som er gjort der. Legevakta tilbyr også tenester av svært god kvalitet.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Legetenester kommunal	4,91	0	0	4,91
Volda legesenter (privat)	6,40	0	0	6,40
Hornindal legekontor	2,82	0	0	2,82
Total	14,13	0	0	14,13

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
19	7	-	-	11	6

Viktige hendingar

Nytilsett kommuneoverlege frå 01.10.23. Kommuneoverlegen har starta arbeid med fokus på organisering/drift av helsetenestene i avdelinga.

Det er vedteke i kommunestyre 15.02.24 eit mandat for utgreiing av lokalisering av legekontor i Volda sentrum. Gruppa er samansett med representasjon frå Kommuneoverlege (leiar for gruppa), sektor samfunnsutvikling, økonomisjef og representant frå Volda legesenter. Rapporten skal vere ferdigstilt 1. mai.

Ny fastlegeheimel har starta opp 01.11.23, og i første periode er det sett inn vikar.

Kommunen har starta på reforhandling av den økonomiske avtalen med fastlegane. Frå mai 2023 blei basistilskotet endra slik at det er meir knytt opp mot type pasientar og ikkje kun tal pasientar på lista. I praksis medførte dette ei viss auka utbetaling til fastlegane. Sidan sist har ein etablert eit interkommunalt samarbeid (møter) for organisering av legetenesta i kommunane.

Kommentar til status økonomi

4201:

Utgifter – kjøp av produksjon

-13500 Kjøp frå kommunar

Omfattar auka kostnader frå Søre Sunnmøre Legevakt (legevakt helg, kveld og natt) samt dei nye administrasjonskostnadane. Dette er tilsvarande for alle kommunane som nyttar legevakta.

-13700 Kjøp frå andre (private)

Vanskar med å dekkje fastlegelister i Volda Sentrum. Ein nytta turnuslegar (LIS 1) og kompenserte med å gi dei delar av takstar / refusjon. Dette var dyrare enn ordinær turnuslegedrift (utan listeansvar), men sannsynleg mykje billigare enn legevikarbyrå. I 13700 har det vore blanda inn både praksiskompensasjon (heimla kompensasjon frå kommunen til lege som tek på seg kommunal bistilling) og basistilskot (beløp som er overført frå kommuna til fastlege – månedlig beløp bestemt av helfo).

I 2024 skal ein forsøke å skilje dette betre i rekneskapen og føre basistilskot direkte i 13702. Frå 1. mai 2023 var det endring i utrekning av basistilskot, noko som medførte at det blei større utbetaling til fastlegane. Utrekninga (pasienttilpassa basistilskot) baserer seg på meir nøyaktig utbetaling til fastlege basert på behov for fastlegetjenester, og ikkje kun tal pasientar på lista.

-Inntektene er noko auka grunna at vi har tatt betalt for administrasjonarbeid i høve interkommunal legevakt. Dette skal uansett fordelast til andre avdelingar etter kvart. Eit anna alternativ er å bruke midla til ekstra operatørplass på legevakta for å ivareta krav om svartid på telefonhenvendingar.

4205:

-Lønn

Her er det større utgifter pga. fastløn, vikarlønn, sjukevikarer, ferievikarer. Det kan sjå ut som det er betydeleg lønssstigning i perioden frå september og ut året. Mogleg dette er grunna turnuslegen frå

første del av året var ved Volda legesenter, og kom attende til Hornindal i september. Hornindal er eit lite legekantor med få tal hjelpepersonell, noko som gir ekstra sårbarheit ved sjukdom.

-Inntekter

Det var sendt forsinka refusjonskrav til Helfo, slik at dette vart utbetalt i februar 2024. Reelt så skal det vere ca 90 000kr i refusjonar tilhøyrande perioden sept-des 2023. Det har også påverka at turnuslegen var flytta frå Hornindal til Volda sentrum for å bidra med vikarsituasjonen – dette gir jo mindre refusjonar i Hornindal.


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	16 239	17 853	17 448	-405	-2,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 668	3 641	3 651	10	0,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	15 111	17 398	16 556	-842	-5,1 %
Overføringsutgifter	298	318	326	9	2,7 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	35 316	39 209	37 981	-1 228	-3,2 %
Salgsinntekter	-272	-733	-670	63	-9,4 %
Refusjoner	-10 178	-10 720	-9 634	1 086	-11,3 %
Overføringsinntekter	-120	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-10 570	-11 453	-10 304	1 149	-11,1 %
Netto resultat	24 746	27 757	27 677	-79	-0,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B)	261	208	489	422	515
Dekningsgrad					
Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B)	100,8	102,5	104,0	99,8	100,5
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Fastlønnnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.)	5,5	5,8	5,5	4,1	4,0

Årsmelding 2023

Fastlønnet Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,9	6,4	6,0	109,5	233,1
Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,6	5,6	5,4	136,9	272,8
Andre nøkkeltal					
Gjennomsnittlig listelengde (B)	938,9	874,2	758,1	945,9	977,5

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,54 %	6,36 %	7,90 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,93 %	7,73 %	10,66 %

Institusjonstenester

Skildring av tenesteområde

Volda Omsorgssenter er inndelt i 4 seksjonar og har samla 77,2 åverk :

- **Selje /Hasletunet** : seksjon for personar med ei demensdiagnose, med 19 bebuarar fordelt på to bugrupper
- **Pile /Kleppetunet** : skjerma demensseksjon, plass til 18 bebuarar fordelt på to bugrupper. Seksjonen er tilrettelagt for personar som har behov for ekstra skjerming.
- **Otta /Karvestova** : somatisk langtidsseksjon med 19 rom.
- **Kaptein / Klokkearstova** : korttids-seksjon, 18 rom , men kan ha 3 dobbeltrom. Eit av romma er fortsatt langtids plass, men ved neste høve vert det også omgjort til korttids plass. Ein vil då ha samla 21 korttidsplassar, som ein og nyttar til avlastingsopphald

Hornindal Omsorgssenter er ein seksjon og har 20.7 åverk :

- Er fordelt på 3 grupper, til saman 23 langtids plassar og 1 avlastingsplass
- **Elvakrokjen** : gruppe for 6 bebuarar med demens
- **Utsikta** : gruppe med 7 bebuarar og eit avlastingsrom
- **Årestova** : gruppe med 10 bebuarar

Vaskeritenester for pasientttøy:

- Vaskeriteneste for pasientttøy er lagt under institusjon og har samla **1,15 årsverk**, dette fordelt på to vaskeri.

Legedekning :

- Institusjonane har samla **1,6 årverk til** tilsynslegeordning for begge institusjonane.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Seljetunet/Hasletunet	15,16	0	0	15,16
Piletunet/Kleppetunet	17,07	0	0	17,07
Klokkarstova/Kapteinstova	19,43	0	0	19,43
Ottarstova/Karvestova	12,61	0	0	12,61
Hornindal omsorgsenter	17,41	0	0	17,41
Vaskeri	1,15	0	0	1,15
Total	82,83	0	0	82,83

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
116	12	-	-	91	9

Viktige hendingar

Felles for institusjonstenestene

- Starta prosjekt «heiltidskultur» der Hornindal Omsorgsenter no er pilot og i samband med dette oppstart av turnusprogrammet Dynamon
- Seksjonane har i 2023 hatt jamlege bebuarmøter , personal-møter for ulike grupper (dag/kveld+natt+ spl gruppe) og STIM møter.
- Alle seksjonane utførte vernerundar i feb /mars 23
- Prosjekt «servicevakter» sommaren 23 var stor suksess. vi hadde 18 ungdomar mellom 16-17 år som var i jobb. Dei utførte praktiske oppgåver, slik pleiepersonalet fekk meir tid til pasientrelaterte arbeid. Positive tilbakemeldingar frå personalet, bebuarar og pårørande.

Volda Omsorgssenter :

- Har og i 2023 jobba med korleis rigge seg ved auka tal korttidsplassar til 20 (skal bli 21)
- Korleis skal vi fortsatt greie å levere dei gode tenestene som vi gjer pr idag
- Ein har bestemt å kalle seksjonen for Kortidsseksjonene (gruppe 1 og gruppe 2).
- Vi har hatt ein Rehabsjukepleiar 40% prosjektstilling delar av 2023, samt er der fast Fysioterapeut 80 % og fast Ergoterapeut 80 % st som utgjør rehabiliteringsteamet. Dette teamet gir råd og rettleiing til dei tilsette korleis jobbe med rehabilitering i fokus, med mål om at pasienten skal kunne reise heim. Har gitt ei positiv dreining av tenkemåte for mange tilsette.
- Alle seksjonane har hatt ulike arrangement for sine bebuarar (vårfest-haustfest-julebord)
- Bebuarar som skal ha det, har hausten 23 fått influensa, pneumokokk og covidvaksinar.
- Gjennomført pårørandeundersøking på 2 demensseksjonar, svarprosent på ca 60 %
- Volda Omsorgssenter hadde i sep 23 Ope Pårørandemøte i kafeen , med stor oppslutnad, mellom 20-30 som møtte.

Hornindal Omsorgssenter:

- Stort sett gjennomført aktivitetar som vanleg i 2023.
- Andakt med prest ca kvar 14. dag, erindringsgruppe med demensforeininga ca kvar 14. dag, Kløvertur v/sanitetsforeininga kvar veke på sommarhalvåret, besøk av barnehagane, sansehagen rundt, fest v/ frivilligkoordinatorane og andre frivillige, Adventstund v/Sanitetsforeininga og julefeiring som tidlegare.
- Div. konsertar med omreisande trubadurar i tillegg til arrangement frå den kulturelle spaserstokken.
- Ut over dette prøvar personale å aktivisere med gåturar, trappetrening, fellestrening/styrkeøvelsar, motiview sykklar, puslespel, sangstunder mm når dei rekk det i kvardagen
- Bebuerar som skal ha det, har hausten 23 fått influensa, pneumokokk og covidvaksinar

Kommentar til status økonomi

4301 -> har eit stort meirforbruk på fastløn, trur her har vore feilføring av svangerskapsvikar, skulle ha vore ført på 10200, men er ført på 10100. Refusjonane på fødselspengar stemmer overeins med det som ligg som meirforbruk på fastløn.

Meirforbruk på overtidslønn : skuldast i hovudsak at 6 av 7 vikarar frå vikarbyrå ikkje kunne nyttast som sjukepleiarar i ferieperioda. Det vart då ovetidsvakter / dobbel vakter og bakevakter på dei fast tilsette over 6-8 veker gjennom sommaren. Med bakgrunn i manglande sjukepleidekning/søkarar på vakante stillingar, har det i tillegg det vore forhandla fram ein ekstra bakvaktsavtale i Hornindal som gir betaling 1:2, istaden for 1:7.

Meirforbruk på ekstrahjelp : Opplæring av mange nye vikarar (stor mangel både på helgevikarar og andre vikarar i Hornindal). Fleire tilsette som tek ut F4 og F3 dagar, dette går og på ekstra innleie. Det har og vore urolege bebuerar/ terminale bebuerar som har hatt behov for ekstra bemanning i periodar.

Kjøp frå staten : her har det ikkje vore noko særskilt bruk på denne posten. Dette pga at korttidsavdelinga har greidd å ta imot alle uskrivingsklare pasientar frå sjukehuset og vi ikkje har hatt betalingsdøgn i 2023. Det vart innført ei IKOS tavle (elektronisk informasjonstavle) på korttidsavdelinga. Denne skal kontrast på denne posten

Kjøp frå andre (private) : Institusjon har pr d.d 5 vakante sjukepleiarstillingar som der ikkje har vore søkarar på ved utlysing. Vi har då valt å nytte vikarbyrå. Alt meirforbruket her handlar om bruk av dette. Hornindal har hatt 2 sjukepleiar frå byrå frå juni 2023 til ut desember 2023. Dei har pr d.d 1 vikarsjukepleiar ut mars 24. Volda Omsorgssenter korttidsseksjonen har hadde 2 stk i ferieperioden 2023, og somatisk langtidsavdeling har hatt 1 vikarsjukepleiar frå sept 23 til ut jan 24

Ferievikarposten : mindreforbruk, sjølv om vi nytta denne posten til servicevaktene som var eit prøve prosjekt i fjor sommar.

Oppsummering tiltak

- Korttids seksjonen, har i 2023 fortsett med å utvide tal korttidsplassar, dei jobbar og med korleis skal ein fortsette å levere dei gode tenestene, når ein no har auka tal korttidsplassar opp til 20.
- Ein har i korttids seksjonen både Ergoterapeut og Fysioterapeut 80 % på kvar, noko som gir ei positiv utvikling av seksjonen. Dei er der og gir rettlegeing til dei tilsette.
- Det kan etterkvart verte behov for auka ressursar på fag tilsette, Ergo-og Fysioterapeutar, når ein har auka opp korttidsplassar. Pasientane som kjem er meir komplekse og krev meir.
-

Utfordringar

- Stadig fleire, nye og komplekse oppgåver innan helse og omsorg skal løysast på kommunalt nivå
- Markant auke i tal eldre over 80 år i åra framover.
- Ei aktiv korttidsavdeling treng og meir ressursar på fysioterapi, skal ein få ein god pasientflyt, og få pasientane ut til heimen att.
- Det er aukande tal yngre menneske med demens diagnose (alkohol demens) som har behov for ekstra skjerming
- Det vil vere fleire brukarar med psykiske helse utfordringar og / eller rus utfordringar, som vert eldre og kan ha behov for institusjonsplass, ofte på skjerma eining

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	95 439	100 761	98 825	-1 936	-2,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	238	427	89	-338	-377,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 914	1 774	1 336	-438	-32,8 %
Overføringsutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	98 591	102 961	100 250	-2 711	-2,7 %
Salgsinntekter	-57	-53	-55	-2	3,5 %
Refusjoner	-5 915	-5 459	-5 454	5	-0,1 %
Overføringsinntekter	-44	-113	-113	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-6 016	-5 625	-5 622	4	-0,1 %
Netto resultat	92 575	97 336	94 628	-2 708	-2,9 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	40,3 %	36,7 %	42,5 %	39,8 %	39,2 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 193 698	1 187 538	1 455 663	1 487 732	1 478 100
Økonomi					
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	12,7	12,7	12,4	10,8	11,1

Vi har redusert tal langtidsplassar gradvis og auka tilsvarande med korttidsplassar

Utgifter / Inntekter vil kunne variere , då det i periodar kan vere mindre belegg på korttidsplassane og ein har tomme sengar.

Vi har og ein del som er inne på avlastningsopphald / KAD opphald , dette er tenester som ein ikkje tek betaling for.

Brukarbetalinga er stabil

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,00 %	11,16 %	15,16 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,85 %	6,41 %	11,26 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråvær for institusjon ligg rundt 10-11 % gjennom heile året. Tala er nokså like på korttid (ca 4 %) - og langtidssjukefråvær (ca 7 %) gjennom heile året.

I 2023 hadde 3 av 5 seksjonar fleire gravide arbeidstakarar, desse går ofte tidleg ut i langtidssjukemeldingar. Det er ikkje alltid like enkelt å tilretteleggje på ei sjukeheimsavdeling, difor endar det ofte i 100 % sjukmelding.

Nokre tilsette har vore ute i langtidssjukemeldingar pga av operasjonar som ikkje har vore vellykka. Dette har ikkje vore jobb-relatert.

På ansvar 4306, var ein av to tilsette 100 % sjukmeld frå januar til maks-dato nov 23, dett gir eit sjukefråvær på nærare 60 % . Ho er fortsett ute , no i ulønt permisjon. Det er ikkje mogeleg å legge tilrette arbeidsoppgåver då ho er aleine på vaskeriet. Ho er pr d.d ikkje frisk nok til å prøve seg ut i anna arbeid, men må ta tida til hjelp.

Det er og ein del korttidsfråvær og eigenmeldingar på sjuke born. Mange seksjonar har tilsette med små born i barnehage/barneskule alder.

Det vert jobba godt med sykefraværsoppfølging frå seksjonsleiarane, dei er tett på og har jamlege samtalar med dei som er sjukmelde , prøver å legge tilrette for å få tilsette tilbake i jobb, gradert eller heilt. Seksjonsleiarane ber om møte med NAV relativt fort, dersom dei ser at fråværet kan dra ut i tid.

Sjukefråvær er tema både på seksjonsleiar møta og på dei ulike personal møta ute i seksjonane. Vi hentar fram tala frå Visma/BI og viser dei tilsette korleis ein ligg an både i høve fråværsprosent og kva kostnad sjukefråvær har for den einskilde seksjon.

Heimetenester

Skildring av tenesteområde

Heimetenestene yter helsehjelp og praktisk bistand til personar som bur eller oppheld seg i Volda kommune, og som på grunn av sjukdom, skade eller funksjonssvikt har behov for bistand i ei kortare eller lengre periode.

Avdelinga består av seks seksjonar med kvar sin seksjonsleiar som har personalansvar og ansvar for den daglege drifta.

Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2:

- Om lag 30 årsverk
- Felles base ved Volda omsorgssenter
- Gruppe 2 inkluderer Folkestadtun med 11 leilegheiter med døgnbemanning
- "Heimetrenarar" i Kvardagsrehabiliteringsteam er tilsett her

Ambulerande heimetenester gruppe 3:

- Om lag 10 årsverk med base ved Hornindal omsorgssenter.
- Yter tenester i distriktet Hornindal, Bjørke, Viddal, Leira, Osdalen og Kalvatn.

Dagsenter for eldre:

- 3,8 årsverk
- driftar dagaktivitetstilbod i Volda sentrum, i Hornindal og på Folkestad

Fjordsyn omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,5 årsverk og 29 leiligheiter

Barstadtun omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 16,5 årsverk og 25 leiligheiter

I tillegg er hukommelsesteam og koordinator for velferdsteknologi organisert direkte under avdelingsleiar.

Utfordringar

- Hovedtyngda av brukarane er eldre med fleire sjukdomar, såkalla multisjuka eldre.
- Fleire skal bu lengre heime og ein ser at omfanget av tenester til den enkelte tenestemottakar aukar og stadig fleire har behov for samansette tenester. Frå hausten 2022 til hausten 2023 har tal mottakarar av heimesjukepleie knytt til basen i Volda sentrum auka ein del, og er no stabilisert på ca 170 brukarar med aktive helsetenester i heim.
- Stadig fleire eldre innbyggjarar og dermed også personar med demens. Heimetenestene opplever aukande etterspørsel og større press på både ambulerande tenester, dagaktivitetstilbod, hukommelsesteam og omsorgsbustadar for eldre.

- Brukarar som får plass på bemanna omsorgsbustad har større pleie- og omsorgsbehov når dei får tildelt plass. Personalressursane på bustad har ikkje vore tilstrekkeleg justert i takt med dette.
- Tal oppdrag som krev sjukepleiarkompetanse auker i omfang og tid, då den medisinske behandlinga held fram etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og/ eller institusjon.
- Samhandlingsavtalane med helseføretaket gir kort tid på førebuing til å ta i mot pasientar med behov for nye eller utvida tenester
- Det er eit aukande tal brukarar i private heimar som vert ivaretatt av heimetenestene i siste fase av livet.
- Geografien med lange avstandar og til dømes manglande nattferjer gir ekstra utfordring for drifta i heimetenestene.
- Rekruttere og behalde fagkompetanse, dette gjeld spesielt sjukepleiarar ved bemanna omsorgsbustadar

Strategi

- Satsing på alternative buformer, kommunikasjon og informasjon om kva den enkelte sjølv kan gjere for å planlegge eigen alderdom vil vere viktige strategier for å oppnå målet om at fleire skal bu heime lenger
- Tenestene må halde fram med tverrfagleg tilnærming, tidleg innsats, bruk av validerte kartleggingsverktøy, eigenmeistring, samt brukar- og pårørendeinvolvering.
- Kontinuerleg kompetanseheving av personalet
- Vi må utvikle alternative arbeidsmetoder. Enkelte oppgåver som ikkje treng helsekompetanse må kunne løysast av andre yrkesgrupper. Eit døme er transporter av mat/middag til heimebuande. Denne oppgåva ligg i dag på heimesjukepleia, men burde vore lagt til andre å utføre for å sikre heimetenesta si kapasitet til å handtere stadig aukande mengde helseoppdrag.
- Sikre bærekraft i tenestene og tilstrekkeleg tid til å utøve leiing ved ta å i bruk digitale verktøy for å lette og effektivisere manuelt planleggingsarbeid. Dette kan til dømes vere optimaliseringsprogram for utarbeiding av turnus og optimaliseringsverktøy for køyrelister i dei ambulante heimetenestene
- Større bruk av velferdsteknologiske løysingar for å støtte tryggleik og meistring og for å sikre at vi bruker fagressursane der det trengst mest

Årsverk

	I år 2023			
Org.eining	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Ambulerande heimetenester	28,72	0	0	28,72
Ambulerande heimetenester Hornindal	9,27	0	0	9,27
Dagsenter for eldre	4,39	0	0	4,39
Fjordsyn omsorgsbustadar	15,58	0	0	15,58
Barstadtun omsorgsbustadar	16,33	0	0	16,33
Total	74,29	0	0	74,29

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
104	6	-	-	92	-

Viktige hendingar

Frå februar vart tenesta praktisk bistand (reinhold i private heimar) flytta frå ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2 (base i Volda) til seksjon Reinhold. Dette var eit viktig tiltak for å ha berekraft i ambulerande heimetenester til å bruke den helsefaglege kompetansen rett, og sikre betre kvalitet på reinholdstenestene som brukarane mottek.

Når det gjeld kompetanseheving er e-læringskurser frå Norsk Helseinformatikk til god hjelp. I løpet av året har 75 tilsette starta på 155 ulike kurs, og tatt til saman 636 timar med kurs. Av dei 155 påstarta kursa er det 100 som er fullførte. Gjennomførte kurstimar tilsvarar 91 arbeidsdagar med kompetanseheving.

Våren 2023 vart dei siste av dei nye tenestebilane levert, slik at heimetenestene no har heilelektrisk bilpark. Mangel på carport for tenestebilar i Volda har også dette året medført at mykje tid har gått med for helsepersonell til å skrape bilar og måke snø, i tillegg til ekstraarbeid for å fjerne is og snø i løadelukene på bilane.

Digitalt tilsyn i form av produktet Somnofy har no blitt tatt i bruk på Barstadtun (14 stk) og Fjordsyn (13 stk). Somnofy er også teke i bruk ute i private heimar hjå nokre få brukarar. Dette er eit godt hjelpemiddel for å sikre at brukarar får hjelp på natt når dei har behov for det, og gir ein betre og meir oversiktleg arbeidssituasjon for nattevaktene.

Heimetenestene har prøvd ut to ulike typar digitale medisindispensar, og har delteke i utvikling og forbetring av det eine produktet. Ved slutten av året hadde vi 25 medisindispensarar i bruk.

I samband med prosjekt Heiltidskultur er ambulerande heimetenester ein av pilotane for å teste ut det digitale verktøyet Dynamon som skal forenkle utarbeiding av turnus. Opplæringa starta i november, og prosjektet held fram i 2024. I første runde var ikkje heimetenesta nøgd med verktøyet, men det er under stadig forbetring etter tilbakemeldingar frå våre røynde seksjonsleiarar.

Hukommelsesteamet er ei etterspurt og svært viktig teneste for heimebuande. Med aukande førekomst av demens i samfunnet har dei ei nøkkelrolle i utgreiing hos eldre personar med kognitiv svikt, og oppfølging av dei og næraste pårørande.

Kommentar til status økonomi

Dette er første året at avdeling heimetenester ender opp med eit meirforbruk i høve budsjett. Dei fleste seksjonane har holdt seg innan ramma til trass for periodar med behov for auka bemanning (ekstrahjelp) grunna enkeltbrukarar med stort tenestebehov. Andre periodar er det spart med å unngå innleie, omprioritere ressursar, eller rett og slett at ein ikkje har fått tak i vikar.

Sommaren 2023 nytta vi vikar frå vikarbyrå i 2-3 mnd: tre i ambulerande heimetenester og ein på Barstadtun.

Ved Barstadtun vart det heile sommaren leigt inn ekstra person på kvar kveldsvakt på grunn av bebuar med behov for tett oppfølging. Dei fleste av desse vaktene vart dekt opp av vikaren frå bemanningsbyrå,

og er hovedårsaken til meirforbruk i seksjonen. Ved Barstادتun ser ein også høgare inntekter enn budsjettet. Det er tilskot frå NAV i høve lønstilskot og varig tilrettelagt arbeid. Det er også ein del refusjon frå fylkeskommunen som er dekking av løn til ein av våre tilsette som er medlem i Fagprøvenemnda, og har permisjon med løn for oppdrag for Fylkeskommunen. Aktiviteten i prøvenemnda har vore høgare enn ein hadde rekna med.

Når det gjeld lisensar for velferdsteknologi som medisindispensarar og digitalt tilsyn, så har utgiftene blitt ført på litt ulike postar, difor ser det ut som det er meirforbruk på nokre postar og mindreforbruk på andre. Budsjett for medisindispensar er lagt på "Leie av driftsmidler" medan faktura har blitt kontert på "Avgifter, gebyrer, lisenser" og "Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler".

Ved Fjordsyn ser vi eit stort meirforbruk på 6,2 %, det vil seie litt over ein million kroner. Dette skuldast i hovudsak høgt fråvær, og dermed høgt forbruk av overtid og forskyvingar for å halde drifta på fagleg forsvarleg nivå. I periode januar til april hadde ein sjukepleiar frå vikarbyrå inne i 100 % stilling, i tillegg til ein fagarbeidar frå byrå på natt i ein månad. Dette er eit fordyrande tiltak som vi bør unngå.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	75 515	80 864	79 784	-1 081	-1,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	711	834	826	-8	-1,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 670	1 223	1 219	-5	-0,4 %
Overføringsutgifter	9	0	0	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	78 904	82 921	81 828	-1 093	-1,3 %
Salgsinntekter	-53	-54	-50	4	-7,4 %
Refusjoner	-6 898	-4 955	-4 434	521	-11,7 %
Overføringsinntekter	-24	-87	-87	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-6 976	-5 095	-4 571	525	-11,5 %
Netto resultat	71 929	77 826	77 257	-569	-0,7 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	53,1 %	56,7 %	52,9 %	55,3 %	55,4 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	321 458	335 313	264 942	343 964	324 098
Dekningsgrad					
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	21,8 %	18,4 %	18,5 %	19,2 %	18,4 %

Årsmelding 2023

Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	14,0 %	15,1 %	21,9 %	18,1 %	17,0 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	16,2 %	22,0 %	16,5 %	18,0 %	16,6 %

Det er ei tydeleg auke i aldersgruppe 80 + som treng bistand, høgare i Volda enn samanligningskommunane. Mange av desse bur i distrikta, men lang reiseveg for heimetenestene. Vi har høgare kostnad per heimetenestemottakar enn dei vi samanliknar oss med. Ei anna medverkande årsak kan vere at vi har relativt høg dekning med døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,51 %	11,12 %	14,63 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,61 %	5,03 %	8,64 %

Status sjukefråvær og HMS

Det har vore jobba godt med nærværarbeid i seksjonane i løpet av året, både med fokus på det førebyggjande arbeidet med helsefremjande arbeidsplassar, og det individuelle oppfølgingsarbeidet av tilsette som står i fare for, eller har blitt sjukmeldt.

Som tidlegare er Dagsenter for eldre den seksjonen med svært lågt fråvær, medan Fjordsyn framleis har høgast sjukefråvær. I tillegg til snittfråvær på Fjordsyn på 12,5 % gjekk også fleire tilsette i løpet av 2023 ut i delvis ulønna permisjon, i etterkant av eit år med sjukefråvær. Det reelle fråværet i seksjonen var dermed ein god del høgare enn 12,5 %. Dette var ein stor del av årsaka til eit stort meirforbruk ved denne seksjonen, og det er noko vi jobbar med å snu.

Svingningane gjennom året er som dei vanlegvis er, med høgast fråvær på nyåret, lågast fråvær på sommaren, og høgare fråvær att når det nærmar seg jul. Både ambulerande heimetenester og Barstadtun har hatt høgare totalnærvær i 2023 enn året før.

Bu- og habiliteringstenester

Skildring av tenesteområde

Seksjon Bu og habilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fire sam-lokalisererte bustadar for personar med utviklingshemming som lokalisert i Volda eller Hornindal sentrum.
- Barnebustad er eit bu - og tenestetilbod til barn med omfattande omsorg- og eller oppfølgingsbehov som følgje av store funksjonsnedsetjingar. Foreldra har ansvaret, men tilsette i barnebustaden ivareteke den dagleg omsorga for barnet på vegne av foreldra.
- Avlasting er for born og unge funksjonshemma som framleis bur heime. Føremålet er at pårørande får naudsynt kvile og fritid. I Volda kommune er barnebustaden og avlastinga lokalisert i Blåbærhaugen og Kleppevegen. Avlastinga er den tenesta som er mest uforutsigbar. På kort varsel kan ein få beskjed frå forvaltningskontoret om at det er eit behovet for å legge til rette eller auke avlastingstilbodet i forhold til eit barn eller ein person med nedsett funksjonsevne.
- Hamna dagsenter er eit interkommunalt tilbod mellom Volda og Ørsta kommune. Senteret er eit tilrettelagt arbeids- og aktiviseringsstilbod for personar med ulik grad av psykisk utviklingshemming. Det er eit dagtilbod der arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene er tilpassa den enkelte brukar. Eit overordna mål er at brukarane skal oppleve meistringskjensle, og utvikle seg igjennom aktivitetar og arbeidsoppgåver. Hamna har faste arbeidsoppdrag, i tillegg legg ein til rette for fysisk, kulturell og kreativ aktivitet.

Tenesta yter teneste til 68 tenestemottakarar.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Kleppevegen	7,54	0	0	7,54
Bømarka	16,38	0	0	16,38
Sevrinhaugen	19,82	0	0	19,82
Verslavegen	7,09	0	0	7,09
Blåbærhaugen	8,92	0	0	8,92
Hamna dagsenter	10,92	0	0	10,92
Total	70,67	0	0	70,67

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
78	29	-	-	54	22

Kommentar til status økonomi

Oppsummering tiltak

Bu og habilitering har hatt eit meir forbruk i 2023. Årsaker er høgt sjukefråvær, over tidsbruk, fleire brukarar og at brukarar har hatt behov for auke i tenester som det ikkje har vore budsjettert med.

Rekneskap


Beløp i 1000

Årsmelding 2023


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	81 338	90 591	86 773	-3 818	-4,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 275	2 391	2 177	-214	-9,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	53	20 423	19 000	-1 423	-7,5 %
Overføringsutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	83 667	113 405	107 950	-5 455	-5,1 %
Salgsinntekter	-118	-131	-266	-135	50,7 %
Refusjoner	-7 586	-38 400	-28 104	10 296	-36,6 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-7 703	-38 531	-28 370	10 161	-35,8 %
Netto resultat	75 963	74 874	79 580	4 706	5,9 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,73 %	10,63 %	14,35 %
Årleg sjukefråvær 2023	4,23 %	7,95 %	12,18 %

Status sjukefråvær og HMS

Bu og habilitering har i fleire seksjonar hatt eit høgt sjukefråvær. T.d. ved Sevrinhaugen vart det sett inn tiltak med ekstra bemanning som har gitt ein positiv effekt.

Rus- og psyisk helse

Skildring av tenesteområde

Rus og psykisk helseteneste har fire seksjonar; lågterskeltilboda Styrk-arbeid og Gnisten i Prestegarden, dagtenester, ambulerande heimebaserte tenester og 7 omsorgsbustader i Myra bufellesskap. Tenesta har til saman knappe 30 årsverk fordelt på desse fire seksjonane.

Psykisk helse- og rusarbeid skal bidra til fleire friske leveår for innbyggjarane og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- og/eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutviklinga og fremje meistring i eige liv. Pårande til menneske med rusmiddel- og/eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte eller avlastning.

Seksjon Lågterskeltilbod

- Møteplassen Gnisten er eit lågterskeltilbod som har eller har hatt rus- og/eller psykiske vanskar/lidingar. Her møtes ein i ei trygg atmosfære og driv ulike aktivitetar.
- Styrk-arbeid er eit arbeidstreningstiltak for unge vaksne som droppar ut av utdanning eller jobb. Ein legg til rette for meistring, både praktisk og sosialt, slik at vegen tilbake til arbeid eller skule blir enklare. Ein får tett oppfølging og kan og få bistand til jobbsøking og/eller ekstern praksisplass.
- Styrk-aktiv tilbyr aktivitet for sosialhjelpsmottakar under 30 år med vilkår om aktivitet etter sosialtenestelova i samarbeid med NAV Ørsta Volda. Gjennom tiltaket skal ein styrke den enkelte si moglegheit for overgang til arbeid eller utdanning, eller å bli sjølvforsørge på anna måte.

Seksjon Utetenester og Seksjon ambulerande tenester

- Utetenesta tilbyr bistand på dagtid, medan seksjon for ambulerande tenester yter helsehjelp både på dag og kveldstid til brukarar med meir omfattande bistandsbehov. det er og i samarbeid med nattevaktsprosjektet mogleg å få helsetenester på natt.
- Tenestene tilbyr støttesamtaler for å styrke brukaren og pårande sine meistringsstrategiar, nettverksarbeid, praktisk hjelp og støtte i heimen, samt medikamentadministrasjon. Ein tilbyr vidare bistand til søknad om tverrfagleg spesialisert rusbehandling og behandling innan psykisk helsevern, og tenester i påvente av behandling eller etter utskriving.

Seksjon Myra bufellesskap

- 7 bemanna omsorgsbustader (forsterka bustader) med særleg kompetanse på alvorlege, langvarige samtidige rus og psykiske lidingar. Ein kan også få bistand på natt, dersom det er behov for helsehjelp då. Helsehjelpa ein får tilsvare helsehjelpa som ein elles tilbyr i andre seksjonar i avdelinga.

Det er sær viktig at alle seksjonane samarbeider godt med spesialisthelsetenesta om å styrke psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunen, samt å få til eit godt samarbeid med pårande. Vi gir generell informasjon til pårande om rettigheter, vanleg praksis på området, sakshandsaming, moglegheit for opplæring og fagleg informasjon om rus og psykiske lidingar og vanleg behandling ved å halde jamlege pårandesamlingar og pårandekurs.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Lavterskeltilbod rus og psykisk helse	5,90	0	0	5,90
Dagteneste rus og psykisk helse	10,70	0	0	10,70
Heimbasert rus og psykisk helse	7,58	0	0	7,58
Myra bufellesskap	5,10	0	0	5,10
Total	29,28	0	0	29,28

Likestilling - Del 1


Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
32	12	-	-	19	-

Viktige hendingar

Volum på henvisningar

Vi opplevde gjennom 2023 eit jamt høgt nivå på tilvisingar og enda ved års-slutt om lag på nivået for 2022. Grunna det høge nivået på tilvisingar har vi, som på tampen av 2022, også i 2023 hatt opp mot 3 månaders ventetid på nye tilvisingar. Som enkeltgruppe peikar flyktningar og studentar/skuleelevar seg ut med den største auken. Funn frå rapportar som Ungdata og studentane sin helse og trivselsundersøking (SHoT) gir oss eit bilete av den eigenrapporterte psykiske helsa i dei ulike aldergruppene nasjonalt og lokalt. I 2022 rapporterte for eksempel 1 av 3 studentar at dei opplever alvorlege psykiske plager (SHoT, 2022).

Ved utgangen av året var det 29 henvisningar som fortsatt ikkje var tildelt helsetenester, og må tildelast tenester så snart der er kapasitet i 2024. Dette er ein auke på 11 saker frå året før.



Ventetida kan forklarast med at det kjem inn fleire saker enn vi klarer å avslutte i same periode. Kapasiteten er sprengd med dei ressursane vi har til rådighet pr. no. I Utetenesta, som har opplevd den største auken, er det utfordringar å rekruttere personell med nødvendig kompetanse. Vi har gjennom 2023 leigd inn ein ekstra mellombelse ressursar i Utetenesta tilsvarande 1,8 årsverk for å ta unna saker.

Ei viktig presisering og nyansering av biletet er at vi ikkje har ventetid ved lågterskeltilboda våre. I både Styrk-arbeid og på Møteplassen Gnisten har vi hatt jamn god aktivitet og nye har kunne starta opp ved tilvising. Vi har også her fått yngre deltakarar og tilpassar tilbodet til dei som blir henvist. Vi har etter pandemien, når mykje av dei formelle samarbeidsfora fall bort, fått gjennomretta eit godt samarbeid både ned NAV, Furene og velferdsgruppa ved Høgskulen i Volda.

Ressurskrejande saker

Tenesta har måtte anskaffe to einetiltak frå privat leverandørar som er svært kostnadsdrivande. Vi klarer ikkje levere desse tenestene sjølv av ulike årsaker, der tilstrekkeleg rekruttering av kvalifisert personell og eigna bu-tilbod er den største lokale utfordringa.

Elles ser vi ei generell endring der mange av brukarane som blir tilvist er yngre enn før, dei har meir omfattande og komplekse problemstillingar og treng tenester frå fleire aktørar for å hindre utanforskap og ei betre psykisk helse.

Kommentar til status økonomi

Eit lite mindreforbruk i avdelinga totalt sett på 0,7%. Grunna fråvær og vanskar med å rekruttere kvalifisert personell er det mindreforbruk på løn. Kr. 136 000,- av meirforbruket på ansvar 4601 er

feilpostert og utgifta skulle vore fordelt på 4603 og 4604 Dette gir eit skeivt bilete av økonomisituasjonen i avdelinga, der alle seksjonar ved års-slutt gjekk i balanse eller eit lite mindreforbruk.


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	26 751	30 145	30 877	732	2,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 233	934	452	-482	-106,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 867	178	200	22	11,0 %
Overføringsutgifter	21	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	29 872	31 257	31 529	272	0,9 %
Salgsinntekter	-254	-100	-120	-19	16,2 %
Refusjoner	-3 031	-2 466	-2 519	-54	2,1 %
Overføringsinntekter	-25	-35	-20	15	-75,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 310	-2 601	-2 659	-58	2,2 %
Netto resultat	26 562	28 656	28 869	213	0,7 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	449	335	358	379	403

Kommunen har fått prosjektmidler til kommunalt rusarbeid “forebygging og tidlig intervensjon for barn, unge og unge voksne, med vekt på oppsøkende arbeid”. Ein har gjennom arbeidet med rapporten om barn og unges psykiske helse foreslått å ta bort aldersgrensa som Rustenesta har ansvar for og bistå rusarbeidet i alle aldersgrupper, ikkje berre dei frå 18 år og oppover.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,51 %	10,47 %	14,98 %
Årleg sjukefråvær 2023	5,25 %	9,10 %	14,35 %

Status sjukefråvær og HMS

Avdelinga har eit høgt sjukefråvær gjennom året. Ved års-slutt viste det samla sett for avdelinga 4,49% korttidsfråvær og 8,84% langtidsfråvær, til saman 13,76%. Ein jobbar godt både seksjonsvis og på tvers av seksjonane om arbeidsgivar kan bidra til å auke nærværet ved tilrettelegging for den enkelte eller behov for anna arbeid ei periode.

Personal

Skildring av tenesteområde

Personalavdelinga har fagansvar for løn og lønsforhandlingar, tilsettingar, arbeidsreglement sjukepengar og refusjon, pensjon og generell personalforvaltning. I tillegg har avdelinga eit overordna fagansvar for personalsaker og arbeidsmiljøsaker. Dette inneber alt frå utforming av rutine og reglement, deltaking i dialogmøter og handtering av disiplinærsaker, til deltaking og/eller prosessleiing av større arbeidsmiljøprosessar.

Ansaret for partssamarbeid og samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombodet, samt frikjøp av tillitsvalde ligg til avdelinga. Det er kontaktmøte med dei tillitsvalde og hovudverneombod kvar månad. Personalsjef er ansvarleg for møta, men ofte møter heile eller deler av leiargruppa også.

Avdelinga har også ansvar for det overordna arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT), samt systemansaret for dokument- og avvikssystemet Compilo. Avdelinga er sakshandsamar til saker i Arbeidsmiljøutvalet og IA-utvalet, samt ansvarleg for kontakt med bedriftshelsetenesta.

Personalavdelinga har saman med økonomiavdelinga gjennom heile året tilbod om leiaropplæring på ulike tema. Desse føregår som regel på teams. I tillegg har personalsjefen ansvar for å ta initiativ og igangsetje leiarutviklingsprosessar i organisasjonen.

Personalavdelinga har det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, og sitt i styret til Opplæringskontoret Søre Sunnmøre. På årsmøtet 2023 vart personalsjef vald som styreleiar.

Årsverk

Årsmelding 2023

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Personal	21,05	0	0	21,05
Total	21,05	0	0	21,05

Årsverk (tekst)

Årsverka i personalavdelinga omfattar personalstaben, lærlingane, samt frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod.

Personalstaben har hausten 2023 hatt auka ressurs med 50 % knytt til heiltidskulturprosjektet. Ressursen er brukt til delprosjekta utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi, og permisjonspraksis. I 2023 har arbeidet vore knytt til kartlegging av nosituasjonen, mens den i 2024 vert nytta til det konkrete prosjektarbeidet. Årseffekten av denne auken er på 0,3 %. Kostnadane av dette vert ført på prosjektet, og dette kjem fram som avvik her.

Volda kommune har budsjettert med 21 lærlingar kvart år. Lærlingane har 50 eller 30 % løn. Vi har budsjettert med heile årsverk, men dei tel ut frå lønsprosenten sin. Vi hadde 16 lærlingar pr 01.01.2023 og 22 lærlingar pr 31.12.2023.

Dei hovudtillitsvalde har fri-kjøp ut frå medlemstal. I 2023 var det ein organisasjon som auka frikjøpet sitt med 10 %, og dette vart ikkje justert i budsjettet. Det er lagt inn for 2024.

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
18	6	-	-	6	-

Viktige hendingar

Heiltidskultur

Etter budsjettvedtak i kommunestyret 16. desember 2022 starta Volda kommune sitt heiltidskulturprosjekt i 2023. Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Personalsjef er prosjekteigar, og er sterkt involvert i arbeidet, som i 2023 har omfatta:

Kick off: torsdag 9. februar gjekk startskotet for prosjektet, med ei stor samling for alle leiarar, tillitsvalde og verneombod i helse og omsorg, skule, barnehage og reinhald. Ordførar opna samlinga. Vi hadde inviterte professor Kari Ingstad og forskar Leif Moland til å dele sin kunnskap om tema med oss, for slik å byggje felles forståing og kunnskap.

Oppgåvekartlegging: I mai starta vi med opplæring i oppgåvekartlegging for tilsette i helse og omsorg, med mål om betre og meir berekraftig oppgåvedeling i helse- og omsorgstenesta. Opplæringa gjekk over 4 dagar fordelt på 2 samlingar i mai og juni, og vart leia av KS Konsulent. Gjennom fire kursdagar med KS Konsulent vart metodikken rundt oppgåvekartlegging formidla til leiarar, tillitsvalde og verneombod i helse og omsorg. Omsorgssenteret i Hornindal var pilot.

Servicevakter:

I lys av opplæringa i oppgåvekartlegging i mai/juni 2023, starta institusjonstenesta ei prøveordning i

sommarferien med *servicevakter* for ungdom. 18 jentar og gutar mellom 16 og 17 år gjekk servicevakt på dag, kveld og helg. Ordninga var ein suksess og vert vidareført i 2024 under namnet *Trivselsmedarbeidar*.

Delprosjekt “Permisjonspraksis” og “Rekrutteringspraksis”

Hausten 2023 starta vi opp kartlegging i høve delprosjekta permisjonspraksis og rekrutteringspraksis. Forsking på heiltidskultur viser at dette er to område ein bør sjå nærare på. Mange kommuner oppleve at ein lyser ut heil stilling, men at den som får stillinga ønskjer å gå redusert. Prosjektet skal kartlegge i kva grad retten til å gå redusert er med på å skape deltidssstillingar, ved at det vert ei reststilling som må tilbydast nokon anna. Likedan sei lovverket at slik permisjon kan gjevast om det ikkje er til vesentleg ulempe for arbeidsgivar. Prosjektet skal og avklare kva “vesentleg ulempe” er, og i kva grad det vert gjort ei slik ulempevurdering i handsaminga av permisjonssøknadar.

Rekrutteringspraksis handlar om den motsatte problemstillinga. Korleis skape ein heiltidskultur om vi lyser ut mange små stillingar? Kartlegginga skal seie noko om kor mykje deltid vi lyser ut og kva det betyr for rekrutteringa. Vidare skal prosjektet jobbe fram ein rekrutteringsstrategi som skal bidra til at målet om heiltid vert nådd.

Det ligg meir og utfyllande informasjon om prosjektet på <https://www.volda.kommune.no/heiltidskultur>

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
51-Personal	10 301	11 749	11 989	1 688	14,1 %
52-Fellestenester personal	3 670	2 480	4 045	375	9,3 %
Sum	13 970	14 228	16 034	2 063	12,9 %

Kommentar til status økonomi

Personalavdelinga har eit mindreforbruk i 2023. Dette gjeld lærlingbudsjettet, der vi har budsjetttert med 21 lærlingar gjennom heile året (jf vedtak i kommunestyret), mens det i periodar har vore færre lærlingar inne.

Frikjøpte hovudtillitsvalde har eit lite meirforbruk. Dette skuldast auka fri-kjøp på grunn av auke i medlemstal som ikkje er korrigert for.

Øvrig mindreforbruk handlar om at det er gjennomført færre kurs og kompetanseutviklingstiltak enn forventa, samt at ein no deltek hovudsakleg via nett, som er mykje rimelegare. I tillegg har det ikkje vore fellessamling for sjustjerna på økonomi/personal i 2023.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 987	11 780	12 884	1 104	8,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 995	4 334	4 625	292	6,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14	0	120	120	100,0 %
Overføringsutgifter	35	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	14 031	16 113	17 629	1 516	8,6 %
Salgsinntekter	-2	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-1 648	-2 143	-1 596	547	-34,3 %
Sum Driftsinntekter	-1 650	-2 143	-1 596	547	-34,3 %
Netto resultat	12 381	13 970	16 034	2 063	12,9 %

Grafer Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022 resultat	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarslinjer.	Høg rolleklarheit	4,1			10-faktor ikkje gjennomført i 2023
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,1			10-faktor ikkje gjennomført i 2023
		Meistringsorientert leiing	4,0			10-faktor ikkje gjennomført i 2023
		Meistringsklima	4,0			10-faktor ikkje gjennomført i 2023
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme	87,1 %	100,0 %	87,1 %	
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt			5,0 %	Talet gjeld heile Volda kommune
		Sjukefråvær i organisasjon	2,3 %	8,5 %	5,7 %	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,89 %	3,25 %	7,14 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,83 %	2,86 %	5,69 %

Status sjukefråvær og HMS

Til område Personal ligg personalavdelinga, dei frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod, samt lærlingane. Dei to førstnemnde har knapt hatt fråvær i 2023. Det har vore relativt høgt sjukefråvær blant lærlingane, og særleg korttidsfråværet er høgt, med 5 %. Den enkelte lærling vert fylgt opp der ein har læretida si, og det er viktig at leiarane ute vert gjort merksam på dette slik at ein kan jobbe aktivt førebyggjande for å redusere korttidsfråværet.

Økonomi

Skildring av tenesteområde

Økonomi har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd.

I avlinga har vi 5,5 årsverk fordelt på 6 tilsette.

Internkontroll og tilsyn

Internkontrollen i økonomiavdelinga handlar mykje om kontroll opp i mot forskrift av ny kommunelov, momsreglar og rutinar i økonomireglementet.

I samband med arbeidet med rolleklarheit inn mot arbeidsoppgåver er det og laga eigne skjema for internkontrolloppgåver inn mot kvar rolle. Internkontrollen vert fylgt opp inn mot kvar månads-, tertial- og årsavslutning med ulik grad av kontrollar i forhold til regelverk.

Årsverk

Org.eining	I år 2023			
	Faste	Vikar	Midlertidig	Total
Økonomi	5,50	0	0	5,50
Total	5,50	0	0	5,50

Likestilling - Del 1

Kjønnsbalanse		Midlertidige tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
5	1	-	-	-	-

Viktige hendingar

Avklaring roller og ansvarsområder

Avdelinga har igjennom året hatt ein prosess for å kartlegge arbeidsprosessar og ansvar. Dette for å sikre at vi får utnytta nye system optimalt ift prosess, rutinar og internkontroll. Resultatet av arbeidet er at vi har fått utarbeidd rolleskildringar med klare arbeidsområde, ansvar og forventningar. Dei tilsette er no bevisst sitt ansvar gjennom dei rollene ein har fått tildelt i si stilling.

Brukardokumentasjonar ut i Compilo

Set er utarbeidd brukardokumentasjon for dei fleste arbeidsprosessar i Visma og Framsikt. Desse ligg no tilgjengeleg for alle i kommunen i Compilo.

Startlån

I 2023 er det motteke 45 søknadar, 13 søknader er innvilga og utbetalt i 2023, totalt kr. 20.945.181. 5 søknadar er tildelt men ikkje utbetalt i 2023 totalt kr. 7.180.000.

Det er utbetalt kr. 431.300 i tilskott til etablering og tilpassing fordelt på 3 søknadar.

For 2024 har ein til tildeling: Nytt lån til utlån kr. 20.000.000 + bunde investeringsfond kr. 21.355.914 – tildelt ikkje utbetalt kr. 7.180.000 totalt **kr. 34.332.766**.

Ein del refinansieringssaker i 2023, hadde forventa meir. Det tek gjerne litt tid før det slår ut for fullt med langvarig høgare rente

Kommentar til status økonomi

Mindre forbruket kjem av at årets premieavvik vart 6,5 mill kroner meir enn budsjettert. Dette vert inntektsført under fellestenester økonomi.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-30 626	-43 841	-37 418	6 423	-17,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 456	1 675	1 570	-105	-6,7 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 001	1 311	1 200	-111	-9,2 %
Overføringsutgifter	27 319	30 462	30 131	-331	-1,1 %
Finansutgifter	61 398	67 970	68 087	117	0,2 %
Sum Driftsutgifter	61 548	57 576	63 571	5 995	9,4 %
Salgsinntekter	-89	-232	-250	-18	7,3 %
Refusjoner	-21 688	-22 428	-22 390	39	-0,2 %
Overføringsinntekter	0	-223	-194	30	-15,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-69 953	-77 460	-77 468	-8	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-91 730	-100 343	-100 301	42	0,0 %
Netto resultat	-30 183	-42 767	-36 730	6 037	-16,4 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2022 resultat	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner.	Høg rolleklarheit	4,1			10-faktor ikkje gjennomført i år 2023
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4,4			10-faktor ikkje gjennomført i år 2023
		Meistringsorientert leiing	4,6			10-faktor ikkje gjennomført i år 2023
		Meistringsklima	4,0			10-faktor ikkje gjennomført i år 2023
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjettramme	98,4 %	100,0 %	97,5 %	Måltal er Økonomi utan fellestenester som tildøme premieavvik
	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar	Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt				
		Sjukefråvær i organisasjon	6,6 %	8,5 %	7,5 %	

KOSTRA Nøkkeltal

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B)	134	131	152	151	127
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)	759	745	588	737	615
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	1,1 %	1,0 %	0,8 %	1,0 %	0,9 %

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Forbruk i % i år	Avvik i kr
Forskotering til lag og organisasjonar	0	809 0,0 %	-809
Sum	0	809	-809

Statustekst investeringar

Etableringstilskot barnefamiliar - eige til leige

Løpande prosjekt utan bevegelse i år.

Forskotering til lag og organisasjonar

Løpande prosjekt utan bevegelse i år.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,02 %	2,53 %	6,55 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,33 %	3,88 %	7,21 %

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-430 616	-433 607	-453 952	-449 536	-4 417	-1,0 %
Inntekt- og formuesskatt	-309 852	-307 482	-310 099	-310 330	231	0,1 %
Eigedomsskatt	-27 424	-34 044	-36 044	-35 303	-741	-2,1 %
Andre generelle driftsinntekter	-71 866	-43 471	-118 379	-124 950	6 571	5,6 %
Sum generelle driftsinntekter	-839 758	-818 603	-918 474	-920 119	1 644	0,2 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	735 860	702 605	798 103	784 239	13 864	1,7 %
Avskrivingar	69 953	60 506	83 842	77 459	6 383	7,6 %
Sum netto driftsutgifter	805 813	763 111	881 946	861 698	20 247	2,3 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Brutto driftsresultat	-33 945	-55 493	-36 529	-58 420	21 892	59,9 %
Renteinntekter	-8 065	-12 503	-16 056	-15 791	-265	-1,7 %
Utbytte	-6 963	-7 110	-7 910	-7 911	1	0,0 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmiddel	1 891	-7 300	-9 300	-12 698	3 398	36,5 %
Renteutgifter	36 850	65 203	64 305	67 859	-3 554	-5,5 %
Avdrag på lån	58 588	62 277	65 781	65 804	-23	0,0 %
Netto finansutgifter	82 302	100 567	96 821	97 263	-442	-0,5 %
Motpost avskrivningar	-69 953	-53 851	-77 468	-77 459	-9	0,0 %
Netto driftsresultat	-21 596	-8 776	-17 176	-38 617	21 441	124,8 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	662	0	0	0	0	
Avsettingar til bundne driftsfond	19 814	5	9 494	12 155	-2 661	-28,0 %
Bruk av bundne driftsfond	-21 355	-3 241	-22 275	-21 021	-1 254	-5,6 %
Avsettingar til disposisjonsfond	22 476	12 012	31 018	48 553	-17 535	-56,5 %
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-1 061	-1 070	9	0,8 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	21 596	8 776	17 176	38 617	-21 441	-124,8 %
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Administrasjonsstab	43 044	30 230	37 095	34 498	2 597	7,0 %
Oppvekst	309 161	301 844	350 795	354 441	-3 646	-1,0 %
Samfunnsutvikling	78 992	84 251	83 832	78 269	5 563	6,6 %
Helse og Omsorg	330 042	311 593	354 918	355 250	-332	-0,1 %
Personal	12 381	14 228	16 034	13 970	2 063	12,9 %
Økonomi	-30 183	-30 914	-36 730	-42 767	6 037	16,4 %
Kommunestyret	130	0	0	0	0	

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum løyvingar drift, netto	743 567	711 232	805 943	793 662	12 281	1,5 %
Av dette:						
Avskrivninger	69 953	60 506	83 842	77 459	6 383	7,6 %
Motpost avskrivninger	-69 953	-53 851	-77 468	-77 459	-9	0,0 %
Netto renteutgifter og -inntekter	6 917	5 229	5 229	9 084	-3 855	-73,7 %
Avdrag på lån	0	-21	-21	0	-21	-100,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	13 158	5	5	1 326	-1 321	-26983,3 %
Bruk av bundne driftsfond	-12 368	-3 241	-3 748	-988	-2 760	-73,6 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	735 860	702 605	798 103	784 239	13 864	1,7 %

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringar i varige driftsmidlar	254 461	322 072	358 612	282 694	75 918	21,2 %
Tilskot til andre sine investeringar	197	0	-197	747	-945	0,0 %
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 136	0	2 332	2 332	0	0,0 %
Utlån av eigne midlar	0	0	0	809	-809	
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	
Sum investeringsutgifter	256 794	322 072	360 747	286 583	74 164	20,6 %
Kompensasjon for meirverdiavgift	-39 238	-52 423	-52 276	-39 941	-12 335	-23,6 %
Tilskot frå andre	-8 233	-482	-4 961	-2 098	-2 863	-57,7 %
Sal av varige driftmiddel	-5 699	0	0	-839	839	
Sal av finansielle anleggsmiddel	-190	0	0	0	0	
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-53	0	-1 261	-1 261	0	0,0 %
Bruk av lån	-214 234	-289 168	-321 177	-261 563	-59 614	-18,6 %
Sum investeringsinntekter	-267 646	-342 072	-379 675	-305 701	-73 974	-19,5 %
Vidareutlån	8 818	20 000	20 000	20 945	-945	-4,7 %
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0	0	
Avdrag på lån til vidareutlån	4 615	0	0	4 166	-4 166	
Mottatte avdrag på vidareutlån	-8 180	0	0	-7 089	7 089	
Netto utgifter vidareutlån	5 252	20 000	20 000	18 022	1 978	9,9 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføring frå drift	-662	0	0	0	0	
Avsetningar til bundne investeringsfond	5 352	0	1 261	4 561	-3 300	-261,6 %
Bruk av bundne investeringsfond	-1 786	0	0	-1 584	1 584	
Avsetningar til ubunde investeringsfond	4 831	0	0	1 261	-1 261	
Bruk av ubunde investeringsfond	-2 136	0	-2 332	-3 141	809	34,7 %
Dekning av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0	0	
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	5 599	0	-1 071	1 096	-2 168	-202,4 %
Framført til inndecking i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
IKT investeringar	3 634	3 550	3 918	3 424	494	12,6 %
Volda kommune						
IKT investeringar	1 711	1 250	5 581	5 123	458	8,2 %
Oppvekst						
Bilar Oppvekst	549	0	0	0	0	
Grunn og næringsutvikling	11 852	24 000	3 904	3 408	497	12,7 %
Flaumsikring	5 742	0	-508	0	-508	-100,0 %
Elbilar og kommunal infrastruktur	6 466	0	4 979	8 499	-3 520	-70,7 %
Bustadfelt under utbygging	845	23 625	23 942	16 811	7 131	29,8 %
Bustadfelt - Garanti og sal	220	0	625	0	625	100,0 %
Ny ungdomsskule	112 603	58 333	51 325	36 836	14 489	28,2 %
Svømmehall	11 425	117 000	104 934	108 160	-3 226	-3,1 %
Utbygging kommunale vegar	25 669	13 233	8 496	695	7 801	91,8 %
Garantiansvar	310	0	940	-11 716	12 655	1346,5 %
Oppgradering kommunale bygg	22 761	21 990	21 532	16 511	5 021	23,3 %
Maskin og utstyr	1 762	0	241	0	241	0,0 %
eigedom						
Sal av kommunale eigedomar	0	0	0	20	-20	

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Brannstasjon Hornindal	1 477	500	759	-160	919	121,1 %
Hamna 20	35	0	57 966	47 951	10 015	17,3 %
Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak	13 729	-950	13 551	10 452	3 099	22,9 %
Maskin og utstyr	359	500	0	609	-609	
Utvikling						
Maskin, bilar og utstyr brann	0	2 025	3 537	1 587	1 950	55,1 %
Kommunale vegar	2 502	6 890	8 643	3 557	5 087	58,8 %
Trafikktrygging	783	2 250	4 967	1 313	3 654	73,6 %
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	3 648	1 955	4 830	4 133	697	14,4 %
Vassverk	2 060	10 250	1 369	988	381	27,9 %
Ledningsprosjekt	871	19 047	6 400	6 452	-52	-0,8 %
Utbyggingsavtaler	55	0	1 087	0	1 087	100,0 %
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	603	0	337	347	-10	0,0 %
Nytt vassverk HB2	15 561	0	394	533	-138	0,0 %
Avløpsanlegg	5 692	10 000	16 875	16 081	794	4,7 %
Velferdsteknologi	550	625	1 575	181	1 394	88,5 %
Helse og omsorg						
Inventar, bilar og utstyr Helse og omsorg	499	0	126	0	126	0,0 %
Helseplattforma	489	6 000	6 287	899	5 389	85,7 %
Investeringar i varige driftsmidlar	254 461	322 072	358 612	282 694	75 918	21,2 %

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	0	0	0	20	-20	0,0 %
Svømmehall	0	0	0	210	-210	0,0 %
Håmyra bustadfelt - overtaking 1	197	0	-197	395	-592	299,9 %
Bronsefondet- Svor museet	0	0	0	123	-123	0,0 %
Tilskot til andre sine investeringar	197	0	-197	747	-945	478,7 %

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Egenkapitaltilskot KLP	2 086	0	2 332	2 332	0	0,0 %
Kjøp og sal av aksjar	50	0	0	0	0	0,0 %
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 136	0	2 332	2 332	0	0,0 %

4. Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Forskotering spelemidler Bratt sykkelklubb	0	0	0	809	-809	0,0 %
Utlån av egne midlar	0	0	0	809	-809	0,0 %
Sum del 1-4	256 794	322 072	360 747	286 583	74 164	20,6 %

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-430 616	-433 607	-453 952	-449 536	-4 417	-1,0 %
Skatt på inntekt og formue	-309 852	-307 482	-310 099	-310 330	231	0,1 %
Eigedomsskatt Andre	-27 424	-34 044	-36 044	-35 303	-741	-2,1 %
Andre skatteinntekter	-6 738	-1 050	-3 843	-6 971	3 129	81,4 %
Andre overføringer og tilskot frå staten	-65 128	-42 421	-114 536	-117 978	3 442	3,0 %
Overføringer og tilskot frå andre	-245 683	-177 093	-270 190	-287 124	16 934	6,3 %
Brukarbetalingar	-37 519	-36 773	-38 355	-38 468	112	0,3 %
Sals- og leigeinntekter	-82 415	-80 884	-87 095	-89 563	2 469	2,8 %
Sum driftsinntekter	-1 205 375	-	-	-1 335 273	21 160	1,6 %
		1 113 353	1 314 113			
Utgifter til løn	621 649	595 120	682 016	678 140	3 876	0,6 %
Sosiale utgifter	149 857	135 109	164 857	159 317	5 541	3,4 %
Kjøp av varer og tenester	275 388	233 512	284 094	298 934	-14 840	-5,2 %
Overføringer og tilskot til andre	54 583	33 614	62 776	63 004	-228	-0,4 %
Avskrivingar	69 953	60 506	83 842	77 459	6 383	7,6 %
Sum driftsutgifter	1 171 430	1 057 861	1 277 585	1 276 853	732	0,1 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Brutto driftsresultat	-33 945	-55 493	-36 529	-58 420	21 892	59,9 %
Renteinntekter	-8 065	-12 503	-16 056	-15 791	-265	-1,7 %
Utbytte	-6 963	-7 110	-7 910	-7 911	1	0,0 %
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	1 891	-7 300	-9 300	-12 698	3 398	36,5 %
Renteutgifter	36 850	65 203	64 305	67 859	-3 554	-5,5 %
Avdrag på lån	58 588	62 277	65 781	65 804	-23	0,0 %
Netto finansutgifter	82 302	100 567	96 821	97 263	-442	-0,5 %
Motpost avskrivningar	-69 953	-53 851	-77 468	-77 459	-9	0,0 %
Netto driftsresultat	-21 596	-8 776	-17 176	-38 617	21 441	124,8 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	662	0	0	0	0	
Avsettingar til bundne driftsfond	19 814	5	9 494	12 155	-2 661	-28,0 %
Bruk av bundne driftsfond	-21 355	-3 241	-22 275	-21 021	-1 254	-5,6 %
Avsettingar til disposisjonsfond	22 476	12 012	31 018	48 553	-17 535	-56,5 %
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-1 061	-1 070	9	0,8 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	21 596	8 776	17 176	38 617	-21 441	-124,8 %
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	

§ 5-8 Balanserekneskap

§ 5-8. Balanseregnskapet			
Tall i 1 kroner	Note	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
EIENDELER			

Årsmelding 2023

Anleggsmidler			
Varige driftsmidler:			
Faste eiendommer og anlegg	4	2 142 911 593	1 962 617 317
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	262 296 878	236 900 606
Finansielle anleggsmidler			
Aksjer og andeler (eiendeler)	5	173 009 806	170 740 573
Obligasjoner (eiendeler)			
Utlån	6	96 449 259	82 924 457
Immaterielle eiendeler		0	0
Pensjonsmidler	11	1 297 863 512	1 206 702 967
Sum anleggsmidler	2	3 972 531 048	3 659 885 920
Omløpsmidler			
Bankinnskudd og kontanter		172 965 905	243 142 115
Finansielle omløpsmidlar:			
Aksjer og andeler (omløpsmidler)	7	149 409 678	140 135 467
Obligasjoner (omløpsmidler)	7	57 503 977	54 126 160
Sertifikater			
Derivater (omløpsmidler)			
Kortsiktige fordringer			
Kundefordringer		92 007 329	57 687 093
Andre kortsiktige fordringer		24 996 080	18 935 666

Årsmelding 2023

Premieavvik (kortsiktige fordringer)		139 109 961	90 793 475
Sum omløpsmidler	1	635 992 930	604 819 975
Sum eiendeler		4 608 523 978	4 264 705 895
EGENKAPITAL OG GJELD			
<i>Egenkapital</i>			
<i>Egenkapital drift</i>			
Disposisjonsfond		-143 626 715	-96 143 717
Bundne driftsfond	13	-45 733 118	-54 599 532
Merforbruk i driftsregnskapet			
<i>Egenkapital investering</i>			
Ubundet investeringsfond		-79 444 467	-78 487 565
Bundne investeringsfond	13	-26 534 398	-26 394 819
Udekket beløp i investeringsregnskapet			
<i>Annen egenkapital</i>			
Kapitalkonto	2	-821 958 764	-766 496 721
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		-645 008	-645 008
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering			
Sum egenkapital		-1 117 942 470	-1 022 767 361
<i>Langsiktig gjeld</i>			
<i>Lån</i>			

Årsmelding 2023

Gjeld til kredittinstitusjoner	9	-727 424 805	-991 845 944
Obligasjonslån	9	-600 315 196	-600 315 196
Sertifikatlån	9	-635 110 380	-223 691 380
Pensjonsforpliktelse	11	-1 273 281 989	-1 204 659 613
Sum langsiktig gjeld	2	-3 236 132 370	-3 020 512 133
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-107 686 683	-99 326 552
Likviditetslån			
Derivater (kortsiktig gjeld)			
Annen kortsiktig gjeld		-144 120 746	-118 793 698
Premieavvik (kortsiktige gjeld)		-2 641 710	-3 306 152
Sum kortsiktig gjeld	1	-254 449 139	-221 426 402
Sum egenkapital og gjeld		- 4 608 523 979	-4 264 705 895
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidler	1,2	83 330 440	124 893 371
Andre memoriakonti		47 257 773	69 736 807
Motkonto for memoriakontiene		-130 588 213	-194 630 178
Sum memoriakonti		0	0
Sum balanse		0	0

§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar

§ 5-9. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar				
Driftsrekneskap				
Tal i kroner	Rekneskap 2023 etter strykningar	Rekneskap 2023 før strykningar	Revidert budsjett 2023	Opphavleg budsjett 2023
Netto driftsresultat	-38 616 585	-38 616 585	-17 175 624	-8 775 725
Avsetning til bundne driftsfond	12 154 871	12 154 871	9 493 540	4 897
Bruk av bundne driftsfond	-21 021 285	-21 021 285	-22 274 940	-3 241 185
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetning til disposisjonsfond	48 552 979	48 552 979	31 018 004	12 012 013
Bruk av disposisjonsfond	-1 069 980	-1 069 980	-1 069 980	0
Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Årets budsjettavvik	0	0	0	0

§ 5-9. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar				
Investeringsrekneskap				
Tal i kroner	Rekneskap 2023 etter strykningar	Rekneskap 2023 før strykningar	Revidert budsjett 2023	Opphavleg budsjett 2023

Årsmelding 2023

Sum inntekt og utgift eksklusive lån	260 466 450	260 466 450	322 248 231	289 167 957
Avsetning til bundne investeringsfond	4 560 814	4 560 814	1 261 193	0
Bruk av bundne investeringsfond	-4 421 236	-4 421 236	0	0
Budsjettert bruk av lån	-321 177 089	-321 177 089	-321 177 089	-289 167 957
Overføring frå drift	0	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	4 098 238	4 098 238	1 261 193	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-3 141 335	-3 141 335	-2 332 335	
Dekning av tidlegare års udekka	0	0	0	0
Årets budsjettavvik (udisponert beløp før strykingar)	-59 614 159	-59 614 159	1 261 193	0

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 er nye obligatoriske oppstillingar for høvesvis drifts- og investeringsrekneskapen. Formålet er dels å synleggjere kva beløpet på botnlinja i rekneskapen ville ha vore dersom eigenkapitaldisposisjonar vart gjennomførte i tråd med budsjetterte beløp og bruk av delegert mynde. Vidare skal oppstillingane vise kva årsavslutningsdisposisjonar som er blitt gjort.

§ 5-10 Faste noteopplysningar om arbeidskapitalen

§ 5-10. Faste noteopplysningar om arbeidskapitalen			
Endring av arbeidskapital basert på bevilgningsrekneskapet			
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
<i>Driftsrekneskapet:</i>			
Inntekter driftsdel	-1 335 256 781	-1 205 417 356	-1 120 015 741

Årsmelding 2023

Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel	0	0	-17 429 422
Utgifter driftsdel	1 199 273 212	1 101 477 039	1 021 534 326
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel	0	0	73 421 606
Netto driftsresultat	-135 983 569	-103 940 317	-42 489 230
Investeringsrekneskapet:			
Inntekter investeringsdel	-42 877 350	-53 155 753	-49 599 043
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar investeringsdel	-308 684 872	-240 094 280	-168 856 261
Utgifter investeringsdel	283 441 319	254 658 676	188 635 988
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar investeringsdel	164 391 406	115 337 481	26 729 096
Netto utgifter i investeringsrekneskapet	96 270 503	76 744 748	-3 090 221
Sum anskaffelse/anvendelse av midlar	-39 713 066	-27 195 569	-45 579 450
Endring i ubrukte lånemidlar	41 562 931	30 766 430	67 430 271
Endring rekneskapsprinsipp drift			0
Endring rekneskapsprinsipp investering			0

Årsmelding 2023

Endring i arbeidskapital (bevilgningsregnskapet)	1 849 865	-57 961 999	-113 009 721
---	------------------	--------------------	---------------------

Tall i 1 kroner	Endring 2023	Rekneskap 2023	Endring 2022	Rekneskap 2022
Endring av arbeidskapital basert på balanserekneskapet				
OMLØPSMIDLAR				
Endring premieavvik	48 316 486	39 262 027	9 054 459	-72 684 557
Endring kortsiktige fordringer	40 360 650	43 456 049	-3 404 186	-83 431 130
Endring aksjar og andelar	9 274 211	-59 205 784	68 479 995	-3 175 477
Endring obligasjonar og sertifikat	3 377 817	3 810 609	-432 792	-54 991 744
Endring betalingsmidlar	-70 176 210	-126 400 148	56 223 938	-130 694 239
Sum endring omløpsmidlar	31 172 954	-99 077 247	129 921 414	-344 977 147
KORTSIKTIG GJELD				
Endring premieavvik	0	0	0	0
Endring kortsiktig gjeld	-33 022 737	39 127 727	-71 959 407	74 435 078
Sum endring kortsiktig gjeld	-33 022 737	39 127 727	-71 959 407	73 435 078

Endring i arbeidskapital (balanserekneskapet)	-1 849 783	-59 949 520	57 962 007	-271 542 069
--	-------------------	--------------------	-------------------	---------------------

§ 5-13 Notar til balansen, fond

§ 5-13. Notar til balansen, fond				
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2023	Justert budsjett 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
DISPOSISJONSFOND				
Disposisjonsfond pr. 1.1	96 143 717	96 143 717	96 143 717	73 668 091
Avsett til disposisjonsfond	48 552 081	31 018 004	12 012 013	22 475 626
Bruk av disposisjonsfond	1 069 800	1 069 080	0	0
Disposisjonsfond pr. 31.12	143 626 715	126 100 741	108 155 730	96 143 717
UBUNDNE INVESTERINGSFOND				
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	78 487 565	78 487 565	78 487 565	75 792 418
Avsett til ubundne investeringsfond	4 098 238	0	0	4 830 875
Bruk av ubundne investeringsfond	3 141 335	2 332 335	0	2 135 726
Ubundne investeringsfond pr.31.12	79 444 467	76 155 230	78 487 565	78 487 564
BUNDNE INVESTERINGSFOND				
Bundne investeringsfond pr. 1.1	26 394 819	26 394 819	26 394 819	22 828 999

Årsmelding 2023

Avsatt til bundne investeringsfond	4 560 814	1 261 193	0	5 351 732
Bruk av bundne investeringsfond	4 421 236	0	0	1 785 911
Overført til bundne driftsfond	0	0	0	0
Bundne investeringsfond pr. 31.12	26 534 398	27 656 012	26 394 819	26 394 820
BUNDNE DRIFTSFOND				
Bundne driftsfond pr. 1.1	54 599 532	54 599 532	54 599 532	56 140 555
Avsett til bundne driftsfond	12 154 871	9 493 540	4 897	19 813 741
Bruk av bundne driftsfond	21 021 285	22 274 940	3 241 185	21 354 764
Overført til bundne driftsfond	0	0	0	0
Bundne driftsfond pr. 31.12	45 733 118	41 818 132	51 363 244	54 599 532

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med kommuneloven, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Dei gjeldande rekneskapsprinsipp er fastsett i Kommunelovens §14-6, samt i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsberetning kapittel 3.

Det heiter blant anna at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunens verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen skal ikkje finne stad.

Vidare skal alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar rekneskapsføres brutto. Dette gjeld også for dei interne finansieringstransaksjonane. Det betyr at det ikkje skal gjerast frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene, og inntektene skal ikkje stå fram med frådrag for eventuelle tilhøyrande utgifter.

Anordningsprinsippet inneber at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året skal takast med i årsrekneskapen for vedkommande år, anten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen avsluttast. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavslutning, skal man registrere eit estimert beløp i årsrekneskapen for vedkommande år.

Om storleiken på eit beløp er usikkert, brukes beste estimat.

For lån skal berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året førast i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, registrerast som memoriapost.

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp i 2008 og seinare skal førast direkte mot konto for prinsippendringar frå og med 2008.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost.

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til virkelig verdi.

Lån som er tatt opp etter kommuneloven [§ 14-15](#) første eller andre ledd, [§ 14-16](#), [§ 14-17](#) første ledd eller kirkeloven [§ 15](#) sjette ledd, klassifiseres i balanseregnskapet som langsiktig gjeld. Anna gjeld er kortsiktig gjeld.

Alle obligatoriske oversikter og informasjon frå eksterne partar (til dømes pensjonsleverandørar) er på bokmål.

Note 1 Endring i arbeidskapital

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Omløpsmidler	635 992 930	604 819 976	31 172 954
Kortsiktig gjeld	-254 449 138	-221 426 403	-33 022 735
Arbeidskapital	381 543 792	383 393 574	-1 849 782
DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)			2023
Netto driftsresultat			38 616 585

Årsmelding 2023

Netto utgifter/inntekter i investering			1 096 481
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)			-41 562 931
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			-1 849 865
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering			83

Note 2 Kapitalkonto

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Anleggsmidler	3 972 531 048	3 659 885 920	-312 645 128
Langsiktig gjeld	-3 236 132 370	-3 020 512 133	212 442 355
Endring ubrukte lånemidler (auke +/reduksjon-)	83 330 440	124 893 371	41 562 931
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirkar anleggsmidler			
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirkar langsiktig gjeld			
Berekna kapitalkonto	819 729 118	764 267 158	-58 639 842
Bokført kapitalkonto	-821 958 764	-766 496 721	58 639 925
Avvik	-2 229 646	-2 229 563	83

Det er eit avvik mot kapitalkonto på 2,2 mill. Dette avviket ser vi heilt tilbake til 2012. Kapitalkonto er korrekt avstemt:

Saldo kapitalkonto 1.1.2023	766 496 721
Økning av kapitalkonto (kreditposter):	

Årsmelding 2023

Aktivering fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	283 270 833
Reversert nedskrivning eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	0
Kjøp av aksjer/andeler	2 332 335
Reversert nedskrivning aksjer/andeler	0
Utlån	21 874 830
Avdrag på eksterne lån	69 970 704
Endring pensjonsforpliktelser (reduksjon)	0
Endring pensjonsmidler SPK	12 653 371
Endring pensjonsmidler KLP	78 507 174
Endring pensjonsmidler andre selskap	
Reversert oppskrivning utenlandslån	
Aktivert egenkapitalinnskudd KLP	
Oppskrivning utlån, 259900503	16 664
For lite betalt minimumsavdrag i år 2022	3 031 527
Reduksjon av kapitalkonto (debetposter):	
Salg av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	121 326
Avskrivning: Eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	77 458 958
Nedskrivning: Eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	0
Salg aksjer/andeler	0
Nedskrivning aksjer/andeler	63 102
Avdrag på utlån	8 366 692
Avskrivning på utlån	0
Bruk av lånemidler	261 562 931
Endring pensjonsforpliktelser (økning)	68 622 376

Årsmelding 2023

Endring pensjonsmidler SPK	0
Endring pensjonsmidler KLP	
Endring pensjonsmidler andre selskap	
Urealisert kurstap (oppskrivning) utenlandslån	
Saldo kapitalkonto 31.12.2023	821 958 764

Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp i 2023.

Det er heller ikkje gjort vesentlege korrigeringar av tidlegare års feil.

Note 4 Anleggsmidlar

	Tomt	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år
Bokført verdi 1.1	183 464 229	20 885 622	58 740 464	171 018 561	1 332 448 137	432 960 911
Tilgang	79 200	11 079 346	17 377 364	26 644 904	190 641 322	39 870 976
Avgang					121 326	
Avskrivninger		7 340 285	8 891 529	10 979 765	39 286 544	10 960 834
Nedskrivninger						
Reverserte nedskrivninger						
Bokført verdi 31.12	183 543 429	24 624 683	67 226 299	184 683 700	1 483 681 589	461 871 053
Utnyttbar levetid		5 år	10 år	20 år	40 år	50 år
Avskrivningsplan	Ingen	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

Spesifikasjon av vesentlege finansielle leigeavtalar

Ingen

Spesifikasjon av nedskrivningar

Ingen

Spesifikasjon av avgang

Ingen

Vurderingsreglane for balanseføring av verdiar står i §3-4 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)

- 5 år: IKT-utstyr og programvare, kontormaskinar og liknande.
- 10 år: Inventar og innreiing, større utstyr, verkty og maskinar, køyretøy og liknande.
- 15 år: Programvare
- 20 år: Brannbilar og andre større nyttekøyretøy, større anleggsmaskinar, båtar, ferjer og liknande.
- 40 år: Barnehagelokale, skolelokale, idrettshallar og idrettsanlegg, boligar og lokalar til bofellesskap, veger og parkeringsplassar, terminalbygningar, kaier og kaianlegg, forbrenningsanlegg, reinseanlegg, pumpestasjonar, høyegebasseng og leidningsnett og liknande.
- 50 år: Administrasjonslokalar, institusjonslokalar, kulturbygg, lagerbygg, brannstasjonar og liknande.
- Tomter vert ikkje avskrivne.

Note 5 Aksjar og andelar i selskap

SELSKAP	Verdi pr 31.12.23	Tal aksjar
Tussa Kraft AS (B-aksjar)	138 101 525	484
Folkestad Vassverk SA	7 500	
Furene Holding AS	31 500	126
Sunnmøre Kulturnæringshage AS	60 210	45
Dag og Tid AS	1 902	14
Volda Skisenter AS	209 000	2 090
Bygderadio Vest AS	25 823	104
LL Høydal Vassverk	6 000	3
LL Dalsbygd Vatn- og Kloakklag SA	172 720	19
Muritunet AS	40 000	40
Rovdefjordsambandet AS	25 000	5

Årsmelding 2023

Hareid fastlandssamband AS	45 806	85
Voldsfjordkryssing AS	350 000	350
Hornindal skisenter AS	202 500	
Movia Holding AS	47 500	5 985
Volda utvikling AS	30 000	30
Nordfjordbrua AS	25 000	25
Runde Forsking AS	100 000	30
Globalskolen AS	100 000	100
Hornindal kraftlag AS	1 795	18
Visit Nordfjord AS	10 780	1078
Fjord Norge AS	5 000	1
Eigenkapitalbevis i Sparebank1 Søre Sunnmøre	802 672	7 718
Eigenkapitalinnskott KLP	32 607 618	
SUM	173 009 806	

Volda kommune eig 100 % av aksjane i Volda Utvikling AS

Volda kommune eig 100 % av aksjane i Globalskolen AS

Note 6 Utlån (finansielle anleggsmidler)

Utlånt til	Utestående 31.12.2023	Utestående 01.01.2023	Tap på hovudstol	Tap påløpte renter mv.	Samla tap
Utlån finansiert med innlån					
Bustadsosiale formål (startlån)	89 244 354	75 387 327	0	0	0
Sum lånefinansierte utlån	89 244 354	75 837 327	0	0	0

Årsmelding 2023

Utlån finansiert med egne midlar:					
Sosiallån	235 897	115 928	0	0	0
Hornindal skisenter rentefritt lån	52 500	105 000	0	0	0
Forskotterte spelemidler frå drift:					
VTI Fotball	383 000	1 383 000	0	0	0
Volda Campus Sparebank1 Arena	6 413 000	27 850 000			
Forskotterte spelemidler frå investering:					
VTI Fotball	617 000	617 000	0	0	0
Volda rideklubb	4 155 172	5 416 365	0	0	0
Hornindal skisenter	1 334 000	1 334 000	0	0	0
Bratt sykkelklubb	809 000	0			
Sum eigenfinansierte utlån	13 190 569	36 768 793	0	0	0
Sum	102 434 923	112 156 120	0	0	0

Note 7 Markedsbaserte finansielle omløpsmidlar

AKTIVAKLASSE	Markedsverdi 1.1.	Kjøp/sal/flytting	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Rentepapirer	125 057 573		6 007 410	131 064 983

Årsmelding 2023

Aksjefond	15 077 894		3 266 801	18 344 695
Egenkapitalbevis	802 672	-		802 672
Sertifikater				-
Obligasjoner	54 126 160		3 377 817	57 503 977
SUM	195 064 299		12 652 028	207 716 327

Finansielle omløpsmidlar, portefølje fordelt på forvaltar

Odin	IB 01.01.2023	UB 31.12.2023	Kjøp/sal/flytting	Avkastning 2023
Odin Norge A	2 852 984	3 234 841		381 857
Odin Global A	9 251 962	11 501 500		2 249 538
Odin Norden A	1 843 170	2 242 685		399 515
Odin Eigedom A	1 129 778	1 365 669		235 891
Sum aksjefond	15 077 894	18 344 695		3 266 801
Odin Europeisk Obligasjon A	26 654 820	28 362 578		1 707 758
Odin Norsk Obligasjon A	27 471 340	29 141 399		1 670 059
Sum obligasjonar	54 126 160	57 503 977		3 377 817
Odin Likviditet A	125 057 573	131 064 983		6 007 410
Sum renter	125 057 053	125 057 573		6 007 410
Sum portefølje Odin	194 261 627	206 913 655		12 652 028
Egenkapitalbevis Sparebank1	802 672	802 672		46 848
Samla gevinst				15 052 846

Samla tap				2 353 970
Avkastning 2023				12 698 876

Samla avkastning på porteføljen i 2023 er kr 12 698 876,-

Note 8 Sikring av finansielle eigendelar og forpliktelsar

Volda kommune har ingen sikringar etter §5-11, e pr 31.12.2023.

Rentesikring

Renteutgiftene på kommunens lånegjeld sikres i samsvar med gjeldende reglement for finans- og gjeldsforvaltningen.

Langsiktig gjeld med fast rente:

Lån nr	Volum (mill kr)	Siste forfall	Rentebinding til	Rente	Finansreglement
Kommunalbanken 20190371	220 mill kr	sep. 29	sep. 29	1,98 %	kap. 7,5
KLP 83175689411	137,2 mill kr	mars 25	mars 25	1,86 %	kap 7,5
DNB NO0012913922	216,7 mill kr	mai 27	mai 27	3,99 %	kap 7,5

Rentebytteavtale (rente-SWAP)

Ein rentebytteavtale er ei avtale om å bytte vilkår på lån eller innskot. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente.

Rentebytteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna.

Volda kommune har ingen aktive rentebytteavtale (renteswapp) pr 31.12.2023.

Note 9 Langsiktig gjeld

Årsmelding 2023

Låneporteføljen til Volda er fordelt mellom Husbanklån, ordinære lån med både fast og p.t rente, sertifikatlån og obligasjonslån:

Eksterne lån	Bokført verdi 01.01.23	Endring i året	Bokført verdi 31.12.23
Obligasjonslån	600 315 196	0	600 315 196
Sertifikatlån	223 691 380	411 419 000	635 110 380
Andre lån	888 600 138	-280 254 918	608 345 220
Husbanklån	103 195 806	16 100 408	119 296 214
Lånegjeld Volda	1 815 802 520	147 264 490	1 963 067 010

Nøkkeltal i låneporteføljen 31.12.2023

Lån med forfall i 2024	635 170 095
Herav lån som må refinansierast	635 170 095
Langsiktig gjeld med fast rente	573 907 887
Langsiktig gjeld med flytande rente	1 389 159 123
Rentebindingstid	1,26 år
Vekta gjennomsnittrente	4,35 %
Kapitalbinding	3,79 år

Rentebindingstid:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser tida renta på sertifikat, lån og obligasjonar er fast. Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege renteinnbetalingar har ei rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser tida det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Til høgare tal, til mindre er Refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Avdrag formidlingslån

Avdrag formidlingslån (Husbank)	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Avdrag på innlån ordinære avdrag	4 166 231	4 438 083
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	3 099 290	3 565 821
Betalt avdrag og avsetning til fond for nedbetal	7 265 521	8 003 904
Avdrag på utlån ordinære avdrag	-2 528 260	-2 828 619
Avdrag på utlån ekstrarodinære avdrag	-4 560 814	-5 351 732
Mottatt avdrag på utlån	-7 089 074	-8 180 351
Avvik		
Fond nedbetaling Husbanken	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Inngående balanse per 01.01	-18 256 625	-14 690 804
Ekstraordinært avdrag (nedbetaling lån)	-	-
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	-3 099 290	-3 565 821
Utgåande balanse 31.12.	-21 355 915	-18 256 625

Bokføring av avdraga for formidlingslån frå Husbanken, både innlån og utlån, ordinært og ekstraordinært skjer i investeringsrekneskapen. Fondsavsetjing nedbetaling Husbanken skal brukast til ekstraordinært avdrag på innlån.

Langsiktige bindingar utover langsiktig gjeld

Leigeavtalar for hus (husleigeavtalar)

I 2023 hadde Volda kommune kr. 11 619 239,- i leigeutgifter der kommunen er leietakar.

Kr 1 534 430 av betalt husleige gjeld leigde lokale for det interkommunale barnevernet.

Leigeavtalar for grunn (festeavgift)

Volda kommune betalte kr 865 721 i grunnleige (festavgift) i 2023 basert på 33 ulike avtalar.

Finansiell leasing

Leasingavtalar som vert definerte som finansielle, skalførast i investeringsrekneskapen under føresetnad av at dei har ein totalverdi på kr 100 000 eller meir. Volda kommune har ikkje hatt finansielle leasingavtalar i 2023.

Operasjonell leasing

Leasingavtalar som ikkje vert definerte som finansielle, er operasjonelle og skalførast i driftsrekneskapen.

Volda kommune har registrert 70 leasingsavtalar med restverdi pr. 31.12.2023. Av desse gjeld 6 avtalar leasing av bilar, 53 gjeld leasing av kopimaskinar, 8 gjeld leasing av kaffimaskinar og 1 leasing av vatnkjøl, 1 leasing av ein massasjestol og 1 gjeld leasing av infotavle.

Note 10 Minimumsavdrag

Etter berekningar skal Volda kommune betale kr 65 802 119 i minimumsavdrag i år 20223.

Minimumsavdraget vert rekna ut etter ei vekting av bokført verdi av anleggsmidlar, lånegjeld og avskrivningar i året:

Forholdet mellom betalte avdrag og minimumsavdrag	År 2023	År 2022
Sum avskrivningar i året	77 458 958	69 953 099
Sum lånegjeld (utan Husbanklån) pr 01.01.	1 712 656 714	1 543 706 714
Avskrivbare anleggsmiddel pr 01.01.	2 016 053 674	1 843 146 544
Berekna minimumsavdrag	65 802 119	58 588 433

Årsmelding 2023

Utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen	65 804 473	58 588 433
Avvik	2 354	

Volda kommune har betalt inn nok minimumsavdrag i år 2023.

Note 11 Pensjon

Volda kommune har kollektive pensjonsordningar i Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsebasert pensjon for dei tilsette.

Premiefond	År 2023	År 2022
Innestående på premiefond 01.01.	68 825 695	92 607 979
Tilført premiefondet i løpet av året	0	0
Bruk av premiefondet i løpet av året	30 064 364	23 782 284
Innestående på premiefond 31.12.	38 761 331	68 825 695

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midler på premiefondet kan bare brukes til fremtidig premiebetaling. Premiefondet fremgår ikke av kommuneregnskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremier.

Volda kommune brukte i 2023 kr. 30 064 364 av premiefondet. Pr 31.12.2022 er det kr. 38 761 331 på premiefondet.

Beregningsforutsetninger	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,0 %	3,5 %
Diskonteringsrente	3,5 %	3,5 %
Forventet årlig lønnsvekst	2,48 %	2,48 %

Årsmelding 2023

Forventet årlig G og pensjonsregulering	2,48 %	2,48 %
---	--------	--------

Pensjonskostnad og premieavvik	År 2023	År 2022
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	61 638 875	60 617 962
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	43 493 542	35 420 727
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-48 230 085	-39 893 480
Administrasjonskostnad	3 118 423	2 887 173
Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm.kostnad)	60 020 755	59 032 382
Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnad)	117 883 481	81 248 556
Årets premieavvik	57 862 726	22 216 174

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen	År 2023	År 2022
Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnad)	117 883 481	81 248 556
Årets premieavvik	-57 862 726	-22 216 174
Amortisering av tidlegare års premieavvik	14 934 726	13 458 401
Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering	74 955 410	72 490 783
Pensjonstrekk tilsette	-11 580 291	-10 486 712
Årets rekneskapsførte pensjonsutgifter	63 375 119	62 004 071

Årsmelding 2023

Akkumulert premieavvik	År 2023	År 2022
Sum gjenstående premieavvik tidlegare år	76 868 107	68 110 379
Årets premieavvik	57 862 726	22 216 174
Sum amortisert premieavvik dette året	14 934 726	13 458 401
Akkumulert premieavvik pr 31.12	119 796 178	79 868 152
Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik	16 891 261	10 838 409
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	136 687 439	87 706 561

Volda kommune hadde i år 2023 eit samla positivt premieavvik på kr. 57 862 726. Amortisering av tidlegare års premieavvik er rekneskapsført med ein kostnad på

kr. 14 934 655,-. Samla sett påverkar dette rekneskapen til Volda kommune med ei inntekt på kr. 49 928 071,-

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting	År 2023	År 2022
Brutto pensjonsforplikting pr 01.01	1 204 912 122	1 118 497 381
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapital)	5 736 575	29 545 420
Virkning av planendring	0	0
Årets pensjonsopptening	61 638 875	60 617 962
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	43 493 542	35 420 727
Utbetalningar	-42 246 617	-39 169 367
Brutto pensjonsforplikting 31.12	1 273 534 497	1 204 912 123
Brutto pensjonsmidlar 01.01	1 206 702 967	1 124 284 617
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapital)	-29 587 980	3 332 854
Virkning av planendring	0	0

Årsmelding 2023

Innbetalt pensjonspremie (inkl. ad.kostnad)	117 883 481	81 248 556
Administrasjonskostand/rentegaranti	-3 118 423	-2 887 173
Utbetalinger	-42 246 617	-39 169 367
Forventa avkastning	48 230 085	39 893 480
Brutto pensjonsmidlar 31.12	1 297 863 513	1 206 702 967
Netto pensjonsforplikting 31.12	-24 329 016	-1 790 840
<i>Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting*</i>	<i>-3 430 391</i>	<i>-252 509</i>

*Det vert berre avsett arbeidsgjevaravgift av pensjonsordningar med netto underdekning, dvs. at pensjonsforplikting overstig pensjonsmidlar. Tabellen under viser pensjonsforplikting, pensjonsmidlar og avsett arbeidsgjevaravgift pr pensjonsordning.

Netto pensjonsforplikting pr ordning 31.12.23	KLP felles	KLP sjukepl.	KLP folkev.	SPK	Sum
Brutto pensjonsforplikting	1 001 648 209	159 031 532	8 245 454	104 609 302	1 273 534 497
Brutto pensjonsmidlar	1 039 915 180	177 159 629	10 024 883	70 763 822	1 297 863 514
Netto pensjonsforplikting (+)/netto pensjonsmidlar (-)	-38 266 971	-18 128 097	-1 779 429	33 845 480	-24 329 017
<i>Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting</i>	<i>-5 395 643</i>	<i>-2 556 062</i>	<i>-250 899</i>	<i>4 772 213</i>	<i>-3 430 391</i>
Sum bokført netto pensjonforplikting	-38 266 971	-18 128 097	-1 779 429	33 845 480	-24 329 017

Note 12 Kommunen sitt garantiansvar

Garanti gitt overfor	Type garanti	Opprinneleg garantiansvar/l år	Beløp 31.12.20 23	Vedta k	Formål	Garantien sin utløpstidspu nkt
Bratt sykkelklubb	Simpel	1 200 000	118 603	Sak 49/20	Terrengsykelsti	12.05.2030
Volda skisenter AS	Sjølvskyldn ar	1 615 000	1 414 395		Varmestove	10.10.2036
Volda skisenter AS	Sjølvskyldn ar	3 795 000	2 915 488	Sak 26/22	Ventilasjonsanle gg, asfalt m.m	15.07.2035
Volda Rideklubb	Sjølvskyldn ar	6 000 000	2 268 750	Sak 50/20	Ridehall	24.02.2048
Volda Rideklubb	Sjølvskyldn ar	1 597 441	1 454 790	Sak 09/21	Stallanlegg	03.05.2049
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldn ar	50 000 000	46 575 350	Sak 07/19	Idrettshall	07.12.2057
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldn ar	5 000 000	4 816 550	Sak 07/19	Idrettshall, Grønn rente	09.12.2058
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldn ar	40 000 000	37 618 241	Sak 07/19	Idrettshall	25.02.2058
Volda småbåtlag	Simpel	1 000 000	453 317	Sak 64/14	Båthamn	11.04.2029
Mork Grendahuslag	Simpel	421 342	184 808			27.02.2029
Øyra barnehage	Simpel	15 800 000	6 934 011	Sak 37/11 og 86/12	Barnehage	07.11.2033

Årsmelding 2023

Volda Turn og Idrettslag Allid	Sjølvskyldnar	3 270 000	512 889	Sak 94/15	Tilbygg klubbhus	15.05.2027
Volda Turn og Idrettslag Allid	Sjølvskyldnar	2 000 000	0			13.11.2023
Volda Turn og Idrettslag Fotball	Simpel	7 031 246	5 596 383	Sak 68/19	Nytt dekke, garderone, lager m.m	15.12.2038
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	3 000 000	550 000	Sak 33/12	Anlegg	25.04.2029
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	800 000	140 000			27.03.2027
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	9 200 000	3 105 000			27.03.2037
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	11 300 000	2 582 830			01.11.2027
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	60 600 000	24 757 320			30.06.2040
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	1 750 000	1 391 845	Sak 33/12	Gravplassar	02.11.2054
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	600 000	212 924			19.05.2029
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	2 000 000	898 248			19.11.2031

Årsmelding 2023

Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	1 690 000	1 478 743	Sak 124/16	Orgel, brannsikring, Dalsfjord hovudinngang m.m	02.01.2055
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	2 852 000	2 614 334	Sak 64/14	Dalsjord kyrkjegard	15.12.2056
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	8 111 310	6 534 070			21.06.2052
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	1 600 000	0	Sak 84/23	Volda kyrkje rampe, orgel m.m	Ikkje påbegynt. Lån januar 2024
Volda KFUK-KFUM	Simpel	10 500 000	7 170 726	Sak 103/14	Renovering Uppehim	12.12.2037
Hjellbakkane Barnehage Stiftelse	Simpel	1 000 000	513 571	Sak 96/10	Barnehage	01.05.2033
Fyrlykta Kulturhus SA	Simpel	300 000	27 646	Sak 64/14	Ferdiggjering av kulturshus	11.09.2024
Rotset barnehage	Simpel	6 500 000	5 502 640	Sak 160/13	Barnehage	02.07.2039
Sum garantiar/lån ved kausjon		310 583 339	168 343 472			

Volda kommune har ikkje hatt tap på garantiar i år 2023.

Note 13 Bundne fond

Bundne fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Bevegelse	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	33 015 997	-10 257 423	22 758 573
Sjølvcostfond	11 028 100	406 880	11 434 980
Næringsfond/Kraftfond	9 314 028	668 342	9 982 370
Gavefond	1 241 412	315 787	1 557 199
Sum bundne driftsfond	54 599 537	-8 866 414	45 733 122
Bundne investeringsfond	26 394 819	139 579	26 534 398
Sum bundne fond	80 994 356	-8 726 835	72 267 516

Note 14 Resultat for gebyrfinansierte kommunale sjølvcosttenester

Sjølvcostkalkylen for 2023 er utarbeidd i samarbeid med Momentum Solutions AS som har meir enn 15 års erfaring med sjølvcostproblematikk og brei erfaring rundt alle problemstillingar knytt til sjølvcost. Sjølvcostmodellen Momentum Sjølvcost Kommune blir brukt av fleire enn 280 norske kommunar.

Samlet etterkalkyle 2023

Etterkalkylene for 2023 er basert på regnskap datert 13. februar 2024

Etterkalkyle selvkost 2023	
Direkte driftsutgifter	
Avskrivningskostnad	
Kalkulatorisk rente (4,3 %)	
Indirekte driftsutgifter (netto)	
Indirekte avskrivningskostnad	
Indirekte kalkulatorisk rente	
Driftskostnader	
- Øvrige driftsinntekter	
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	
Gebyrinntekter	
Selvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	
<i>Finansiell dekningsgrad i %</i>	
Selvkostfond 01.01	
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	
Selvkostfond 31.12	

Det er avvik mellom beløp på sjølvkostfond frå Momentum og i Visma.

2023	Visma	Momentum	Avvik
Vatn	507 816	-825 168	-317 352
Avløp	-1 320 983	360 431	-960 552
Feiing	406 287	-472 533	-66 246

Avviket mellom sjølvkostutrekning i Momentum og kommunen sitt driftsregnskap skuldast to forhold:

1. Avvik skuldast at sjølvkostutrekning baserer seg på "nettometoden", medan driftsrekneskapen baserer seg på "bruttometoden"
2. Indirekte kalkulatoriske avskrivnings- og rentekostnadat som er belasta sjølvkostrekneskapen frå gamle Hornindal kommune.

Note 15 Sal av aksjar

Volda kommune har ikkje selt aksjar i 2023.

Note 16 Ytingar til leiande personar

Lønsopplysingane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle. For nye Volda kommune er det vedteke at varaordførar skal ha 40% stilling, tidlegare utgjorde dette ei 10 % stilling.

	Brutto lønn	Fast godtgjersle	Bonus	Eventuelt annen tilleggsgodtgjersle
Kommunedirektør	1 423 900			
Ordførar		1 107 190		
Varaordførar (40%)		442 876		

Årsmelding 2023

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle.

	2023	2022	2021	2020
Godtgjersle ordførar	1 107 190	1 054 318	988 000	988 000
(100% still, 50% lønn)				
Godtgjersle varaordførar (40%)	442 876	421 727	395 200	395 200
Løn kommunedirektør (100%)	1 423 900	1 349 700	1 304 700	1 264 200

Årsverk

Sektor	Ansatte årsverk	Antall	Kvinner	Menn
Administrasjonsstab	9,6	11	9	2
Personalavdeling	27,5	32	27	5
Økonomiavdeling	5,5	6	5	1
Oppvekst	377,9	432	359	73
Helse og omsorg	320,8	478	397	81
Politisk verksemd	1,4	2	1	1
Samfunnsutvikling	100,6	165	53	112
Volda kommune	843,2	1126	851	275

Stillingstørrelsegruppe	Antall	Kvinner %	Menn %	Antall kvinner	Antall menn
0-24 %	134	49 %	51 %	66	68
25-49 %	79	75 %	25 %	59	20

Årsmelding 2023

50-74 %	184	83 %	17 %	188	20
75-99 %	208	90 %	10 %	188	20
100 %	511	74 %	26 %	377	134
Volda kommune	1 116			842	274

Det er differanse mellom antal tilsette i første tabell og i andre tabell (1126 og 1116). Årsaka er at ved oppteljing av antal personar i deltidsstilling så har ein sett vekk i frå dei som har splitta stillingar (dei tel her som berre 1 person). I første tabell så tel ein person som har delt stilling mellom to ulike avdelingar/sektorar som 2 personar.

Note 17 Godtgjersle til revisor

	Godtgjersle
Revisjon	733 275
Rådgjeving	9 600
Sum	742 875

I honorar til revisjon inngår både rekneskapsrevisjon inkludert forenkla etterlevelseskontroll, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, attestasjon og uttalelesar frå revisor.

Note 27 Usikre pliktar , betinga eigendeler og hendingar etter balansedagen

Volda kommune har ikkje bokført nokre usikre pliktar pr. 31.12.2023.

Note 28 Skatteutgifter

Volda kommune har ingen skatteutgifter for inntekter knytt til avfallshandsaming 2023.

Note 29 Vesentlege postar